## Grensejustering – Norddal og Eidsdal

## VEDLEGG

1. Søknad
2. a)Innspel frå Arne Sandnes, b)Innspel frå Knut Hove
3. Sjekkliste
4. Faktagrunnlag
5. Rapport frå Telemarksforsking
6. Resultat frå innbyggarhøyring
7. Høyringsuttale frå Norddal kommune
8. Høyringsuttale frå Fellesnemnda nye Fjord
9. Høyringsuttale frå Stranda kommune
10. Høyringsuttale frå Stordal kommune
11. Høyringsuttale frå Kartverket
12. Høyringsuttalle frå Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesutvalet
13. Høyringsuttale frå søkarane
14. a)Brev frå Norddal om grensejustering eller deling, b)Svar frå KMD på grensejustering eller deling, c)epost til Arne Sandnes frå KMD

Vedlegg 1

# SØKNAD OM GRENSEJUSTERING

## BYGDENE NORDDAL OG EIDSDAL FRÅ NORDDAL TIL STRANDA KOMMUNE



29. JUNI, 2016

## INNHALD


1. SØKNADEN I KORTVERSJON ........ 3

2. GRUNNLAGSINFORMASJON ........ 7

GEOGRAFI OG SAMFERDSLE ........ 7

FOLKETAL ........ 8

NÆRINGSLIV ........ 8

3. PROSESSEN I KORTE TREKK, FORHOLDET TIL KOMMUNANE OG FYLKESMANNEN ........ 11

MEIR OM FORHOLDET TIL NORDDAL KOMMUNE ........ 12

FORHOLDET TIL STRANDA KOMMUNE ........ 13

FORHOLDET TIL FYLKESMANNEN ........ 13

4. FOLKELEG STØTTE TIL SØKNADEN ........ 14

HOVUDRESULTAT FØRSTE FOLKERØYSTING – KVA ER DET BESTE FOR BYGDENE? ........ 14

HOVUDRESULTAT ANDRE FOLKERØYSTING OM SØKNAD OM GRENSEJUSTERING ........ 16

NORDDAL KOMMUNE SI FOLKERØYSTING ........ 17

ARBEIDSGRUPPA SI TOLKING AV FOLKERØYSTINGANE ........ 17

5. ARBEIDSGRUPPA SINE VURDERINGAR AV EI GRENSEJUSTERING SETT I FORHOLD TIL MÅLSETTINGA MED KOMMUNEREFORMA ........ 19

GODE OG LIKEVERDIGE TENESTER TIL INNBYGGJARANE ........ 19

HEILSKAPLEG OG SAMORDNA SAMFUNNSUTVIKLING ........ 19

BEREKRAFTIGE OG ØKONOMISK ROBUSTE KOMMUNAR ........ 20

STYRKA LOKALDEMOKRATI ........ 20

6. KARTGRUNNLAG ........ 21

VERBAL SKILDRING AV NY GRENSE ........ 21

KARTVEDLEGG ........ 21

# 1 SØKNADEN I KORTVERSJON

Under føresetnad av at Stranda kommune held fram som sjølvstendig kommune, søkjer vi med dette om grensejustering slik at bygdene Norddal og Eidsdal endrar kommunetilknyting frå Norddal til Stranda kommune.

Vi ber om at søknaden vert sett i samanheng med kommunereforma. Fylkesmannen har også oppmoda om at initiativ som dette vert sett inn i ein slik samanheng. Den bør då også sjåast i lys av at kommunestyret i Norddal den 23. juni i år gjorde endeleg vedtak i kommunereformsaka. I eit vedtak i to punkt vedtek kommunestyret å halde fram som sjølvstendig kommune med same kommunegrenser som i dag (KS-049/16). Kommunestyret i Stranda har også gjort endeleg vedtak. I punkt ein seier kommunestyret nei til ei samanslåing med Sykkylven kommune. I punkt to i vedtaket seier Stranda kommune seg open for nye forhandlingar med ein eller fleire kommunar i framtida (KOM-059/16).

1. januar, 2016 budde 477 personar i bygdene Eidsdal og Norddal, 327 i Eidsdal og 150 i Norddal. Med dette utgjer befolkninga i dei to bygdene 29 prosent av befolkninga i kommunen. Totalt innbyggjartal i Norddal kommune var på same tidspunkt 1652 personar (Kjelde: SSB).




**Figur 1 gir ein oversikt over forslaget til nye grenser mellom Stranda og Norddal etter eventuell grensejustering.**

Figur 1 over gir eit oversyn over korleis vi ser føre oss dei nye grenselinene mellom Stranda og Norddal. Grensene følgjer prinsippet om deling midtfjords, og følgjer elles grensene for landbrukseigedom der gardane tilhøyrande Norddal og Eidsdal vert del av Stranda kommune. Avsnitt 6 «Kartgrunnlag» gir ein meir detaljert oversikt og ei grundigare skildring av dei nye grensene.

Denne søknaden er ført i pennen av arbeidsgruppa som er valt av innbyggjarane til dette føremålet, men søknaden er gjort på vegner av eit klart fleirtal i dei to bygdene. Tabell 1 viser prosentandelen av dei som røysta frå Norddal og Eidsdal som støtter ein søknad om grensejustering i den andre folkerøystinga vi har gjennomført. Ettersom utfallet av kommunereformprosessane i kommunane Stranda og Norddal ikkje var klare

på tidspunktet for vår folkerøysting og utfallet av kommunereformarbeidet i det store og heile ikkje vil vere klar før seinare, måtte innbyggjarane halde seg til svært mange alternativ.

Trenden er likevel klar. Dersom Stranda held fram som eigen kommune er det eit overveldande fleirtal for å søkje om grensejustering, slik at Eidsdal og Norddal vert del av Stranda kommune. Heile 82 prosent ønskjer å søkje om grensejustering dersom utfallet av kommunereformprosessen blir slik at både Stranda og Norddal vert ståande åleine, slik begge desse kommunane no legg opp til. Det er truleg også eit forholdsvis klart fleirtal for å søkje om grensejustering dersom Stranda og Sykkylven slår seg saman/vert slått saman. Vi opplever likevel usikkerheita i denne saka som såpass stor at vi vel å ikkje søkje om grensejustering dersom ei samanslåing av Stranda/Sykkylven vert utfallet av kommunereformprosessen. Meir om folkeleg støtte til arbeidsgruppa sitt arbeid med søknaden finn de i avsnitt 4.

**Tabell 1 viser kor stor del av innbyggjarane i bygdene Norddal og Eidsdal som meiner ein skal søkje om grensejustering gitt ulike utfall i kommunereformprosessen for Stranda og Norddal. 225 personar svarte på undersøkinga. Av desse var 18 personar under 18 år. Til samanlikning hadde 388 personar røysterett i dei to bygdene ved kommunevalet 2015.**

| | Dersom Stranda held fram som eigen kommune | | | | Dersom Stranda går saman med Sykkylven | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Skal vi søkje om grense-justering? | Norddal åleine | Norddal og Stordal | Norddal, Stordal, Ørskog | Norddal, Stordal, Ørskog og Skodje | Norddal åleine | Norddal og Stordal | Norddal, Stordal, Ørskog | Norddal, Stordal, Ørskog og Skodje |
| Ja | 82 % | 70 % | 73 % | 79 % | 55 % | 49 % | 50 % | 54 % |
| Nei | 11 % | 13 % | 17 % | 14 % | 27 % | 30 % | 27 % | 29 % |
| Veit ikkje | 7 % | 17 % | 10 % | 7 % | 17 % | 21 % | 23 % | 17 % |
| Totalt: | 100 % | 100 % | 100 % | 100 % | 100 % | 100 % | 100 % | 100 % |

Arbeidsgruppa ser fordelar og ulemper med å endre kommunetilknyting, slik det går fram av utgreiinga som ligg ved. Samla sett meiner vi likevel fordelane er større enn ulempene. Som tabell 1 viser, deler eit klart fleirtal av befolkninga i bygdene dette synet. Vi vil særleg framheve følgjande forhold som hovudargument for søknaden:

- **Ei naturleg geografisk eining:** Bygdene Norddal, Eidsdal og Geiranger dannar geografisk og i forhold til samferdsle ei naturleg eining
- **Like og supplerande næringar:** Norddal/Eidsdal og Geiranger/Stranda har delvis like og delvis supplerande næringar. Landbruksnæringa står sterkt i Eidsdal/Norddal og i Stranda generelt, medan særleg Geiranger er truga av attgroing. Geiranger er ein motor i norsk reiseliv. Norddal og Eidsdal har småskala reiselivsprodukt og ei gryande reiselivsnæring som framleis kan utviklast mykje og auke den samla verdiskapinga i området. Det bør også vere mogleg å hente ut større synergiar mellom landbruket i området og den sterke næringsmiddelindustrien på Stranda.
- **Tett samarbeid som kan utviklast:** Norddal, Eidsdal og Geiranger samarbeider tett, særleg innanfor idrett og kultur, men òg på andre felt. Vi meiner det er eit unytta potensial for å ta ut gevinstar av endå tettare samarbeid som samla kan gjere området meir attraktivt. Som døme kan nemnast:
    - Alle tre bygdene har store areal inne i verdsarvområdet. Både stat, fylke og kommunar har forplikta seg til å ta vare på områda for framtida. Heilskapleg ivaretaking og utvikling av heile verdsarvområdet er avgjerande for at ein skal lukkast. Vi meiner dette er lettast å få til under felles kommunal paraply.
    - Arealplanlegging. Ei samanslåing vil opne for fleire moglegheiter, og *kan* gje løysingar på nokre utfordringar ein har i dag.
    - Tryggleik og beredskap. Rastrusselen frå Åkneset gjev dei tre bygdene utfordringar som lettast kan løysast ved å sjå området i ein heilskap
    - Samferdsle. Alle tre bygdene er avhengige av den same ferja vinterstid. For alle vil heilårsveg austover ha stor betydning. Likeeins andre trafikk- og samferdsletiltak i området

- Felles hamneområde kan gi nye løysingar for cruisetrafikken. Mindre belasting på Geiranger. Stort potensial i dei to andre bygdene
- **Betra lokaldemokrati og politisk styring:** Lokaldemokratiet i Norddal kommune har over tid mista legitimitet og oppslutning blant folk i Norddal og Eidsdal. Tilliten er brote. Signala om dette er svært sterke over tid og har mellom anna kome fram gjennom:
  - Sterk auke av stemmer til «Norddalslista» i 2007 som var største parti i kommunen i 2007 og 2011.Partiet er ikkje ei bygdeliste, men utgjorde ein opposisjon mot fleirtalspolitikken i kommunen.
  - Aukande konflikt mellom bygdene på nordsida og sørsida av fjorden
  - Underskriftskampanje for å få fram folkemeininga om prioritering av økonomien til idrettshall
  - Sterk oppslutning i Norddal og Eidsdal om initiativ om oppretting av privatskule (1. – 10 kl.) i Eidsdal
  - Størst prosentvis blanke stemmer i heile landet ved kommunevalet 2015
  - Sterk støtte til å utgreie moglegheiter for ny kommunetilknyting for Norddal og Eidsdal
  - I den lokale arbeidsgruppa si første folkerøysting ser berre 13 av 211 personar ei framleis tilknyting til eit sjølvstendig Norddal kommune som det beste alternativet for bygdene Norddal og Eidsdal i framtida.
  - I den andre folkerøystinga ønskjer 82 prosent av innbyggjarane at det vert søkt om grensejustering dersom kommunane Stranda og Norddal vert ståande åleine i kommunereformarbeidet.
- **Framtidsretta og føreseielege kommunale tenester:** I eit lengre perspektiv bør det vere potensial for meir framtidsretta kommunale tenester dersom dei tre bygdene er i same eining og det er mogleg å sjå desse tre i ein heilskap, innanfor til dømes helse, tekniske tenester og eldreomsorg. I dette ligg òg auka føreseielegheit for tenestene
- **Større og meir kompetente fagmiljø:** Ein større kommune kan gjere det lettare å byggje opp større fagmiljø. Dette kan òg bidra til å behalde fleire arbeidsplassar i kommunen og lokalt.

Samla sett ser vi klare gevinstar med å samle bygdene Eidsdal, Norddal og Geiranger i Stranda kommune. Det er også dette denne søknaden handlar om. Vi vil likevel streke under at både arbeidsgruppa og eit fleirtal av befolkninga i Eidsdal og Norddal, meiner den beste løysinga hadde vore at heile Norddal kommune slår seg saman med Stranda. Norddal kommune forkasta likevel tidleg i prosessen dette alternativet.

Vi legg ved grunnlagsdokument som viser faktagrunnlaget og vurderingar søknaden er tufta på. Desse er:

- Vedlegg 1: Utgreiinga «Kommunereform. Utgreiing av alternativ knytt til bygdene Norddal og Eidsdal inn i Stranda kommune». Utgreiinga ser på fordelar og ulemper med ei ny kommunetilknyting for bygdene Norddal og Eidsdal.
- Vedlegg 2: Resultat frå første folkerøysting i regi av arbeidsgruppa: «Kommunereform. Kva meiner innbyggjarane i bygdene Norddal og Eidsdal om kommunetilknyting for framtida?»
- Vedlegg 3: Resultat frå andre folkerøysting i regi av arbeidsgruppa: «Kommunereform. Skal bygdene Norddal og Eidsdal søkje om grensejustering og verte del av Stranda kommune?»

Vedlegga er å rekne som ein del av søknaden.

Vi meiner dokumenta gir eit grundig grunnlag for søknaden om grensejustering og ser det ikkje som føremålstenleg å gjenta alt som står i grunnlagsdokumenta. Vi tek likevel delvis opp att hovudpunkt i dokumenta nedanfor, for å gi ein oversikt og eit heilskapleg bilete i denne søknaden. I det følgjande tek vi føre oss fem tema

1. Grunnlagsinformasjon
2. Prosessen i korte trekk, forholdet til kommunane og Fylkesmannen

3. Folkeleg støtte til søknaden
4. Arbeidsgruppa sine vurderingar av grensejustering sett i forhold til målsettingar i kommunereforma
5. Kartgrunnlag for søknaden

Dersom det er behov for ytterlegare dokumentasjon eller informasjon kan de ta kontakt med leiar for arbeidsgruppa Merete Løvoll Rønneberg på telefon 993 76 585 eller e-post merete@verdsarvfjord.no.

Arbeidsgruppa 29. juni, 2016

Merete Løvoll Rønneberg (leiar) Frode Rønneberg Knut Grønningsæter Else Ragni Yttredal

## 2. GRUNNLAGSINFORMASJON

I det følgjande gir vi bakgrunnsinformasjon vi meiner dannar eit viktig grunnlag for søknaden. Grunnlagsinformasjonen viser at:

- Bygdene Norddal, Eidsdal og Geiranger utgjer ei naturleg geografisk eining understøtta av felles samferdsleløysingar og - utfordringar, men høyrer no til kvar sine kommunar noko som er uheldig
- Folketalsnedgangen i Norddal kommune er stor, og spesielt stor i dei minste bygdene. Det er grunn til å gjere grep både for kommunen og for bygdene Eidsdal og Norddal
- Næringsstrukturen i Eidsdal og Norddal er delvis lik og delvis utfyllande i forhold til bygda Geiranger og Stranda kommune. Dette gir ei endra kommunetilknyting potensial for vekst.

Meir utfyllande bakgrunnsinformasjon er å finne i utgreiinga som ligg i vedlegg.

### GEOGRAFI OG SAMFERDSLE

Norddal kommune ligg inst i Storfjorden og omfattar bygdene Eidsdal, Fjørå, Tafjord, Valldal og Norddal. Kommunesenteret ligg på Sylte i Valldal. Bygdene Fjørå, Tafjord og Valldal er knytt saman med fylkesveg 92 på nordsida av fjorden (Norddalsfjorden og Tafjorden). Bygdene Eidsdal og Norddal er knytt saman med fylkesveg 91 på sørsida av fjorden. Eidsdal og Norddal er knytt til kommunesenteret Valldal med ferje Eidsdal – Linge som tek om lag ti minutt.




Figur 2: Kartutsnittet viser kommunegrenser for Norddal kommune (sjøarealet kjem ikkje fram)), bygder og vegar i Norddal kommune og geografi i forhold til bygda Geiranger og kommunesenteret Stranda i Stranda kommune. Kjelde: Google maps.

Bygdene Geiranger (Stranda kommune), Norddal og Eidsdal er knytt saman med riksveg 63 og fylkesveg 91 og er vinterstid avhengige av ferje Eidsdal – Linge for å kome til andre bygder og tettstader. Om sommaren er riksveg 63 over Grotli open mot Skjåk og Stryn. For å kome til kommunesenteret Stranda i Stranda kommune er

innbyggjarar i Eidsdal, Norddal og Geiranger avhengige av to ferjer: Eidsdal – Linge og Liabygda – Stranda, kvar på om lag ti minutt.

Planlagt tunnel mellom Indreeidsdalen i Norddal kommune og Korsmyra i Stranda kommune vil betre og sikre framkommelegheit mellom Eidsdal/Norddal og Geiranger. Etter planen byrjar arbeidet med tunnelen i 2017.

## FOLKETAL

Norddal kommune hadde per 1. januar 2016 1.652 innbyggjarar (Kjelde: SSB) og er dermed liten, uansett målestokk. Kommunen har nedgang i folketalet. Stranda kommune hadde på same tidspunkt 4.598 personar og ligg dermed svært nært mediankommunen. Folketalet har vore forholdsvis stabilt i alle fall siste 30 år.[1]

Norddal kommune, har som dei fleste andre kommunar i innlandet av Møre og Romsdal ein forholdsvis stor nedgang i folketal.

**Tabell 2: Folketalsendringar for bygdene i Norddal kommune. Grunnkrinsnivå, 1. januar kvart år. Kjelde SSB. Statistikkbanken.**

| | 2000 | 2005 | 2010 | 2016 | Prosentvis nedgang i folketal |
|---|---|---|---|---|---|
| Norddal | 208 | 179 | 155 | 150 | - 28 % |
| Eidsdal | 414 | 384 | 365 | 327 | -21 % |
| Valldal | 1000 | 949 | 992 | 922 | -8 % |
| Fjørå | 179 | 156 | 169 | 155 | -13 % |
| Tafjord | 157 | 133 | 120 | 94 | -40 % |
| **Sum Norddal kommune** | **1960** | **1817** | **1801** | **1676** | **-16 %** |

Tabell 2 viser folketalsutviklinga for Norddal kommune i perioden 2000 – 2016. Folketalet i Norddal kommune har gått ned med 16 prosent i perioden og er spesielt stor i bygdene Tafjord og Norddal og minst i Valldal der kommunesenteret ligg. Totaltalet for Norddal kommune inkluderer 4 personar som ikkje hadde oppgitt grunnkrets i 2016.

Innbyggjarane i Norddal og Eidsdal utgjorde første januar 2016 29 prosent av det totale folketalet i kommunen.

## NÆRINGSLIV

Utanom kommunal verksemd er det ingen større arbeidsplassar i bygdene Norddal og Eidsdal. Det betyr at dei som ikkje er sjølvstendig næringsdrivande i stor grad er avhengige av å reise ut av bygdene for arbeid. Arbeidsmarknaden innanfor akseptabel pendlaravstand (30 – 45 minutt ein veg) er liten og geografisk avgrensa til Geiranger, Valldal, Stranda og Stordal.

Landbruk har tradisjonelt vore det viktigaste grunnlaget for busetjing i bygdene. Den generelle tilbakegangen i denne næringa har ramma grunnlaget for busetjinga hardt. Statistikken viser at tal jordbruksbedrifter i Norddal og Stranda kommune er halvert i perioden 2000-2014. Nedgangen i Norddal kommune er noko større enn i Stranda, 57 mot 43 prosent.[2] Talet husdyr har endra seg mindre. For same periode er nedgangen i Norddal

[1] 4745 personar i 1986 og svært små variasjonar sidan. Kjelde: SSB
[2] Kjelde: https://www.ssb.no/statistikkbanken/selectvarval/saveselections.asp

kommune størst for storfe (44 prosent) og minst for sau og mjølkegeiter (om lag 14 prosent).[3] Stranda kommune kjem noko betre ut.

Reiselivsnæringa er sett på som eit viktig vekstområde for Eidsdal og Norddal som ligg nært Geiranger med meir enn 200 cruiseanløp i året og på vegen mellom Geiranger og Trollstigen. Ferjesambandet Eidsdal – Linge som ligg på denne strekninga har ein gjennomsnittleg døgntrafikk på 560 bilar fordelt på heile året,[4] med dei fleste av desse i juni, juli og august. Turiststraumen har likevel ikkje ført til mange hovudarbeidsplassar i bygdene, noko som vert stadfesta av statistikken som viser at det totalt i Norddal kommune er 15 hovudarbeidsplassar knytt til overnatting. Turisme er likevel ein viktig attåtnæring for fleire verksemder i Norddal og Eidsdal og gir viktige deltidsarbeidsplassar både for vaksne og unge i sommarhalvåret.

Kommunane Norddal og Stranda husar nordområdet av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap: Geirangerfjord med omland. Bygdene Norddal og Eidsdal grensar til området og mykje areal knytt til bygdene er del av området. I 2015 vart Norsk fjordsenter i Geiranger autorisert som verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap.

**Tabell 3: Nokre bakgrunnsfaktorar knytt til sysselsetting for Stranda og Norddal kommunar. Kjelde: www.nykommune.no (Sunnmøre Regionråd[5] med grunnlagsdata frå SSB, eller direkte frå www.nykommune.no.) Alle tal frå 2014.**

| Indikatorar 2014 | Norddal | Stranda |
|---|---|---|
| Andel sysselsette offentleg sektor | 33 % | 23 % |
| Andel sysselsette i privat sektor | 67 % | 77 % |
| Andel sysselsette i primærnæring | 17 % | 4 % |
| Andel sysselsette i sekundærnæring | 15 % | 46 % |
| Andel sysselsette i tertiærnæring | 68% | 49 % |
| Tal personar som pendlar til Norddal | - | 48 |
| Tal personar som pendlar til Stranda | 58 | - |
| Sårbarheitsindikator[6] | 21,4 | 30,3 |

[3] Tala er henta frå Statens landbruksforvaltning sin statistikk http://32.247.61.17/skf/pt900/1320/1320F15f.htm. Tala frå 2014 er førebelse tal.
[4] Kjelde: https://no.wikipedia.org/wiki/Ferjesamband_i_Norge
[5] Tal henta frå rapport på Sunnmøre Regionråd http://www.sunnmoreregionrad.no/images/stories/Dokumenter/Kommunereform/Kommunereformrapport-275-276-265-269-281-273-271-270-274-272-264-268-259.pdf som har henta tal frå SSB.
[6] «Denne indeksen sier noe om hvor sårbart næringslivet i kommunen er. En kommunes næringsmessige sårbarhet er i denne sammenheng målt ved å kombinere tre indikatorer – hjørnesteinsfaktor, bransjespesialisering og arbeidsmarkedsintegrasjon. En høyere verdi tilsvarer større sårbarhet. Denne sårbarhetsindeksen er utviklet av Telemarksforskning og viser sårbarheten til kommunene i Norge basert på 2011-tall.» Kjelde: http://www.nykommune.no/#!kommuner/269-270

**Tabell 4 viser hovudnæringsvegar etter bustad i Norddal kommune. Berre næringar som sysselset 5 prosent eller meir av totalt antal sysselsette er inkludert i tabellen. Kjelde SSB.**

| Hovudnæringsvegar Norddal kommune | Prosent av totalt tal sysselsette etter bustad |
|---|---|
| Kraftforsyning | 5% |
| Undervisning | 7% |
| Omsorg utan butilbod, barnehagar mv. | 8% |
| Jordbruk og tilhørende tjenester, jakt | 8% |
| Detaljhandel, unntak for motorvogner | 9% |
| Pleie og omsorg i institusjon | 9% |
| Helsetenester | 10% |
| **Totalt** | **56%** |

**Tabell 5 viser hovudnæringsvegar etter bustad i Stranda kommune. Berre næringar som sysselset fem prosent eller meir av totalt antal sysselsette er inkludert i tabellen. Kjelde SSB.**

| Hovudnæringsvegar Stranda kommune | Prosent av totalt tal sysselsette etter bustad |
|---|---|
| Detaljhandel unntak for motorvogner | 6% |
| Omsorg utan butilbod, barnehagar mv. | 6% |
| Undervisning | 6% |
| Møbelindustri | 7% |
| Pleie og omsorg i institusjon | 7% |
| Næringsmiddelindustri | 22% |
| **Totalt** | **54%** |

Tabell 3-5 viser at medan Stranda har ein stor industri, knytt til næringsmiddel og møbel som sysselset nærare 30 prosent av innbyggjarane, har Norddal kommune større andel av befolkninga sysselsett i offentleg sektor og sysselsettinga er elles sterkt prega av helse- og omsorgstenester. Landbruk står for 3 prosent av sysselsettinga i Stranda kommune og er såleis ikkje ein av hovudnæringsvegane. Samanlikna med andre kommunar er Stranda likevel ein sterk landbrukskommune. Overnattingsverksemd står for 3 prosent av sysselsettinga i Stranda og 2 prosent i Norddal (Kjelde: SSB). Overnattingsverksemd er klart viktigare for bygda Geiranger enn for heile Stranda kommune, ettersom den einaste store heilårsarbeidsplassen i bygda er Union Hotel.

Vi ser det slik at for bygdene Norddal og Eidsdal vil tettare kopling mot reiselivsnæringa i Geiranger, til landbruksmiljøet i Stranda og mellom landbruksnæringa i Norddal/Eidsdal og næringsmiddelindustrien i Stranda kommune utgjere eit potensial for ei positiv utvikling.

## 3. PROSESSEN I KORTE TREKK, FORHOLDET TIL KOMMUNANE OG FYLKESMANNEN

Tabellen på dei neste sidene gir ein oversikt over prosessen fram til denne søknaden om grensejustering. Store delar av prosessen er elles godt dokumentert i utgreiinga som ligg ved.

Alt arbeidet som er gjennomført i regi av arbeidsgruppa – spørjegranskingar, bygdemøta, utgreiing, folkerøystingar og no denne søknaden er gjennomført på dugnad - utan nokon form for økonomisk støtte.

**Tabell 6 gir eit oversyn over prosessen fram til søknad om grensejustering.**

| Steg for steg – prosessen fram til søknad om grensejustering | | |
|---|---|---|
| **Dato** | **Hending** | **Innhald** |
| 12.feb.15 | Kommunestyrevedtak i kommunereformarbeidet (Vedtak 003/15) | Kommunestyret vedtek å greie ut fem alternativ i det vidare arbeidet med kommunereform. Eitt av desse er at Norddal kommune vert delt og at sørsida går mot Stranda/Stryn (ev. Sykkylven) og nordsida mot Ålesundsregionen. (Vedtak 003/15). Ei kommunal arbeidsgruppe vert nedsett for å arbeide vidare med kommunereforma, men alternativet om deling vert ikkje utgreidd i kommunal regi. |
| Ca. 01.sep.15 | Lokal arbeidsgruppe for bygdene Norddal og Eidsdal vert oppretta (2 frå Norddal, 2 frå Eidsdal) | Privat initiativ for å sjå på om det er ønskje om å utgreie alternativet med deling vidare. |
| 07.okt.15 | Spørjeundersøking | Spørjeundersøking for å sondere ønsket om å få utgreidd alternativet der desse to bygdene vert del av Stranda kommune. 136 svar. (125 positive, 7 negative og 4 veit ikkje). |
| 12.okt.15 | Informasjon om initiativet til kommunen si arbeidsgruppe for kommunereform | |
| 13.okt.15 | Brev til ordførar i Norddal og Stranda | Informasjon om resultatet av spørjeundersøkinga og invitasjon til samarbeid om vidare framdrift for å greie ut alternativet med deling. Norddal kommune er negativ til eit slikt samarbeid. |
| 15.okt.15 | Informasjon om initiativet i felles møte mellom gammalt og nytt kommunestyre | |
| 02.nov.2015 | Invitasjon til bygdemøte for Norddal og Eidsdal sendt til Norddal og Stranda kommunar og innbyggjarane i dei to bygdene. | Det vart invitert til godt samarbeid. Ordførarane var inviterte til å halde innlegg. |
| 02.nov.15 | Informasjon om initiativet til nytt formannskap | |
| 09.nov.15 | Bygdemøte for Eidsdal og Norddal. Norddal kommune stiller ikkje opp. Grunngjeving frå ordførar i Norddal er at han ikkje har mandat. | Invitasjon til alle i dei to bygdene. Politisk og administrativ leiing frå begge kommunar inviterte. Stranda valde å ikkje stille pga. Norddal ikkje ville stille.<br><br>Møtet inkluderer ein SWOT-analyse knytt til moglegheiter og utfordringar ved eksisterande tilknyting og alternativ tilknyting til Stranda kommune. 82 personar frå Norddal og Eidsdal deltok. (Ein frå Geiranger). Dette tilsvarar 21 prosent av dei med stemmerett i bygdene. Val av arbeidsgruppe. Den førebelse arbeidsgruppa vart valt til å arbeide vidare med ei utgreiing av alternativ kommunetilknyting for bygdene. |
| 19. nov.15 | Formannskapet vedtek nye alternativ for det vidare arbeidet med kommunereforma. Alternativet deling av kommunen vert stroke. | Vedtaket vart sidan stadfesta i kommunestyret |

| | | |
|---|---|---|
| 03.des.15 | Møte med politisk og administrativ leiing i Stranda kommune | Gjensidig informasjon om prosessen som er sett i gang i regi lokal arbeidsgruppe. Representantane frå Stranda kommune gav positive signal, men ynskte ikkje å fronte noko i denne omgang av omsyn til forholdet til Norddal kommune. |
| 15.des.15 | Utgreiing sendt ut til høyring | |
| 29. des.15 | Endeleg utgreiing klar | Utgreiinga sendt ut til alle innbyggjarar i bygdene på e-post, til politikarar og administrasjon i Stranda og Norddal kommune, til Fylkesmannen og til lokal og regional presse. |
| 12.jan.16 | Nytt folkemøte med orientering om funna i utgreiinga | Politisk og administrativ leiing frå begge kommunane deltek. Begge kommunar møtte med god representasjon frå både politikk og administrasjon. Ordførarane held innlegg. |
| Frist 16. januar 2016 | Folkerøysting 1 for Norddal og Eidsdal med ulike spørsmål for å sjå kva alternativ som hadde størst støtte i befolkninga. Det er høve til å stemme anonymt. | Målsetjinga med folkerøystinga var å undersøkje om viljen til å sjå nærmare på alternativet samanslåing med Stranda var like sterk som signala frå hausten -15 tyda på. I så fall ynskte vi å gje politikarane signal om å ta med Stranda som alternativ i vidare utgreiingsarbeid og også å la røystinga gi retning til det vidare arbeidet i arbeidsgruppa. |
| 17.jan.16 | Resultat frå spørjeundersøking sendt til Stranda og Norddal og gjort offentlege | 91 prosent av dei som stemte meinte ei ny kommunetilknyting i ei eller anna form var det beste for bygdene i framtida. 55 prosent meinte det beste var ei samanslåing av Stranda og Norddal kommune. 29 prosent meinte at det beste er at bygdene Norddal og Eidsdal går inn i Stranda kommune uavhengig av kva Norddal kommune gjer. 13 av 211 som svarte på dette spørsmålet meinte det beste var framleis å vere knytt til Norddal kommune som eigen kommune. |
| 04.feb.16 | Kommunestyret i Norddal vedtek å ha samtalar med Stranda kommune. | KS-003/16 lyder mellom anna «Norddal kommune vil gå i dialog med Stranda kommune for å identifisere sentrale utfordringspunkt før oppstart av eventuelle forhandlingar om ein intensjonsavtale for etablering av ei ny og større kommune.» |
| 17.mar.16 | Kommunestyret i Norddal vedtek å ikkje gå vidare med samtalar med Stranda kommune | Avrøystingsresultata frå bygdene i Eidsdal og Norddal vart ikkje kommentert i det heile under sakshandsaminga i kommunestyret. |
| April-mai | Bygdemøte i alle bygder i regi av Norddal kommune. | Sterke tilbakemeldingar i 4 av 5 folkemøte om at Stranda burde vore med som alternativ i kommunen si påfølgande folkerøysting. |
| Frist for å røyste 14. mai, 2016 | Folkerøysting 2 for Eidsdal og Norddal i regi lokal arbeidsgruppe: med spørsmål om søknad om grensejustering. | Deltaking tilsvarar 53 prosent av dei som hadde røysterett i kommunevalet 2015. Stort fleirtal for å gå vidare med søknad om grensejustering dersom Stranda kommune vert ståande som eigen kommune (mellom 70 og 82 prosent, størst dersom Norddal kommune vert ståande åleine). |
| 19.mai.16 | Folkerøysting for heile kommunen i regi av Norddal kommune. | Samanslåing med Stranda kommune er ikkje eit alternativ. Valdeltaking 48 prosent. Resultat: 1. Norddal kommune som eigen kommune 45% 2. Landkommunealternativet saman med ein eller fleire av kommunane Stordal, Ørskog, Skodje 19 %. 3. Blanke stemmer 36 %. |

## MEIR OM FORHOLDET TIL NORDDAL KOMMUNE

Arbeidsgruppa har i heile prosessen forsøkt å involvere Norddal kommune, noko som går fram av ein svært grundig gjennomgang av dette i utgreiinga (kapittel 2) og også av samandraget over.

Sidan utgreiinga var klar, har dette skjedd i forhold til Norddal kommune.

- Det er gjennomført eit nytt folkemøte, der rapporten var lagt fram og Norddal kommune var invitert, var til stades og hadde høve til å kome med innlegg. Det same gjaldt Stranda kommune.
- Norddal kommune har hatt samtalar med Stranda kommune, men valde raskt å gå vekk frå dette alternativet og valde også å ikkje ha samanslåing med Stranda kommune som eit alternativ i kommunen si folkerøysting.
- Norddal kommune har gjennomført bygdemøte i alle dei fem bygdene i kommunen der dei fekk sterke signal i fleire av møta om at Stranda burde vere eit alternativ i folkerøystinga.
- Arbeidsgruppa har gjennomført ei ny folkerøysting i Norddal og Eidsdal der innbyggjarane har fått høve til å uttale seg om dei ønskjer at det vert søkt om grensejustering for bygdene. Folk fekk høve til å uttale seg ut frå ei rekkje aktuelle ulike samanslåings-konstellasjonar slik det går fram av tabell ein over og vedlegg.
- Norddal kommune har gjennomført ei folkeavrøysting der samanslåing av kommunane Norddal og Stranda ikkje var eit alternativ. Alternativa var: 1. Halde fram som eigen kommune 2. «Landkommunealternativet» 3. Å røyste blankt.

Arbeidsgruppa tolkar det slik at Norddal kommune, så langt det har vore mogleg, har forsøkt å oversjå initiativet frå bygdene Norddal og Eidsdal.

## FORHOLDET TIL STRANDA KOMMUNE

Arbeidsgruppa har gjennom heile prosessen forsøkt å halde ein tett dialog med Stranda kommune. Kommunen har vore positiv til initiativet, men har gjeve uttrykk for at dei må ta omsyn til forholdet til Norddal kommune. To av representantane i lokal arbeidsgruppe har hatt møte med politisk og administrativ leiing i Stranda. Kommunen har elles blitt informert fortløpande om det arbeidet som har vore gjort, på same måte som ein har informert Norddal kommune.

## FORHOLDET TIL FYLKESMANNEN

Arbeidsgruppa har så langt det er råd forsøkt å informere og involvere Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

## 4. FOLKELEG STØTTE TIL SØKNADEN

Framstillinga i førre avsnitt viser at det er gjort ein stor innsats for å sikre at prosessen fram til denne søknaden om grensejustering til ein kvar tid er i tråd med folkemeininga i Eidsdal og Norddal. Ei spørjeundersøking, to folkemøte og to folkeavstemmingar er gjennomført (sjå oversiktstabell i førre avsnitt). Alle viser stor støtte til arbeidet.

Prosessen fram til og med utgreiinga er godt dokumentert i utgreiinga vedlagt (Kapittel 2.). Vi vil derfor ikkje gjenta dette her, men konsentrere oss om å presentere hovudresultata av dei to folkerøystingane i vår regi og den eine i regi av Norddal kommune – alle tre gjennomført etter utgreiinga var klar. «Våre» folkerøystingar er presentert meir heilskapleg i vedlegg 2 og 3 til søknaden.



**Figur 3. Frå bygdemøte i Eidsdal 9. november, 2015. I arbeidet vart det veksla mellom individuelt arbeid, gruppearbeid og presentasjon i plenum. Alle innspel vart skrivne ned på lappar og dokumentert. 83 personar deltok**

### HOVUDRESULTAT FØRSTE FOLKERØYSTING – KVA ER DET BESTE FOR BYGDENE?

Den 12. januar 2016 vart det gjennomført eit folkemøte for innbyggjarane i Norddal og Eidsdal. Politikarar frå Stranda og Norddal kommune var også inviterte. Det same var folk frå Geiranger. Etter folkemøtet kunne alle innbyggjarar folkeregistrerte i bygdene Eidsdal og Norddal røyste på fem ulike spørsmål knytt til kommunetilknyting for dei to bygdene (sjå vedlegg). Innbyggjarane kunne røyste: 1. På bygdemøtet (anonymt), 2. På e-post til arbeidsgruppa, 3. Ved å leggje si stemme i ei «stemmeurne» på butikkane i Eidsdal og Norddal fredag ettermiddag (anonymt), eller 4. ved å levere si stemme direkte eller sende i post til arbeidsgruppa

Frist for å røyste vart sett til 16. januar for å ha resultat ferdig i tide til neste kommunestyremøte. Røyster innkomne 17. januar vart også inkluderte.

Folkerøystinga hadde som formål å finne ut kva innbyggjarane i bygdene Norddal og Eidsdal meinte om kommunetilknyting for framtida. Den var meint som eit innspel til eigen kommune i kommunereformprosessen. Undersøkinga var også tenkt som eit grunnlag for korleis arbeidsgruppa for initiativet skulle arbeide vidare.

214 personar svarte på undersøkinga. Til samanlikning hadde 388 personar røysterett i dei to bygdene ved kommunevalet 2015. 214 personar er dermed 56 prosent av dei som har røysterett. Dei to tala er likevel ikkje heilt samanliknbare ettersom ikkje alle som er folkeregistrerte (og leverte svar), har røysterett.

Det vart ført register over dei som har stemt for å sikre at alle berre kan stemme ein gong. Sjølv om 214 svarte på spørjeskjema har ikkje alle svart på alle spørsmåla, noko som kjem fram av tabellane.

Resultata frå heile undersøkinga ligg ved denne søknaden som vedlegg.

**84 prosent meinte ei eller anna form som samanslåing mellom bygdene Norddal og Eidsdal og Stranda kommune ville vere det beste for bygdene Eidsdal og Norddal.** Innbyggjarane hadde klart sterkast tru på alternativet med samanslåing mellom Stranda og Norddal kommune (55 prosent). Forholdsvis mange (29 prosent) meinte også at ein overgang berre av bygdene Norddal og Eidsdal til Stranda kommune var det beste alternativet uavhengig av kva Norddal kommune vel å gjere. Berre 13 personar eller 6 prosent meinte det beste var å vere knytt til Norddal kommune som eigen kommune. Tala kjem fram i tabellen under.

**Tabell 7 viser kva innbyggjarane i Norddal og Eidsdal svarte på spørsmålet: «Kva trur du er beste kommunetilknyting for bygdene Eidsdal og Norddal i framtida?»**

| **Beste alternativ for Eidsdal og Norddal i framtida** | **Tal stemmer** | **Prosent** |
|---|---|---|
| Regionkommunealternativet | 2 | 1 % |
| Anna | 4 | 2 % |
| Veit ikkje | 5 | 2 % |
| Landkommunealternativet | 9 | 4 % |
| Framleis knytt til Norddal kommune som eigen kommune | 13 | 6 % |
| Bygdene Norddal og Eidsdal til Stranda kommune | 62 | 29 % |
| Samanslåing Stranda og Norddal kommune | 116 | 55 % |
| **Totalt** | **211** | **100 %** |

Tre fjerdedelar av dei som svarte meinte også at det beste for bygdene Norddal og Eidsdal ville vere å endre kommunetilknyting til Stranda dersom Norddal kommune vel å halde fram som eigen kommune.

**Tabell 8 viser kva innbyggjarane i Norddal og Eidsdal svarar på spørsmålet: «Dersom Norddal kommune vel å halde fram som eigen kommune: Kva trur du er beste kommunetilknyting for bygdene Norddal og Eidsdal?»**

| **Dersom Norddal framleis eigen kommune** | **Tal stemmer** | **Prosent** |
|---|---|---|
| Veit ikkje | 15 | 7 % |
| Framleis knytt til Norddal kommune | 37 | 17 % |
| Bygdene Eidsdal og Norddal til Stranda kommune | 160 | 75 % |
| **Totalt** | **212** | **100 %** |

Stranda hadde allereie då vedteke å sjå nærare på samanslåing med Sykkylven i kommunereformarbeidet. Eitt spørsmål i undersøkinga var derfor om dette gjer ei samanslåing med Stranda meir eller mindre attraktivt for innbyggjarane i Eidsdal og Norddal.




**Figur 4: Innbyggjarane i Stranda og Norddal sitt svar på om ei samanslåing med Sykkylven gjer Stranda meir eller mindre attraktiv.**

Av 199 som svarte på dette spørsmålet meinte 35 prosent at eit slikt alternativ gjer Stranda mindre attraktiv. Vi ser også at mange vert usikre når dei skal svare på dette spørsmålet, noko som peikar vidare til andre folkerøysting.

Folkerøystinga gav eit klart signal til Norddal kommune og også eit klart mandat til arbeidsgruppa om å arbeide vidare for ei løysing med samanslåing med Stranda kommune.

## HOVUDRESULTAT ANDRE FOLKERØYSTING OM SØKNAD OM GRENSEJUSTERING

Etter sonderingar hadde Norddal kommune valt ikkje å gå vidare med alternativet samanslåing med Stranda kommune i kommunereformarbeidet. Einaste moglegheit for å arbeide vidare med innbyggjarane sitt ønske om tilknyting til Stranda var dermed å søke om ei grensejustering. I mai vart det derfor gjennomført ei ny folkerøysting. Alle innbyggjarar folkeregistrerte i bygdene Eidsdal og Norddal (frå fylte/fyller 16 år i 2016 og eldre) har kunna røyste på åtte ulike spørsmål knytt grensejustering for dei to bygdene (sjå vedlegg). Innbyggjarane har kunna røyste: 1. På e-post til arbeidsgruppa, 2. Ved å leggje si stemme i ei «stemmeurne» på butikkane i Eidsdal og Norddal fredag 13. mai (anonymt), eller 3. ved å levere si stemme direkte eller sende i post til arbeidsgruppa.

Frist for å røyste vart sett til 14. mai etter at Norddal kommune var ferdige med folkemøte i alle bygdene i kommunen men før den kommunale folkerøystinga.

Hovudresultat frå avstemminga såg slik ut:

- **Det var eit klart fleirtal for å søkje om grensejustering for bygdene Norddal og Eidsdal dersom Stranda kommune vert ståande åleine som sjølvstendig kommune – uavhengig av kva val Norddal kommune gjer. Størst er dette fleirtalet dersom Norddal kommune vert ståande åleine (82 prosent).**
- Det var også flest av innbyggjarane som ønskte å søkje om grensejustering dersom Stranda slår seg saman med Sykkylven, men oppslutninga om dette er klart lågare – uavhengig av kva Norddal kommune vel å gjere. Lågast tilslutning til dette er det dersom Norddal berre går saman med Stordal og Stranda går saman med Sykkylven (49 prosent).
- Dersom Stranda kommune går saman med Sykkylven kommune meiner mellom 27 og 30 prosent at ein ikkje skal søkje om grensejustering – avhengig av kva Norddal kommune vel å gjere.
- Det er ein forholdsvis stor del av dei som røyster som er usikre på om ein skal søkje om grensejustering dersom Stranda går ilag med Sykkylven. Høgast er denne andelen dersom Norddal går saman med Stordal og Ørskog, og Stranda går ilag med Sykkylven (23 prosent).

Undersøkinga er summert opp i tabellen under.

Tabell 9 viser kor stor del av innbyggjarane i bygdene Norddal og Eidsdal som meiner ein skal søkje om grensejustering gitt ulike utfall i kommunereformprosessen for Stranda og Norddal.

| | Dersom Stranda held fram som eigen kommune | | | | Dersom Stranda går saman med Sykkylven | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Skal vi søkje om grense-justering? | Norddal åleine | Norddal og Stordal | Norddal, Stordal, Ørskog | Norddal, Stordal, Ørskog og Skodje | Norddal åleine | Norddal og Stordal | Norddal, Stordal, Ørskog | Norddal, Stordal, Ørskog og Skodje |
| Ja | 82 % | 70 % | 73 % | 79 % | 55 % | 49 % | 50 % | 54 % |
| Nei | 11 % | 13 % | 17 % | 14 % | 27 % | 30 % | 27 % | 29 % |
| Veit ikkje | 7 % | 17 % | 10 % | 7 % | 17 % | 21 % | 23 % | 17 % |
| Totalt: | 100 % | 100 % | 100 % | 100 % | 100 % | 100 % | 100 % | 100 % |

225 personar svarte på undersøkinga. Av desse var 18 personar under 18 år. Til samanlikning hadde 388 personar røysterett i dei to bygdene ved kommunevalet 2015. 207 personar over 18 år svarar dermed til 53 prosent av dei som hadde røysterett i 2015. Dei to tala er likevel ikkje heilt samanliknbare. Vi har heller ikkje eksakt oversikt over tal innbyggjarar folkeregistrert i Norddal og Eidsdal mellom 16 og 18 år.

Det er ført register over dei som har stemt for å sikre at alle berre kan stemme ein gong.

Resultat for kvart av spørsmåla er presentert i vedlegg.

## NORDDAL KOMMUNE SI FOLKERØYSTING

I Norddal kommune si folkerøysting 19. mai, 2016 i høve kommunereforma var ikkje samanslåing med Stranda kommune eit alternativ. At kommunen valde å gjere det slik har fått sterk kritikk på kommunen sine bygdemøte både i Eidsdal, Norddal, Valldal og Fjørå.

Norddal kommune si folkerøysting i høve kommunereforma hadde tre alternativ. Resultata vart slik :

1. Norddal åleine 44,94 prosent
2. Landkommune saman med ein eller fleira av kommunane Stordal, Ørskog, Skodje 19,17
3. Blank 35,89 prosent

Valdeltakinga var på 48 prosent. Det er grunn til å tru at den svært høge andelen blanke stemmer i stor grad er stemmer for ei samanslåing mellom Norddal og Stranda.

Mykje tyder på at deltakinga frå bygdene Norddal og Eidsdal var lågare i kommunen si røysting enn den røystinga arbeidsgruppa stod for. Vi tolkar det slik at mange ikkje brydde seg med å røyste fordi «deira alternativ» mangla på røystesetelen. Dette kan likevel ikkje provast fordi førehandsrøyster hjå kommunen ikkje er fordelte på bygder.

## ARBEIDSGRUPPA SI TOLKING AV FOLKERØYSTINGANE

Vi meiner avrøystingane både kvar for seg og til saman viser ein overveldande støtte i bygdene Norddal og Eidsdal for ei tilknyting til Stranda kommune. Sterkast ser det ut som støtta er for ei samanslåing mellom dei to kommunane, men støtta er også svært sterk til ei endra kommunetilknyting, noko tala knytt til andre folkerøysting tyder på.

- Det har heile tida vore sterk støtte til prosessen om å greie ut alternativ tilknyting til Stranda, noko oppslutninga om spørjegranskingar, folkerøystingar og arrangerte bygdemøte viser.

- Arbeidsgruppa tolkar den første folkerøystinga slik at nesten ei samrøystes befolkning i Norddal og Eidsdal ønskjer ei endra kommunetilslutning. Berre 13 av 211 stemmer frå den første folkerøystinga ser framleis tilknyting til Norddal kommune som eigen kommune som det beste alternativet for bygdene.
- Dette vert stadfesta gjennom at 82 prosent i den andre folkerøystinga stemmer for å søkje om grensejustering dersom både Norddal kommune og Stranda kommune held fram som eigen kommune. Støtta til eit slikt initiativ er også svært stor dersom Norddal endar opp med andre alternativ, den er mindre dersom Stranda slår seg saman med Sykkylven.
- I tillegg tolkar vi 36 prosent blanke røyster i den kommunale avrøystinga som ein sterk opposisjon til gjeldande alternativ i folkerøystinga. Ut frå lokalkjennskap tolkar vi det slik at dei aller fleste av dei blanke røystene er ei støtte til samanslåing mellom Stranda og Norddal.
- Det er grunn til å tru at mange av dei blanke stemmene kjem frå Norddal og Eidsdal, men det er også støtte til eit slikt alternativ i andre delar av kommunen. Resultata frå valet viser ikkje separat oppteljing for kvar bygd noko som gjer det vanskeleg å vite med sikkerheit.
- Signal frå innbyggjarar tyder på at dersom Stranda-alternativet hadde vore utgreidd, ville fleire ha stemt på dette i den kommunale folkerøystinga. For ein del innbyggjarar var det ikkje aktuelt å røyste blankt. Dei som då ikkje ynskte at Norddal skulle halde fram åleine, hadde dermed to alternativ landkommunealternativet eller å la vere å røyste. Arbeidsgruppa meiner derfor det var svært uheldig at ein ikkje hadde samanslåing mellom Stranda og Norddal som eit alternativ i den kommunale folkerøystinga.

Det er framleis fleirtal for ein søknad om grensejustering dersom Sykkylven og Stranda slår seg saman. Vi tolkar likevel usikkerheita mellom innbyggjarane i bygdene som så stor, at vi vel å ikkje søkje om grensejustering dersom Stranda og Sykkylven slår seg saman eller vert slått saman ved tvang.

## 5. ARBEIDSGRUPPA SINE VURDERINGAR AV EI GRENSEJUSTERING SETT I FORHOLD TIL MÅLSETTINGA MED KOMMUNEREFORMA

Kommunereforma har fire hovudmål (Innst. 300 S (2013-2014)). Desse er: 1. Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane. 2. Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling. 3. Berekraftige og økonomiske robuste kommunar. 4. Styrka lokaldemokrati.

Eit skifte av kommunetilknyting for om lag 500 innbyggjarar frå Norddal til Stranda kommune, kan knapt seiast å bidra vesentleg til ei slik overordna målsetjing nasjonalt sett. Til sjuande og sist er det likevel innbyggjarane som utgjer landet si befolkning – også om dei er få.

Ei vurdering av korleis ei endring av kommunetilknyting vil påverke desse fire overordna målsettingane for innbyggjarane i Eidsdal og Norddal er gjort i utgreiinga. Vi tek med det vi ser på som hovudpunkta her.

### GODE OG LIKEVERDIGE TENESTER TIL INNBYGGJARANE

Når det gjeld tenester vurdere vi det slik at innbyggjarane i Eidsdal og Norddal vil ha lite å vinne og lite å tape på ein overgang til Stranda kommune – slik situasjonen er no. Eit unntak frå dette er legetenestene der det er moglegheit for ein kvalitetsgevinst. Vi ser det likevel slik at gevinsten vil verte større over tid. Samordning mellom Geiranger, Eidsdal og Norddal i forhold til skule, tekniske tenester, næringsutvikling, eldreomsorg og sikkerheit meiner vi kan gi betre kvalitet i forhold til alternativ i Norddal kommune på sikt. Vi ser det også slik at mangelen på føreseielege vilkår frå Norddal kommune for drift av tenestene i bygdene Eidsdal og Norddal er med på å øydelegge livskvaliteten for innbyggjarane i bygdene. Vi meiner dette vil bli betre i ei større eining.

### HEILSKAPLEG OG SAMORDNA SAMFUNNSUTVIKLING

Ein overgang frå Norddal til Stranda kommune vil styrkje ei heilskapleg samfunnsutvikling spesielt mellom Geiranger, Norddal og Eidsdal. Dette vil gjelde både tenester og samfunns- og næringsutvikling. Det siste spesielt knytt til reiselivsnæringa, men det er også potensial knytt til landbruk i seg sjølv og koplingane mellom landbruk og næringsmiddelindustri i Stranda kommune og mellom landbruk og reiseliv.

Særskilt for desse to kommunane er også ansvaret for ivaretaking av verdsarvområdet. Ei styrka landbruksnæring i kombinasjon med reiseliv kan bidra til å ta vare på kulturlandskapet, oppretthalde og helst auke matproduksjonen, medverke til auka næringsutvikling med fokus på kortreist og lokal mat og ei reiselivsnæring med fleire bein å stå på.

Eit anna forhold er trusselen frå fjellpartia Åkneset og Hegguraksla. Norddal og Eidsdal er trua av flodbølgje dersom fjellpartia rasar ut. Frå Åkneset, der steinmassane i verste fall er berekna til 54 $Mm^3$ vil bølgja vere 7 meter i Eidsdal og 15 meter i Norddal. Størst vert bølgja i bygdene Geiranger (65 m) og på Hellesylt (85m).[7] Ut frå dei prognosar ein har i dag, vil bygdene Eidsdal og Norddal bli totalisolerte over ein lengre periode, uansett når på året raset kjem. Geiranger vil vere totalisolert om raset kjem i vinterhalvåret. Sommaren vil Geiranger ha open veg austover. Både når det gjeld beredskap og vurderingar kring evakuering og oppattbygging, er det naturleg å sjå på bygdene Norddal, Eidsdal og Geiranger som ein heilskap. Det gjeld òg når ein vurderer avbøtande tiltak som kan redusere omfanget av skadane.

---

[7] Harbitz, NGI, med bidrag frå S. Glimsdal, V. Kveldsvik, F. Løvholt NGI og G. Pedersen og A. Jensen, UiO. Foredrag på Åkneskonferansen, Geiranger 26. august, 2015.
https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMMR/Samfunnstryggleik%20og%20beredskap/00.9.%20M%C3%B8te%20og%20konferansar/2015.08.26-27.%20%C3%85kneskonferansen%202015/2015.08.26.%20%C3%85kneskonferansen%202015.%20Carl%20Bonnevie%20Harbitz.%20Mulige%20flodb%C3%B8lger%20fra%20%C3%85kerneset.pdf

Eit viktig element for å utløyse potensial knytt til samfunnsutvikling er betra kommunikasjonar mellom bygdene og mellom bygdene og kommunesenteret. Betre samferdsleløysingar ut frå området vil også kunne styrkje og betre samfunnsutviklinga.

## BEREKRAFTIGE OG ØKONOMISK ROBUSTE KOMMUNAR

Ei ny tilknyting til Stranda kommune vil potensielt kunne løyse ut effektiviseringsgevinstar innafor tenesteproduksjon, sidan Eidsdal og Norddal utgjer ei naturleg eining med Geiranger. Dersom ein får til ei positiv samfunns- og næringsutvikling i området vil dette i tillegg kunne påverke kommuneøkonomien. Ei slik tilknyting vil moglegvis også løyse ut noko auka overføringar frå staten til Stranda kommune. På den andre sida er folketalet i bygdene Eidsdal og Norddal lågt og næringslivet svakt. Økonomiske forhold vil også vere eit forhandlingsspørsmål mellom Norddal og Stranda kommune ved ei eventuell ny tilknyting til Stranda.

## STYRKA LOKALDEMOKRATI

Styrkjer ved lokaldemokrati i små kommunar er generelt rekna for å vere nærleik og kjennskap både i forhold til tenester og personar. I Norddal kommune oppfattar vi det slik at dette har blitt for nært. Arbeidsgruppa ser det derfor slik at det vil vere ein gevinst for Eidsdal og Norddal å høyre til i Stranda kommune der avstanden mellom sak og person vert noko større. Vi vurderer det også slik at det vil vere mogleg å halde på eit tett forhold til eigne folkevalde i Stranda kommune dersom ein byggjer alliansar mellom Geiranger, Eidsdal og Norddal.

## 6. KARTGRUNNLAG

Vårt framlegg til grensejustering følgjer prinsippet om at alt areal knytt til gards- og bruksnummer i bygdene Norddal og Eidsdal, vert lagt inn under Stranda kommune. Dette omfattar òg ev. andre areal som naturleg høyrer heime inn under desse to bygdene.

Prinsippet er elles at grensa i fjorden vert trekt midtfjords innover Norddalsfjorden mot Tafjorden.

### VERBAL SKILDRING AV NY GRENSE

Eksisterande kommunegrense mellom Stranda og Norddal går innover Norddalsfjorden om lag midtfjords. Litt nordaust for Ospahjellneset får grensa ein skarp knekk mot nord.

I vårt framlegg til ny kommunegrense trekkjer vi grensa vidare frå dette knekkpunktet, innover Norddalsfjorden, og legg til grunn at grensa skal liggje midtfjords. Framlegg til ny grense er i regelen trekt med lilla strek.

Søraust for Linge får grenseframlegget ein skarp knekk søraustover. Her er ny grense markert med raud farge for å skilje den frå øvrig grenseframlegg. Årsaka er at landarealet her har usikre eigedomsgrenser, og det er ikkje oppført gards og bruksnummer verken i kartgrunnlaget til NIBIO eller på GISlink. Vårt prinsipp er at ny grense skal vere identisk med grensene mellom landeigedommar knytt til bygda Norddal, og landeigedommar knytt til bygdene Fjørå/Tafjord. I akkurat dette området må desse eigedomsforholda avklarast før framlegget til ny kommunegrense kan setjast.

Frå ca. Kyrkjefjellet og vidare sørover, så søraustover og vidare sørvest- og vestover, skal framlegget til ny kommunegrense fylgje grensa mellom gardane i bygda Norddal, og gardane i bygdene Fjørå og Tafjord. Grensa vert i praksis gåande om lag i vasskiljet mellom desse bygdene.

Ut frå dette vert grensa gåande mellom desse eigedommane:

Mellom gbn. 49/7 og gbn. 0/0 (merka slik i Gislink). Arealet på 0/0 er der det er uavklarte eigedomsgrenser.
Mellom gbn. 49/7 og gbn. 47/1
Mellom gbn. 49/7 og gbn. 45/1
Mellom gbn. 49/7 og gbn. 37/7
Mellom gbn. 50/1 og gbn. 31/1 (sistnemnde ser ut til å ha ein smal teig mot nordenden av Litlejordhornet)
Mellom gbn. 50/1 og gbn. 44/1
Mellom gbn. 50/1 og gbn. 43/1
Mellom gbn. 50/1 og gbn. 42/1

### KARTVEDLEGG

Det vert vist til kartvedlegg under med følgjande kart:

- Grensejustering 1. Oversynskart
- Ny kommunegrense 1. Norddalsfjorden vest
- Ny kommunegrense 2. Norddalsfjorden aust
- Ny kommunegrense 3. Usikker grensestrek grunna usemje om eigedomsgrenser
- Ny kommunegrense 4. Kyrkjefjellet-Kallskaregga
- Ny kommunegrense 5. Kallskaregga-Litlejordhornet
- Ny kommunegrense 6. Litlejordhornet-Slettdalsreset

~~Landbrukseiendom~~ [redacted] GRENSEJUSTERING -OVERSYNSKART ~~Markslag (AR5)~~ [redacted]




Målestokk 1:75000 ved A3 liggende utskrift

NIBIO

*Dato: 2016-06-15 21:52:02 - Side 1 av 1*

# NY KOMMUNEGRENSE 1 : NORDDALSFJORDEN VEST




0 200 400 600m

Målestokk 1 : 20000 ved A4 utskrift

Utskriftsdato: 15.06.2016

~~GÅRDSKART~~ [redacted]

~~Tilknyttede grunneiendommer:~~

[redacted]

NIBIO
NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI

**Forklaring ny kommunegrense 1 – Norddalsfjorden vest:**

Frå knekkpunktet i eksisterande grense nord for Ospahjellneset, vert ny grense trekt vidare innover Norddalsfjorden. Prinsippet er at grensa skal gå midtfjords. Streken på kartet er ikkje nøyaktig i høve til dette prinsippet.

# NY KOMMUNEGRENSE 2: NORDDALSFJORDEN AUST




0 200 400 600m

Målestokk 1 : 20000 ved A4 utskrift

Utskriftsdato: 15.06.2016

~~GÅRDSKART~~ [redacted]

~~Tilknyttede grunneiendommer:~~

[redacted]

NIBIO
NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI

**Forklaring ny kommunegrense 2 – Norddalsfjorden aust**

Prinsippet er at ny kommunegrense skal gå midtfjords vidare innover Norddalsfjorden. Nord for Bytegrova/Vindsneset vert det eit knekkpunkt der grensa dreier sørover inn mot land. Nøyaktig kvar dette knekkpunktet skal vere må avgjerast når grensetvisten det er vist til på eige kart er avgjort. Grensa i fjorden er ikkje innteikna nøyaktig.

NY KOMMUNEGRENSE 3 : Usikker grensestrek grunna usemje om eigedomsgrenser




0 200 400 600m

Målestokk 1 : 20000 ved A4 utskrift

Utskriftsdato: 15.06.2016

~~GÅRDSKART~~ [redacted]

~~Tilknyttede grunneiendommer:~~

[redacted]

NIBIO
NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI

**Forklaring ny kommunegrense 3 – Usikker grensestrek grunna usemje om eigedomsgrenser**

Frå fjorden og vidare søraustover er ny grense teikna tilfeldig inn gjennom eit område der det er usikkerheit og usemje om kvar grensene mellom gardane går. I GisLink er dette arealet merka med gards- og bruksnr. 0/0. I NIBIO står det utan gards- og bruksnummer. Grensetvisten mellom gardar heimehøyrande i Norddal og gardar heimehøyrande i Fjørå må avklarast før ny kommunegrense kan setjast. Prinsippet er at alt areal knytt til gardar i bygdene Norddal og Eidsdal skal inn under Stranda kommune.

# NY KOMMUNEGRENSE 4 : KYRKJEFJELLET – KALLSKAREGGA




0 200 400 600m

Målestokk 1 : 20000 ved A3 utskrift
Utskriftsdato: 15.06.2016

GÅRDSKART [redacted]
Tilknyttede grunneiendommer:
[redacted]

NIBIO
NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI

**Forklaring ny kommunegrense 4 – Kyrkjefjellet - Kallskaregga**

Prinsippet er at ny kommunegrense skal vere identisk med grensa mellom gardar i bygda Norddal og gardar i bygdene Fjørå/Tafjord. I praksis vil dette seie at grensa i hovudsak fylgjer vasskiljet mellom bygdene. Grensa er teikna så nøyaktig vi har greidd ut frå prinsippet. Prinsippet er overordna teikninga.

NY KOMMUNEGRENSE 5 & KALLSKAREGGA - LITLEJORDHORNET




0 200 400 600m

Målestokk 1 : 20000 ved A3 utskrift
Utskriftsdato: 15.06.2016

~~GÅRDSKART~~ [redacted]
~~Tilknytte grunneiendommer:~~ [redacted]

NIBIO
NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI

**Forklaring ny kommunegrense 5 – Kallskaregga - Litlejordhornet**

Prinsippet er at ny kommunegrense skal vere identisk med grensa mellom gardar i bygda Norddal og gardar i bygdene Fjørå/Tafjord. I praksis vil dette seie at grensa i hovudsak fylgjer vasskiljet mellom bygdene. Grensa er teikna så nøyaktig vi har greidd ut frå prinsippet. Prinsippet er overordna teikninga.

# NY KOMMUNEGRENSE 6 : LITLEJORDHORNET - SLETTDALSRESET




0 200 400 600m

Målestokk 1 : 20000 ved A3 utskrift
Utskriftsdato: 15.06.2016

~~GARDSKART~~ [redacted]
~~Tilknyttede grunneiendommer:~~
[redacted]

NIBIO
NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI

**Forklaring ny kommunegrense 6 – Litlejordhornet - Slettdalsreset**

Prinsippet er at ny kommunegrense skal vere identisk med grensa mellom gardar i bygda Norddal og gardar i bygdene Fjørå/Tafjord. I praksis vil dette seie at grensa i hovudsak fylgjer vasskiljet mellom bygdene. Ny grense møter eksisterande grense like vest for Slettdalsreset.



KOMMUNEREFORM

# UTGREIING AV ALTERNATIV KNYTT TIL BYGDENE NORDDAL OG EIDSDAL INN I STRANDA KOMMUNE

Forfatta av arbeidsgruppa for utgreiing av alternativ kommunetilknyting for bygdene Norddal og Eidsdal:

Else Ragni Yttredal

Merete Løvoll Rønneberg (leiar)

Frode Rønneberg

Knut Grønningsæter

Norddal og Eidsdal

29. desember, 2015

# INNHALDSLISTE

INNHALDSLISTE ..... 3

FØREORD ..... 4

EIT LITE SAMANDRAG, HOVUDKONKLUSJONAR OG VIDARE ARBEID ..... 5

ARBEIDSGRUPPA SINE HOVUDKONKLUSJONAR ..... 5
VIDARE ARBEID MED ALTERNATIVET ..... 7

0. INNLEIING ..... 9

1. BAKGRUNN - BYGDENE NORDDAL OG EIDSDAL ..... 11

1.1 GEOGRAFI OG SAMFERDSLE ..... 11
1.2 FOLKETAL ..... 12
1.3 NÆRINGSLIV ..... 12

2. PROSESSEN ..... 14

2.1 STARTEN PÅ ARBEIDET OG FORHOLDET TIL NORDDAL KOMMUNE ..... 14
2.2 BYGDEMØTE ..... 18
2.3 FORHOLDET TIL FYLKESMANNEN ..... 18
2.4 FORHOLDET TIL STRANDA KOMMUNE ..... 18
2.5 HØYRING OG VIDARE FRAMDRIFT ..... 19

3. DATAGRUNNLAG ..... 20

4. NORDDAL ELLER STRANDA KOMMUNE? UTGREIING AV ALTERNATIVA ..... 21

4.1 TENESTEYTING ..... 22
4.2 SAMFUNNSUTVIKLING ..... 32
4.3 DEMOKRATI ..... 38
4.4 ØKONOMI ..... 41

5. ARBEIDSGRUPPA SINE VURDERINGAR SETT I FORHOLD TIL MÅLSETTINGAR MED KOMMUNEREFORMA ..... 46

5.1 GODE OG LIKEVERDIGE TENESTER TIL INNBYGGJARANE ..... 46
5.2 HEILSKAPLEG OG SAMORDNA SAMFUNNSUTVIKLING ..... 47
5.3 BEREKRAFTIGE OG ØKONOMISK ROBUSTE KOMMUNAR ..... 48
5.4 STYRKA LOKALDEMOKRATI ..... 48

6. ARBEIDSGRUPPA SI OVERORDNA VURDERING OG TILRÅDING ..... 49

6.1 VURDERING AV HEILSKAPEN ..... 49
6.2 TILRÅDING ..... 50
6.3 KOMMENTARAR TIL ANDRE ALTERNATIV KNYTT TIL KOMMUNEINNDELING ..... 51

7. VEDLEGG ..... 53

7.1 VEDLEGG 1: INVITASJON OG SPØRJESKJEMA SPØRJEUNDERSØKING ..... 54
7.2 VEDLEGG 2: INVITASJON TIL KOMMUNANE ..... 56
7.3 VEDLEGG 3: SVAR FRÅ ORDFØRAREN I NORDDAL ..... 58
7.4 VEDLEGG 4: E-POST TIL FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL ..... 59
7.5 VEDLEGG 5: SVAR FRÅ FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL ..... 61
7.6 VEDLEGG 6: INVITASJON TIL BYGDEMØTE LEVERT TIL ALLE HUSSTANDAR I NORDDAL OG EIDSDAL ..... 64
7.7 VEDLEGG 7: STEMMESETEL OM UTGREIING, NYTTA PÅ BYGDEMØTE ..... 66
7.8 VEDLEGG 8: SORTERTE NOTATAR FRÅ BYGDEMØTE ..... 67
7.9 VEDLEGG 9: SVAR FRÅ NORDDAL KOMMUNE 23. NOVEMBER, 2015 ..... 74
7.10 VEDLEGG 10: FORSLAG OM ETABLERING AV MINIKOMMUNEN GEIRANGER I VERDSARVOMRÅDET ..... 77
7.11 VEDLEGG 11: KORRESPONDANSE MED FYLKESMANNEN 7.-8. DESEMBER, 2015 ..... 78

8. REFERANSAR ..... 80

## FØREORD

Denne utgreiinga har kome til med utgangspunkt i eit initiativ frå innbyggjarane i bygdene Eidsdal og Norddal i Norddal kommune. Kommunereformprosessen og kommunestyrevedtak gjort i Norddal kommune 12. februar i år dannar noko av ramma for initiativet og for val av tidspunkt, men uavhengig av kommunereforma har det lenge vore snakka om i bygdene å sjå på alternativet å gå mot Stranda. Formålet med utgreiinga har vore å få ein oversikt over fordeler og ulemper for bygdene knytt til alternativ tilknyting til Stranda kommune.

Utgreiinga har sterk folkeleg støtte, men har ikkje finansiell støtte og er derfor basert på dugnadsinnsats og gjort på fritida. Utgreiinga er gjennomført og styrt av ei arbeidsgruppe til dette formålet, valt av innbyggjarane i Norddal og Eidsdal.

Utgreiinga består av mange vedlegg. Normalt ville dette ikkje vore naudsynt, men arbeidsgruppa ser eit behov for å dokumentere at prosessen og arbeidet har legitimitet blant innbyggjarane i bygdene Eidsdal og Norddal. Dette har vi gjort ved grundig å gå gjennom og dokumentere prosessen fram til denne rapporten.

Arbeidsgruppa står i fellesskap bak innhaldet i utgreiinga.

Arbeidsgruppa 29. desember, 2015

| | | | |
|---|---|---|---|
| Merete Løvoll Rønneberg (leiar) | Frode Rønneberg | Knut Grønningsæter | Else Ragni Yttredal |

## EIT LITE SAMANDRAG, HOVUDKONKLUSJONAR OG VIDARE ARBEID

Denne utgreiinga er skrive av ei arbeidsgruppe valt av innbyggjarane i Eidsdal og Norddal på bygdemøte i Eidsdal 9. november, 2015. Formålet er få ein oversikt over fordeler og ulemper for bygdene Norddal og Eidsdal knytt til ein overgang frå Norddal til Stranda kommune. Kommunereformprosessen og kommunestyrevedtak gjort i Norddal kommune 12. februar i år dannar noko av ramma for initiativet og for val av tidspunkt, men uavhengig av kommunereforma har det lenge vore snakka om i bygdene å sjå på alternativet å gå mot Stranda. Bakgrunnen for dette er ei naturleg geografisk tilknyting til Geiranger, men også ein aukande misnøye med politiske prosessar og prioriteringar i Norddal kommune.

Rapporten har blitt omfattande av fleire grunnar. Vi ser det som naudsynt å gå nøye inn i materien. Vi har også følt at det har vore naudsynt å få fram både bakgrunnskunnskap, eit bilete av innbyggjarane si meining (frå bygdemøte 9. november, 2015) og klart skilje ut arbeidsgruppa sine vurderingar. På denne måten voner vi folk kan gjere seg opp ei eiga meining om saka. For å dokumentere at initiativet har legitimitet mellom innbyggjarane har vi også sett det som naudsynt å skildre prosessen fram til denne rapporten inngåande og legg også ved mange vedlegg.

Med bakgrunn i dette synest vi det er vanskeleg å lage eit fullstendig samandrag av rapporten. Vi vel derfor å flytte hovudkonklusjonane fram for å gjere rapporten meir lesarvenleg. Vi gjer det nølande, sidan vi likar å tru at konklusjonane er eit resultat av det vi har funne ut, men på denne måten kan folk først få sjå kva vi har tenkt og så bla i rapporten for å gjere seg opp ei eiga meining. Vi voner flest mogleg gjer det.

Rapporten er bygd opp slik: Første fire kapittel gir generell bakgrunn om bygdene Norddal og Eidsdal, skildrar prosessen fram til denne rapporten, og seier noko om datagrunnlaget. Kapittel fem er ei utgreiing av alternativa og går gjennom viktige sider ved kommunane: tenesteyting, samfunnsutvikling, demokrati og økonomi – med tanke på sjå på fordeler og ulemper med ei ny tilknyting til Stranda for bygdene Norddal og Eidsdal. Alle delemna innafor kapittel fem er delt inn i tre delar: Generell bakgrunnsinformasjon, innspel frå bygdemøtet og arbeidsgruppa sine vurderingar knytt til dette feltet. I siste del av rapporten (kap. 6 og 7) gjer arbeidsgruppa ut frå gjennomgangen vurderingar opp mot intensjonane med kommunereforma og gjer ein heilskapleg vurdering av alternativ tilknyting til Stranda kommune. Gruppa vurderer til slutt «vårt» alternativ i relasjon til alternativ for omkringliggjande kommunar i kommunereforma.

## ARBEIDSGRUPPA SINE HOVUDKONKLUSJONAR

Politikk dreier seg om fordeling av gode og byrdar i samfunnet og politiske vindar snur fort. Arbeidsgruppa kan dermed ikkje vite kva som skjer i framtida. Arbeidsgruppa tilrår likevel at ein arbeider vidare for **eit skifte av kommunetilknyting** til Stranda kommune av desse grunnane:

- Geiranger, Eidsdal og Norddal er ei naturleg eining geografisk og det er tett samkvem mellom bygdene, noko det er mogleg å byggje vidare på.
- Bygdene Norddal og Eidsdal og Stranda kommune (med spesiell vekt på Geiranger) har delvis like, delvis supplerande næringsstruktur som kan utnyttast. Desse er spesielt knytt til landbruk og næringsmiddelindustri og turistnæringa. Felles kommunetilknyting vil kunne gjere det enklare å utnytte potensialet som ligg i området.
- Saman kan bygdene Geiranger, Eidsdal og Norddal vere sterkare i viktige politiske saker for bygdene.
- Norddal og Eidsdal vert del av ei større kommune med meir føreseielege rammevilkår på sikt og dermed også moglegvis meir føreseieleg nivå knytt til kommunen sine tilbod.
- Innafor dei aller viktigaste tenesteområda som helse, og då spesielt legehjelp, innafor skule og barnehage og innafor eldreomsorg, vil det verte lettare å finne gode løysingar tilpassa framtida i Stranda kommune

enn i Norddal kommune. Eitt element i dette er også mogleg samordning av tenestene med Geiranger ved behov.

- Ei ny kommunetilknyting gjer det mogleg å kome ut av fastgrodde mønster og få ein ny start. Vi ser ikkje at Norddal kommune i næraste framtid vil endre eller demokratisere dei politiske prosessane. Norddal kommune si haldning til spørsmålet om kommunetilknyting for bygdene Norddal og Eidsdal stadfestar dette – sjølv med eit nytt kommunestyre.
- Vi ser ikkje at Norddal kommune i framtida vil endre sentraliseringspolitikken i kommunen. Sjølv om Senterpartiet for denne perioden har rekt ut ei hand ved valløftet om å sikre ungdomsskule i Eidsdal, trur vi den stramme økonomien på sikt vil gi vind i segla til sentraliseringskreftene. Seinast kjem denne diskusjonen fram i budsjettdebatten for 2016.[1]

Vi er då likevel klar over:

- At avstanden til politiske avgjerder vert større.
- At avstanden til kommunesenteret vert større.
- At avstanden til nokre tenester som lege og sjukeheimsplassar truleg vert større.
- At dei økonomiske rammevilkåra ikkje vert betre.
- At ei ny kommunetilknyting er ressurskrevjande og krev omstilling på mange tenesteområde.
- At potensialet for splid og usemje mellom bygdene Eidsdal, Norddal og Geiranger vil vere større ved mogleg «deling» av tenestene eller nedskjeringar.
- At tilrådinga kan bidra til å gjere forholdet mellom bygdene på nordsida og sørsida av fjorden i Norddal kommune endå meir betent. Vert nordsida att åleine, vert det truleg vanskelegare å bestå som eiga kommune.

For ein nærare gjennomgang av alternativa og grunngjeving for tilrådinga sjå kapittel 7.

For å få til eit godt samarbeid mellom bygdene er ein grunnleggjande **føresetnad at både Geiranger, Eidsdal og Norddal tener på samarbeid.** Dersom berre ei av bygdene «vinner», vil samarbeidet fort smuldre opp. **Vi tilrår derfor at innbyggjarane vel eit partipolitisk uavhengig, felles «bygdeutval»** som skal representere dei tre bygdene både på kort og lang sikt og vege opp for ulemper knytt til ein vanskeleg geografi. Utvalet skal og bør ta føre seg og bere fram saker som angår felles utvikling av bygdene.

Vidare er **kommunikasjonar** viktig. Ved ny tilknyting til Stranda bør ein sjå nærare på moglegheitene for å knyte saman bygdene i indre Storfjord i ein større arbeidsmarknad. Ferjeruter er viktige, hurtigbåt på fjorden er eitt alternativ, men det vil også vere viktig å sjå nærare på tilknyting austover.

Vår utgreiing inngår i ein heilskap med kommunereforma som ramme. Arbeidsgruppa har derfor også vurdert alternativet inn i ein større samanheng. **Med bakgrunn i denne utgreiinga ser vi ei samanslåing av heile Norddal kommune med Stranda kommune som ein fordel for bygdene Norddal og Eidsdal** – også i forhold til at berre Eidsdal og Norddal går inn i Stranda kommune. Ei slik samanslåing vil kunne skape større fleksibilitet i tenester og avhjelpe ulemper knytt til avstandar til Stranda, spesielt innafor helsetenester og sjukeheimstenester. Det vil også kunne gjere det enklare å ta ut effektivitetsgevinstar. Samstundes vil ei slik samanslåing gjere det mogleg å samordne samfunnsutviklinga innafor ein større region. Vi trur også at ei slik samanslåing vil styrkje den demografiske og demokratiske balansen mellom periferi og sentrum i Stranda kommune. Samordning mellom bygdene Geiranger, Eidsdal og Norddal vil også i ei slik eining vere eit naturleg val.

---

[1] Referert i Storfjordnytt 26. november, 2015.

**Vi meiner også at ei slik samanslåing vil vere ein fordel for heile Norddal kommune.** Innbyggjarundersøkinga viser at 62 prosent av innbyggjarane i Norddal kommune tenkjer at samanslåing av Norddal kommune med andre kommunar vil vere ein fordel (Sentio Research Norge AS November 2015, 36). Sett i eit samfunnsutviklingsperspektiv ser vi eit godt moglegheitsrom ved ei samanslåing med Stranda. Som kommunar har Norddal og Stranda både fellestrekk og kompletterande næringsliv. Stranda har sterk næringsmiddelindustri, medan industriarbeidsplassar er så og seie fråverande i Norddal. Derimot har Norddal kommune Muritunet og satsar sterkt innafor natur, kultur og helse. Landbruksnæringa ligg for begge kommunar som eit godt grunnlag. I siste leddet har særleg Stranda eit sterkt reiseliv. Både Geiranger og Strandafjellet er nasjonale fyrtårn på sine felt. I tillegg har delar av desse kommunane areal inn i Sunnmørsalpane , Tafjordfjella og Reinheimen nasjonalpark. På toppen av dette ligg den internasjonale verdsarvstatusen.

Alle desse faktorane medverkar til at **vi meiner ei samanslåing av heile Norddal kommune og Stranda kommune er det beste alternativet.** Ut frå vårt syn hadde det også vore ein fordel om Stordal var med i ein slik konstellasjon, men Stordal vender seg i hovudsak utover i kommunereformarbeidet sjølv om dei, slik som Norddal kommune, har vedteke å gå vidare med landkommunealternativet. Stordal har også vedteke å gå vidare med regionkommunealternativet i tillegg til alternativet å halde fram som eigen kommune og vil ikkje arbeide vidare med alternativet Indre Storfjord.[2]

## VIDARE ARBEID MED ALTERNATIVET

Frist for retningsval i kommunereformarbeidet er 31. januar, 2016. Arbeidsgruppa ser derfor føre seg at ein tidleg i januar 2016 gjennomfører eit nytt bygdemøte for bygdene Norddal og Eidsdal der rapporten vert lagt fram. Seinare i januar vil arbeidsgruppa arrangere eit val/spørjegransking der innbyggjarane kan gi uttrykk for kva alternativ dei meiner er det beste. Resultatet av dette valet vil bestemme vidare framdrift.

---

[2] Kjelde: Storfjordnytt 22. desember, 2015.

# 0. INNLEIING

Kommunereforma (Innst. 300 S (2013-2014)) har som mål å utvikle betre og sterkare kommunar. Alle kommunar har ei plikt til å greie ut moglegheiter i denne samanheng. Kommunestyret i Norddal kommune vedtok derfor 12. februar 2015 å greie ut fleire alternativ: a. At Norddal held fram som eiga kommune b. At Norddal går inn som ein del av ei storkommune på Nordre Sunnmøre c. At Norddal kommune går inn i ein felles kommune med Stranda, Stryn, Hornindal og ev. Sykkylven og Stordal d. At Norddal kommune vert delt, og sørsida går mot Stranda/Stryn (og ev. Sykkylven), og nordsida går mot Ålesundsregionen e. At Norddal kommune går inn i felles kommune med Skodje, Ørskog og Stordal.

Med bakgrunn i kommunestyrevedtaket har Norddal vore med på utgreiing av tre alternativ: 1. Alternativet Landkommune, beståande av kommunane Stordal, Ørskog, Skodje, Haram, Vestnes og Sandøy i tillegg til Norddal (Rapport frå styringsgruppa 7. september 2015). 2. Regionkommune Sunnmøre beståande av kommunane Giske, Haram, Hareid, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Ørskog og Ålesund (Rapport frå styringsgruppa 21. august 2015). 3. Alternativ Indre Stordfjord, beståande av kommunane Sykkylven, Stranda, Stordal og Norddal (Sunnmøre Regionråd 2015). I tillegg har Møreforsking på oppdrag frå Norddal kommune utarbeidd ein rapport som ser på fordeler og ulemper ved å halde fram som eigen kommune (Halvorsen 2015).

Alternativet med deling av kommunen er ikkje utgreidd. Med utgangspunkt i kommunereforma sendte derfor arbeidsgruppa som står bak denne rapporten, den 7. oktober 2015, ut invitasjon til alle husstandar i bygdene Norddal og Eidsdal i Norddal kommune. Spørsmålet var om det var ønskje om å greie nærare ut alternativ tilknyting av bygdene til Stranda kommune (vedlegg 1). Av 388 personar[3] med røysterett svarte 136 på undersøkinga. 125 røysta for ei utgreiing, sju røysta imot og fire svarte at dei ikkje visste. Tala viser eit stort engasjement for framtida til bygdene. For å setje det i perspektiv: Dersom Norddal og Eidsdal stemte likt med gjennomsnittet i kommunen i kommunevalet 2015 ville Senterpartiet hatt 100 røyster i desse bygdene.[4] Då fekk partiet 51 prosent av røystene i kommunen og reint fleirtal i kommunestyret. Engasjementet vart seinare understreka av stor oppslutning om bygdemøte (83 personar).

Formålet med denne utgreiinga er å få ein oversikt over fordeler og ulemper for bygdene Norddal og Eidsdal knytt til ein overgang frå Norddal til Stranda kommune. Initiativtakarane si haldning er at denne utgreiinga skal vere del av ein prosess for å vurdere nærare moglegheiter for bygdene, ikkje ei legitimering av eit standpunkt som er gitt på førehand. Fleire innbyggjarar har då også kome innspel som «Eg er for ei utgreiing, men det betyr ikkje at eg er for eit skifte av kommune til Stranda.» Tanken i Eidsdal og Norddal om ei tilknyting til Stranda er likevel av eldre dato. Norddal og Eidsdal er nært kopla til Geiranger geografisk, i fritid og yrke, men skilt frå den same bygda av kommunegrenser. Dette skaper ulemper for den vidare samfunnsutviklinga. Kommunereforma skaper dermed eit høve til å ta opp ei sak som i lengre tid har vore sett på som ei moglegheit for å fremje samfunnsutviklinga i dei to bygdene og i regionen.

Samstundes ser vi at dette utgreiingsarbeidet løfter fram diskusjonar om andre alternativ for Norddal kommune knytt til kommunereforma. Vår utgreiing går ikkje direkte inn på desse alternativa, men vi kjem tilbake til dette i konklusjonane og avslutningsvis – nettopp fordi vi ser at «vår» diskusjon om tilknyting til Stranda kommune vil kunne ha konsekvensar for Norddal kommune som heilskap. Den vil også moglegvis til slutt vere nøydd til å gå inn i ein større samanheng om vegval for indre Storfjord.

---

[3] Tal frå Norddal kommune.

[4] Basert på ei oppslutning om valet på 61 prosent der 10,6 prosent stemte blankt. Tal for kvar enkelt valkrins er ikkje tilgjengeleg.

Rapporten er bygd opp slik: Første fire kapittel gir generell bakgrunn om bygdene Norddal og Eidsdal, skildrar prosessen fram til denne rapporten, og seier noko om datagrunnlaget. Kapittel fem er ei utgreiing av alternativa og går gjennom viktige sider ved kommunane: tenesteyting, samfunnsutvikling, demokrati og økonomi – med tanke på sjå på fordeler og ulemper med ei ny tilknyting til Stranda for bygdene Norddal og Eidsdal. Alle delemna innafor kapittel fem er delt inn i tre delar: Generell bakgrunnsinformasjon, innspel frå bygdemøtet og arbeidsgruppa sine vurderingar knytt til dette feltet. I siste del av rapporten gjer arbeidsgruppa ut frå gjennomgangen vurderingar av alternativa; i kapittel seks opp mot intensjonane med kommunereforma og i kapittel sju ei friare heilskapleg vurdering av alternativ tilknyting til Stranda kommune. Gruppa vurderer til slutt «vårt» alternativ i relasjon til alternativ for omkringliggjande kommunar i kommunereforma.

# 1. BAKGRUNN - BYGDENE NORDDAL OG EIDSDAL

1. januar 2014, før oppstarten av kommunereforma, var det 428 kommunar i Norge. På same tidspunkt hadde kvar kommune i gjennomsnitt 11.939 innbyggjarar, men 335 kommunar hadde lågare innbyggjartal enn dette. Kommunen med like mange større som mindre kommunar (mediankommunen) hadde 4.661 innbyggjarar (Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2014, 21). Norddal kommune har per 1. januar 2015 1.676 innbyggjarar (Kjelde: SSB) og er dermed liten, uansett målestokk. Kommunen har nedgang i folketalet. Stranda hadde på same tidspunkt 4.605 personar og ligg dermed svært nært mediankommunen. Folketalet har vore forholdsvis stabilt i alle fall siste 30 år.[5]

## 1.1 GEOGRAFI OG SAMFERDSLE

Norddal kommune ligg inst i Storfjorden og omfattar bygdene Eidsdal, Fjørå, Tafjord, Valldal og Norddal. Kommunesenteret ligg på Sylte i Valldal. Bygdene Fjørå, Tafjord og Valldal er knytt saman med fylkesveg 92 på nordsida av fjorden (Norddalsfjorden og Tafjorden). Bygdene Eidsdal og Norddal er knytt saman med fylkesveg 91 på sørsida av fjorden. Eidsdal og Norddal er knytt til kommunesenteret Valldal med ferje Eidsdal – Linge som tek om lag ti minutt.




**Figur 1: Kartutsnittet viser kommunegrenser (sjøarealet kjem ikkje fram)), bygder og vegar i Norddal kommune og geografi i forhold til bygda Geiranger og kommunesenteret Stranda i Stranda kommune. Kjelde: Google maps.**

Bygdene Geiranger (Stranda kommune), Norddal og Eidsdal er knytt saman med riksveg 63 og fylkesveg 91 og er vinterstid avhengige av ferje Eidsdal – Linge for å kome til andre bygder og tettstader. Om sommaren er riksveg 63 over Grotli open mot Skjåk og Stryn. For å kome til kommunesenteret Stranda i Stranda kommune er

[5] 4745 personar i 1986 og svært små variasjonar sidan. Kjelde: SSB

innbyggjarar i Eidsdal, Norddal og Geiranger avhengige av to ferjer: Eidsdal – Linge og Liabygda – Stranda, kvar på om lag ti minutt.

## 1.2 FOLKETAL

Norddal kommune, har som dei fleste andre kommunar i innlandet av Møre og Romsdal ein forholdsvis stor nedgang i folketal.

**Tabell 1: Folketalsendringar for bygdene i Norddal kommune. Grunnkrinsnivå, 1. januar kvart år. Kjelde SSB. Statistikkbanken.**

| | 2000 | 2005 | 2010 | 2015 | Prosentvis nedgang i folketal |
|---|---|---|---|---|---|
| Norddal | 208 | 179 | 155 | 146 | - 30 % |
| Eidsdal | 414 | 384 | 365 | 349 | -16 % |
| Valldal | 1000 | 949 | 992 | 925 | -8 % |
| Fjørå | 179 | 156 | 169 | 154 | -14 % |
| Tafjord | 157 | 133 | 120 | 99 | -37 % |
| **Sum Norddal kommune** | **1960** | **1817** | **1801** | **1676** | **-14 %** |

Tabell 1 viser folketalsutviklinga for Norddal kommune i perioden 2000 – 2015. Folketalet i Norddal kommune har gått ned med 14 prosent i perioden og er spesielt stor i bygdene Tafjord og Norddal og minst i Valldal der kommunesenteret Sylte ligg.

## 1.3 NÆRINGSLIV

33 prosent av sysselsette i Norddal kommune er knytt til offentleg sektor (2013). Tilsvarande arbeider 67 prosent i privat sektor. Til samanlikning var 34,3 prosent tilsett i offentleg sektor i landet som heilskap same år (Kjelde: SSB) .

**Tabell 2: Hovudnæringane i Norddal kommune. Tala viser prosent av totalt tal sysselsette med bustad i Norddal kommune. Tabellen viser næringskategoriar i SSB som utgjer fem prosent eller meir av dei sysselsette.**

| Næring | Prosent sysselsette etter butad |
|---|---|
| Kraftforsyning | 5 % |
| Undervisning | 7 % |
| Omsorg utan butilbod, barnehagar mv. | 8 % |
| Jordbruk og tilhøyrande tenester, jakt | 8 % |
| Detaljhandel, unntak for motorvogner | 9 % |
| Pleie og omsorg i institusjon | 9 % |
| Helsetenester | 10 % |
| **Totalt** | **56 %** |

Tabell 2 viser dei viktigaste næringane i Norddal kommune. Vi ser at pleie, omsorg og helsetenester dominerer dersom ein ser desse under eitt. Dette har mellom anna samanheng med at Muritunet – Senter for Meistring og Rehabiligering er, kanskje den einaste, større arbeidsplassen i kommunen utanom kommunen sjølv.

Norddal kommune er tradisjonelt ei landbrukskommune. Sysselsette i landbruket er likevel, som elles i landet, på veg ned. Andelen som arbeider i landbruket, av totalt tal sysselsette busett i kommunen, har gått ned frå 12 prosent i 2008 til 8 prosent i 2014. Forutan landbruk er detaljhandel, undervisning og kraftforsyning viktig.

Næringslivet i kommunen er elles samansett av små einingar. Berre Muritunet kan seiast å vere ein større arbeidsplass. Reiseliv er sett på som ei potensiell vekstnæring for kommunen, men berre 15 personar høyrde i 2014 innunder kategorien overnattingsverksemd og dette er ein nedgang på fem personar sidan 2008.

Tal knytt til næringsstrukturen for Norddal og Eidsdal isolert sett er vanskeleg tilgjengeleg, men det er grunn til å tru at strukturen i desse bygdene liknar på strukturen for kommunen totalt sett, kanskje med ein noko sterkare posisjon for landbruket.

# 2. PROSESSEN

Denne utgreiinga er eit initiativ frå innbyggjarane i Norddal og Eidsdal, men har ikkje fått tilslutning frå Norddal kommune. I dette kapittelet vil vi derfor skildre prosessen fram til denne rapporten forholdsvis inngåande. Med dette ynskjer vi å vise at initiativet har brei oppslutning i befolkninga i Norddal og Eidsdal og også at den er nært knytt til kommunereformprosessen i Norddal kommune. Arbeidsgruppa har også heile tida hatt intensjonar om å spele med opne kort overfor både kommunar, befolkninga og andre.

## 2.1 STARTEN PÅ ARBEIDET OG FORHOLDET TIL NORDDAL KOMMUNE

Kommunestyret vedtok 12/2 2015 å greie ut fem alternativ i det vidare arbeidet med kommunereform. Vedtak 003/15 lydde slik:

1) Handlingsplan for arbeidet med kommunereform i Norddal kommune av 19.01.15 vert vedtatt med dei endringane som vart vedtatt i formannskapsmøtet 26.01.15.
2) Planen skal vere eit levande dokument og oppdaterast med jamne mellomrom
3) Kommunestyret meiner at ein i denne omgang må greie ut nærmare følgjande modellar for ny kommunestruktur
   a) At Norddal held fram som eiga kommune
   b) At Norddal går inn som ein del av ei storkommune på Nordre Sunnmøre, jamfør initiativ frå Ålesund og Haram
   c) At Norddal kommune går inn i ein felles kommune med Stranda, Stryn, Hornindal og ev. Sykkylven og Stordal
   d) At Norddal kommune vert delt, og sørsida går mot Stranda/Stryn (og ev. Sykkylven), og nordsida går mot Ålesundsregionen
   e) At Norddal kommune går inn i felles kommune med Skodje, Ørskog og Stordal.

   Norddal kommune vil undervegs vere opne for å sjå på andre alternativ. Her må ein ha tett dialog med nabokommunane for å synkronisere arbeidet med dei, og sjå på kva alternativ som kan vere realistiske å få greidd ut.

4) Kommunestyret ber ordførar og rådmann om å ta kontakt med dei nemnde kommunane for å kome i gang med utgreiingsarbeidet.

Til no er Regionkommunealternativet (alt.b), alternativ Indre Storfjord (alt.c) og landkommunealternativet (alt. e) utgreidd gjennom samarbeidet med Sunnmøre regionråd.[6] I tillegg har Møreforsking utarbeidd ein rapport der det vert sett på fordeler og ulemper for Norddal kommune ved å stå åleine (Halvorsen 2015). Alternativ d er enno ikkje greidd ut.

Tidlegare hadde kommunestyret gjort vedtak om å setje ned ei arbeidsgruppe for å arbeide med kommunereforma (Sak 92/14). Arbeidsgruppa var sett saman av rådmann Tor Helge Stavdal, ordførar Bjørn Inge Ruset (Ap), varaordførar Per Magnus Berdal (Sp) og Merete Løvoll Rønneberg (Norddalslista). Merete Løvoll Rønneberg, tok i arbeidet initiativ til å sjå på alternativ d med deling av kommunen. Dåverande ordførar Bjørn Inge Ruset (Ap) tok med bakgrunn i dette kontakt med ordførar Jan Ove Tryggestad (Sp) i Stranda kommune. I følgje Rønneberg, vart det referert attende at Tryggestad hadde svara at «det kunne vere interessant», men det vart ikkje tatt noko vidare initiativ for å greie ut eit slikt alternativ. Ruset sa òg at eit vidare initiativ eventuelt måtte kome frå bygdene. Rønneberg tok derfor seinare kontakt med Tryggestad om

---

[6] Sjå heimesidene til Sunnmøre regionråd for informasjon og rapportar: http://www.sunnmoreregionrad.no/index.php/samarbeidsprosjekter/kommunereform

korleis ein kunne gå fram vidare. Haldninga han hadde var at det for han ikkje var mogleg å gå inn i dette utan at det kom ein førespurnad anten frå Norddal kommune eller frå bygdene sjølve.

Alternativet om å gå inn i Stranda kommune har vore drøfta «på bygda» i både Eidsdal og Norddal gjennom mange år. Dette vert mellom anna illustrert ved eit forslag om å opprette ein minikommune beståande av Norddal, Eidsdal og Geiranger, eit forslag som også vart fremja skriftleg under bygdemøtet knytt til denne prosessen (vedlegg 10). Bakgrunnen for tankane om endra kommunestruktur og tilknyting er truleg samansette, både at ein ser nytte av å vere tettare knytt mot Geiranger, og at det dei seinare år har vore stigande misnøye med korleis gode og byrder vert fordelte i Norddal kommune. Både ut frå dette og ut frå det faktum at ein no er inne i ein prosess med ei kommunereform, meinte fleire at det var tida for å gjere noko aktivt for å sjå nærare på alternativet. I fyrste omgang var det drøfta med einskilde lag og organisasjonar i dei to bygdene om dei kunne stå som initiativtakarar til ein slik prosess, men ein konkluderte raskt med at ingen av dei hadde mandat til ei slik oppgåve i føresegnene sine, og likeeins kunne det vere uheldig for omdømet til dei frivillige laga på sikt.

Det vart difor tatt kontakt med einskildpersonar frå dei to bygdene, og fire personar vart med i ei arbeidsgruppe for å arbeide vidare med alternativet. Desse var Knut Grønningsæter og Else Ragni Yttredal frå Norddal og Frode Rønneberg og Merete Løvoll Rønneberg frå Eidsdal.

Det fyrste som vart gjort var å gjennomføre ei spørjeundersøking mellom innbyggjarane i Norddal og Eidsdal (7. oktober, 2015) (sjå vedlegg 1). Undersøkinga hadde som formål å sondere ønsket om å få til ei nærare utgreiing av alternativet der desse to bygdene vart del av Stranda kommune. Dette vart gjort fordi ein ville ha klare signal på kva bygdefolket verkeleg ville, og unngå at ein gjekk i gang med ein prosess utan å ha innbyggjarane i Norddal og Eidsdal i ryggen.

Ut frå ynskje om å informere tidleg til arbeidsgruppa for kommunereforma oppnemnt av Norddal kommune, vart det gjeve svært kort svarfrist, berre 4 dagar. Spørjeskjema vart sendt ut på e-post så langt det var tilgang til mailadresser, og elles vart det lagt flygeblad i postkassene til alle husstandar i dei to bygdene. Svært mange gav tilbakemeldingar innafor fristen, og ein del også etter fristen gjekk ut. Totalt har det kome inn 136 svar. Av desse svara 7 «nei» til ei utgreiing, 4 svara «veit ikkje», og resten svara «ja». Arbeidsgruppa konkluderte såleis med at det var eit solid grunnlag for å gå vidare med saka.

Måndag 12. oktober var det møte i kommunen si arbeidsgruppe for kommunereforma, og Merete Løvoll Rønneberg orienterte då arbeidsgruppa om initiativet som var tatt, og signaliserte at ein ynskte eit godt samarbeid med både Norddal kommune og Stranda kommune vidare i prosessen.

I brev til politisk og administrativ leiing i begge kommunane 13. oktober orienterte arbeidsgruppa om resultatet av spørjeundersøkinga i bygdene. I brevet bad arbeidsgruppa om eit felles møte med begge kommunane der ein kunne drøfte saka og sjå på vidare framdrift (sjå vedlegg 2). Likeeins vart det signalisert ynskje om å ha eit bygdemøte i nær framtid og ønskje om at både Stranda og Norddal kommune kunne delta. Brevet vart følgt opp med telefonisk kontakt med begge rådmennene og begge ordførarane. Det viste seg at ordføraren i Norddal ikkje ynskte noko felles møte, og dette vart difor skrinlagt.

Torsdag 15. oktober var det felles møte mellom gammalt og nytt kommunestyre i Norddal kommune. Tema var kommunereforma. Her gjekk ein gjennom bakgrunnen for reforma og orienterte om dei utgreiingane som var gjennomført i Norddal. Også på dette møtet orienterte Merete Løvoll Rønneberg om initiativet på sørsida av fjorden.

Ordføraren i Norddal kommune inviterte arbeidsgruppa til møte i formannskapet i Norddal 2. november. Dette var fyrste møte i det nyvalde formannskapet i Norddal. Merete Løvoll Rønneberg, Knut Grønningsæter og Else

Ragni Yttredal møtte frå arbeidsgruppa og orienterte om bygdeinitiativet. Nokre forhold vart særskilt understreka:

- Initiativet har ikkje samanheng med valresultatet, men kom som konsekvens av fleire andre forhold
- Ynskje om høve til aktiv deltaking frå innbyggjarane/bygdene kring utgreiing om framtida vår
- Ynskje om godt samarbeid og open dialog med kommunen

Den 1. november var det allereie sendt ut invitasjon til bygdemøte for Norddal og Eidsdal til ordførar, rådmann, formannskap og gruppeleiarar i Norddal og Stranda kommunar. I formannskapsmøtet vart formannskapet igjen invitert og det vart lagt fram ønskje om vidare samarbeid om saka. Saka vart seinare i møtet drøfta i formannskapet utan at medlemer frå arbeidsgruppa var til stades. Svaret frå ordførar Arne Sandnes er referert på neste side og ligg ved i vedlegg 3.

Norddal kommune orienterte arbeidsgruppa sidan i brev sendt pr. mail 23/11-15 om at formannskapet i si innstilling rår til å oppheve kommunestyrevedtak 003/15 og gå vidare med berre «Ny landkommune» (nytt alternativ B) som samanslåingsalternativ. Elles ynskjer dei alternativa: A) å halde fram som eiga kommune og C) Samhandling med nabokommunar. Innstillinga vart seinare vedteken i kommunestyret 25. november (sjå vedlegg 9).

**(Eg ber om at dette brevet vert referert for bygdemøtet )**

Hei !

Eg takkar for invitasjon til å delta på bygdemøte i Eidsdal den 9.11.15 vedkomande kommunereforma.

Formannskapet drøfta initiativet og invitasjonen på bakgrunn av den presentasjonen de gav.

Som nemnt i telefonsamtale i dag finn eg det ikkje rett, som ordførar, å delta på bygdemøtet. Det er fleire grunnar til det:

- Alle utgreiingar/engasjement vedk. kommunereforma må vere forankra i kommunestyrevedtak. Dykkar initiativ kjem ikkje inn under gjeldande vedtak, dvs. pkt. 3 d i KS 003/15 av 12. 02. 2015. Nemnte vedtak inneber at det vert gjort ei tilsvarande konsekvensanalyse for norsida av kommunen. Det ligg ikkje inne i initiativet dykkar. Difor må det tolkast som eit nytt alternativ. Men - før eit slikt nytt arbeid eventuelt vert sett i gang, må det godkjennast av kommunestyret. Eg legg vidare til grunn at Norddal kommune tek eigarskap til ein eventuell prosess slik som har vore vanleg i dei andre utgreiingane som har vore sette i gang i 2015.

- Fylkesmann sin milepels plan føreset at alt utgreiingsarbeid skal vere avslutta pr. 31.12.15. Deling av ei kommune er på alle måtar ei svært krevjande oppgåve - ikkje minst tidsmessig. Prosessen er regulert av eit lovverk, dvs. Delingslova, og her vil både den regionale stat og rettsapparatet kunne bli trekte inn. Eg har difor vanskeleg for å sjå at det er muleg å gjennomføre ei forsvarleg analyse som grunnlag for ei beslutning innafor dei standardfristar som er gitt av fylkesmann.

- Til slutt stiller eg spørsmål ved om ei slik deling, som det ein her legg opp til, er i tråd med intensjonane for kommunereforma. Ved ei eventuell deling av Norddal kommune , vil 3 bygder på sørsida av fjorden (ikkje 1 som i dag), måtte reise gjennom ei nabokommune for å kome til sitt eige kommunesenter. Det verkar på meg både ulogisk og upraktisk når hensikten er etablere meir funksjonelle grenser mellom kommunar.

Formannskapet i Norddal har bede rådmann førebu ei sak på kommunerformarbeidet for det nye kommunestyret. Den kjem opp i formannskapet den 19.11 og i kommunestyret den 25.11. Der vil dykkar initiativ og bli omtala og vurdert som grunnlag for eit vedtak. Først når kommunestyret har gjort vedtak, har eg som ordførar fått ei fullmakt til å agere i forhold til eventuell nye alternativ.

Eg vonar at eg ikkje vert oppfatta som formalistisk i dette tilfellet. Det er slett ikkje meininga. Eg vil tvert imot gi uttrykk for at eg set pris på initiativ som kjem nedanfrå. Men - å sette i gang ein prosess med mål å splitte ei kommune, er ei svært alvorleg sak som berører alle innbyggarar - uavhengig av bustad. Eg vel difor å halde meg strengt til spelereglane inntil kommunestyret har sagt sitt.

Til lukke med møtet!

Med vennleg helsing

Arne Sandnes

Feltet over: Ordførar i Norddal kommune sitt svar på invitasjon til å delta på bygdemøte for Eidsdal og Norddal i høve kommunereforma. Sendt på e-post til arbeidsgruppa, ordførar og rådmann i Stranda, rådmann i Norddal og postmottak i Stranda og Norddal kommune, 3. november, 2015. Kopi til resten av formannskapet. Sjå også vedlegg 3.

## 2.2 BYGDEMØTE

9. november, 2015 vart det gjennomført bygdemøte for bygdene Norddal og Eidsdal. Invitasjon til bygdemøtet vart lagt i postkassene til alle husstandar (vedlegg 6), i tillegg vart invitasjonar og påminningar sendt ut på e-post. Ved butikkane i begge bygdene var det sett opp plakatar om møtet. Innbyggjarane i Geiranger var også inviterte gjennom oppslag av plakat på daglegvarebutikken i bygda. 83 personar deltok på møtet (derav ein frå Geiranger). Alle deltakarar vart registrerte. 82 personar er om lag 17 prosent av det totale folketalet i Eidsdal og Norddal, og 21 prosent av dei som har stemmerett i bygdene.

Ordførar og formannskap i kommunane Stranda og Norddal var inviterte til bygdemøtet. Det same var gruppeleiarane frå partia som ikkje er representerte i formannskapet. Ordførarane var også inviterte til å halde innlegg om: «Tankar kring kommunereforma og vårt alternativ». Sidan ordførar i Norddal kommune takka nei til å delta på bygdemøtet, meinte ordførar i Stranda kommune heller ikkje han kunne delta. Berre ein politikar frå formannskapet i Norddal møtte dermed opp. Vedkomande er også innbyggjar i Eidsdal. Det var elles ikkje registrert andre representantar korkje frå formannskap, parti eller kommunestyre i Norddal eller Stranda kommunar.

Orientering frå ordførarar gjekk dermed ut av programmet for bygdemøtet. Møtet inneheldt dermed først ei innleiing om kommunereforma og ulike alternativ. Hovudtyngda var likevel lagt på ei SWOT – analyse nærare beskrive i neste kapittel. På bygdemøtet vart det også arrangert eit val knytt til 1. Om ein skulle gå vidare med å greie ut moglegheita for at Norddal og Eidsdal skal gå inn i Stranda kommune. 2. Fire representantar til ei arbeidsgruppe (to frå Norddal og to frå Eidsdal). Møtelyden nytta stemmesetel og stemde anonymt (sjå vedlegg 7). Resultat frå valet var at: 68 personar meinte at ein skulle gå vidare med å greie ut alternativet. Fire personar meinte at ein ikkje skulle gå vidare med utgreiingsarbeidet. Fem personar stemte blankt på dette spørsmålet. Desse vart valde til å arbeide vidare med saka med god margin: Merete Løvoll Rønneberg og Frode Rønneberg (Eidsdal) og Knut Grønningsæter og Else Ragni Yttredal (Norddal). Merete Løvoll Rønneberg er vidare av arbeidsgruppa valt til leiar. Det var også desse som var med å ta initiativet. Det var ope for møtelyden å kome med andre forslag.

## 2.3 FORHOLDET TIL FYLKESMANNEN

Frå starten av er Fylkesmannen orientert om initiativet. Dette med bakgrunn i at ei sak med grensejustering eller deling av ein kommune er krevjande, og det er naudsynt å gjere ting i rett rekkefølgje. Brev til kommunane er undervegs sende med kopi til Fylkesmannen, og det har vore telefonisk kontakt med fleire.

I forkant av bygdemøtet den 9. november, hjelpte Fylkesmannen til å utforme ein presentasjon om kommunereforma. I tillegg hadde vi spørsmål kring tolking av Inndelingslova. Brevet vårt og svarbrevet frå Fylkesmannen finst som vedlegg til rapporten (vedlegg 4 og 5).

I etterkant av bygdemøtet er det sendt ei oppsummering av arbeidet så langt til både kommunane og Fylkesmannen. Arbeidsgruppa har også bedt om eit møte med fylkesmannen om den vidare prosessen (vedlegg 11).

## 2.4 FORHOLDET TIL STRANDA KOMMUNE

Stranda kommune har vore informert om initiativet i heile perioden per telefon og e-post. Kommunen var positiv til å vere med på bygdemøte, men ettersom Norddal kommune ikkje ville stille fann ordførar og rådmann det ikkje passande at Stranda skulle delta. I siste del av november bad arbeidsgruppa for initiativet

derfor om eit uformelt møte med Stranda kommune for å drøfte moglegheiter og utfordringar ved ei ny tilknyting til kommunen. Møtet vart gjennomført 3. desember på Stranda. Ordførar og rådmann stilte frå Stranda kommune, medan Merete Løvoll Rønneberg og Else Ragni Yttredal representerte den lokale arbeidsgruppa.

Den viktigaste funksjonen til møtet var å få betre innsyn i kvarandre sine tankar når det gjeld prioriteringar av tenesteyting og satsing på samfunnsutvikling i framtida. Samstundes hadde det stor verdi å få meir kunnskap om drifta av Stranda kommune i dag. Ei av dei største utfordringane er truleg kommunikasjonar, og det vart diskutert korleis ein kan få til forbetringar på dette feltet ved ei eventuell samanslåing. Stranda kommune har gjennom heile prosessen og også i dette møtet signalisert klart at kommunen ser fordelar for Stranda kommune dersom Norddal og Eidsdal vert del av kommunen.

## 2.5 HØYRING OG VIDARE FRAMDRIFT

Eit høyringsutkast av denne rapporten vart 15. desember sendt ut til alle kjende e-post adresser i Eidsdal og Norddal. Det vart også lagt ut utskrifter på Coop i Eidsdal og Joker i Norddal. Frist for innspel vart sett til 28. desember for at utgreiinga skulle vere klar til utgreiingsfristen knytt til kommunereforma som er 31. desember dette året.

Det har innan høyringsfristen kome inn nokre få, for det meste munnlege kommentarar til arbeidet, men ingen forslag til substansielle endringar. Høyringsutkastet er likevel gått gjennom på nytt og det er gjort nokre mindre endringar i den endelege rapporten sett i forhold til høyringsutkastet.

Frist for retningsval i kommunereformarbeidet er 31. januar, 2016. Arbeidsgruppa ser derfor føre seg at ein tidleg i januar 2016 gjennomfører eit nytt bygdemøte for bygdene Norddal og Eidsdal der rapporten vert lagt fram. Seinare i januar vil arbeidsgruppa arrangere eit val/spørjegransking der innbyggjarane kan gi uttrykk for kva alternativ dei meiner er det beste. Resultatet av dette valet vil bestemme vidare framdrift.

# 3. DATAGRUNNLAG

Av andrehands kjelder er det i denne utgreiinga nytta tilgjengeleg statistikk, først og fremst frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) og dokument som årsmeldingar. I tillegg er informasjon henta frå Stranda og Norddal kommune sine nettsider. Andre kjelder har også vore tilgjengelege på internett.

I tillegg vart bygdemøtet 9. november nytta til datainnsamling. I bygdemøtet vart det nytta ein type SWOT – analyse, der møtelyden fekk høve til å kome med synspunkt knytt til styrkjer og svakheiter ved dagens situasjon og tilknyting til Norddal kommune, og moglegheiter og truslar dersom bygdene går inn i ei ny eining i Stranda kommune. Vi nytta gule lappar i arbeidet og ei veksling mellom individuelt arbeid, diskusjon i grupper og presentasjon i plenum. Ettersom alle skreiv ned sine innspel på gule lappar, og desse vart tekne vare på og dokumentert, fekk vi tatt vare på absolutt alle innspela i møtelyden. Slik kjem også styrken i det folk var opptekne av forholdsvis klart fram (sjå vedlegg 8 for fullstendig oversikt over innspela).

Til bygdemøtet var alle husstandar inviterte og 83 personar møtte fram, derav ein person frå Geiranger. 82 personar svarar til 21 prosent av dei med røysterett i Eidsdal og Norddal, eit svært høgt tal. Møtelyden hadde fått informasjon om at møtet skulle innehalde ein SWOT-analyse på førehand, men det var ikkje slik at møtelyden kom førebudd. Det betyr at dei innspela som kom fram ikkje var førebudde eller grundig vurdert. Korkje enkeltpersonar eller møtelyden som heilskap fekk høve til å prioritere dei ulike innspela.



Frå bygdemøte i Eidsdal 9. november, 2015. I arbeidet vart det veksla mellom individuelt arbeid, gruppearbeid og presentasjon i plenum. Alle innspel vart skrivne ned på lappar og dokumentert.

## 4. NORDDAL ELLER STRANDA KOMMUNE? UTGREIING AV ALTERNATIVA

I det følgjande vert det presentert bakgrunnsinformasjon som kan gi betre grunnlag for å vurdere korleis ulik kommunetilknyting vil påverke bygdene Eidsdal og Norddal. Arbeidsgruppa presenterer også sine vurderingar undervegs.

Ekspertutvalet (Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2014, 2014) har peika på at kommunane sine hovudfunksjonar kan delast inn i oppgåvene tenesteytar, utøvar av mynde, samfunnsutviklar og demokratisk arena. Mange utgreiingar knytt til kommunereforma har derfor nytta denne inndelinga i sine analysar. Dei andre utgreiingane der Norddal kommune har vore involvert følgjer også i stor grad denne malen. Sidan utøving av mynde er vanskeleg å skilje frå dei andre rollene vel vi å dele framstillinga inn i tenesteyting, samfunnsutvikling og demokrati, men inkluderer eit eige punkt om økonomi når vi går gjennom og vurderer korleis ulik kommunetilknyting vil påverke bygdene Eidsdal og Norddal. Vi skal likevel først sjå litt nærare på viktige underliggjande faktorar for analysen. Desse kjem også klart fram til dømes i innspela frå bygdemøtet.

**Geografi:** Norddal kommune og bygdene Norddal og Eidsdal ligg inst i ein fjord, med forholdsvis lange avstandar til større sentra. Geografien, så lenge samferdselsåra i hovudsak er på veg, avgrensar fordelar ved samanslåing av kommunale tilbod. Geografien gjer det også vanskeleg å finne gode samarbeidsområde og å ta ut effektiviseringsgevinstar ved kommunesamanslåing.

**Samferdsle:** Sett vekk i frå Geiranger, er Norddal og Eidsdal skilt frå den næraste omverda med ein fjord og ei ferje. Dette gjer både tilbod av tenester og generell samfunnsutvikling meir utfordrande enn mange andre plassar.

**Sentrumsfunksjonen**: Det at ein er avhengig av ferje til kommunesentra, både til Valldal og til Stranda er ein ulempe. Denne ulempa vert forsterka av at ingen av desse tettstadane i nokon stor grad fungerer som eit naturleg sentrum for bygdene Norddal og Eidsdal. Som handelssentra er tilboda i Valldal og Stranda ikkje gode nok til å vege opp for tiltrekkingskrafta frå Ålesund. Som arbeidsstad og næringssentrum er Valldal ikkje sterkt nok og Stranda noko langt unna til å vere eit naturleg val av arbeidsstad. Som kultursentrum har Ålesund større tiltrekkingskraft heile året og kanskje også Geiranger større tiltrekkingskraft sommartida.

**Identitet**: Eidsdal og Norddal har hatt ei sterk tilknyting til Norddal kommune, men denne har vorte tynnsliten over tid. Samstundes har bandet til Geiranger dei siste åra vorte sterkare gjennom samarbeid om idrett og andre fritidsaktivitetar. I tillegg har næringslivet i Geiranger over tid vorte tettare integrert med nabobygdene, både fordi Geiranger har gitt arbeidsplassar til folk frå nabobygdene, men også fordi Geiranger, slik vi tolkar det, har fått eit større behov for alliansepartnarar for å sikre nærings- og samfunnsutvikling. Folk i Geiranger har dermed dei siste åra, til ein viss grad vore meir opne for å tenkje Geiranger og omland i same tanke.

**Kommuneøkonomien:** Stranda kommune er på Robek-lista. Det betyr at kommunen har svært avgrensa økonomisk handlingsrom, og kommunen er prega av det. Dei siste åra har kommunen likevel klart å få kontroll på økonomien. Norddal kommune har historisk hatt spesielt stort handlingsrom på grunn av kraftinntekter. Fleire faktorar gjer at denne situasjonen er endra: Kommunen har etter kvart opparbeidd seg svært stor lånegjeld, og innbyggjartalet har dei seinare år gått kraftig attende, noko som svekkjer inntektsgrunnlaget. Samstundes har kommunen eit forholdsvis høgt tenestenivå, og utmerkar seg ved å bruke relativt mykje av midlane sine på ikkje-lovpålagte oppgåver.

## 4.1 TENESTEYTING

Økonomien i Norddal kommune har dei siste åra vorte strammare og tenestetilbodet for kommunen generelt og for bygdene Eidsdal og Norddal spesielt, er i endring. Mellom anna har skule- og barnehagetilbodet endra seg. Til 31. desember, 2012 eksisterte det ein skule (1. – 7. klasse) og ein barnehage i Norddal og ein skule (1. – 10. kl) og barnehage i Eidsdal. Sidan 1. januar, 2013 har Eidsdal skule dekt skulegang for bygdene Norddal og Eidsdal frå 1. – 10. klasse. Tilsvarande har Dalsbygda barnehage (i Norddal) dekt barnehagebehovet for dei to bygdene.

Det er òg endringar innafor omsorgstenestene, og kommunen arbeider for å dreie tilbodet sitt meir i retning heimetenester med mål om førebygging framfor pleie. Omsorgsbustad i Norddal er lagt ned, medan omsorgsnivået ved Eidsdal omsorgsbustader er lågare enn tidlegare.

Legekontoret i Eidsdal (ein legedag i veka) har gjennom mange år vore stengt delar av året, men siste åra har legedagen i Eidsdal falt vekk oftare enn vanleg. I lange periodar i 2015 har det ikkje vore legedag i Eidsdal.

### 4.1.1 OM TENESTENE

Oversikta på neste side viser tenestene i Norddal kommune. Framstillinga er i hovudsak basert på årsmeldinga til Norddal kommune for 2014.

Tabell 3 viser status for tenestene for innbyggjarane i Norddal og Eidsdal og noko informasjon om tenestetilbodet i Stranda og Geiranger til samanlikning. Vi tek føre oss dei tenestene vi ut frå bygdemøtet og ut frå eigne vurderingar ser på som viktigast å gå gjennom. Tenestene i begge kommunane vil sjølvsagt kunne vere i endring ettersom økonomien og prioriteringane i kommunane endrar seg.

Interkommunalt samarbeid har dei siste åra vorte ein svært utbreidd måte å løyse kommunale oppgåver. Norddal var i 2013 totalt involvert i 38 interkommunale samarbeid, ni lokale, 22 regionale og fem på eit høgare nivå. Norddal kommune har i stor grad vendt seg utover mot Stordal, Ørskog, Skodje og delvis Ålesund (Vinsand og Langset 2013, 10) og heller i mindre grad søkt samarbeid med Stranda. Stranda var på si side involvert i 26 interkommunale samarbeid i 2013, dei fleste av desse på regionalt nivå. Med dette hadde kommunen nest minst interkommunale samarbeid i fylket, nest etter Sykkylven på 36. plass. Norddal kommune på si side ligg omtrent midt på treet av kommunane.

I tillegg til tenestene som kjem fram i oversikt og tabellar, vert også andre forhold påverka av endring av kommunetilknyting, til dømes prestegjeld, soknegrenser og straumforsyning. Vi har ikkje ei totaloversikt over alle desse forholda.

# Tenester i Norddal kommune

Tenestene i Norddal kommune, ut frå årsmelding for Norddal kommune 2014 (Norddal kommune 2014) og rekneskap for Norddal eigedomsselskap KF (https://www.norddal.kommune.no/handlers/fh.ashx?FilId=12846)

**Administrasjon**

Eining/ansvarsområde: Rådmannskontor, stab.

- Rådmannskontoret (3 årsverk)
- Servicetorg (5,7 årsverk)
- Kommunekasse (3 årsverk)
- Stab (2 årsverk)
- Totale kostnadar 2014: 14,7 mill. kroner

**Skulefritidsordning**

Eining: Valldal skule SFO og Eidsdal skule SFO

- Eidsdal (0,4 årsverk, kostnadar 2014 111.538 kr)
- Valldal (2,2 årsverk, kostnadar 2014 782.006 kr)

**Grunnskule**

Eining/ansvarsområde: Eidsdal skule og Valldal skule

- Eidsdal skule, elevtal 65 (12 årsverk, kostnadar 8.425.143 kr)
- Valldal skule elevtal 152 (21,45 årsverk 16.233.538)

**Vaksenopplæring**

Eining: Valldal skule

- Årsverk 0,9/0,7, kostnadar 268.615

**Barnehage**

Eining/ansvarsområde: Syltebøen barnehage og Dalsbygda barnehage

- Syltebøen barnehage, barnetal 58 (13,4 årsverk, kostnad 6.475.000 kr)
- Dalsbygda barnehage, barnetal 18 (4,3 årsverk, kostnad 2.223.422 kr)

**Kultur**

Eining/ansvarsområde: Kulturskule, bibliotek, kultur, God Helse, barn og unge, Kraftsenteret, beredskap

- Kultur og ungdom (kostnad netto 920.672 kr)
- Norddal bibliotek (årsverk 1,37, kostnad netto 1.104.610 kr)
- Norddal kulturskule (årsverk 3,1, kostnad netto 1,585.110 kr)
- Kyrkja, tilskot trussamfunn (kostnad 1.660.000)
- Frivilligsentralen (kostnad netto 201.551)

**Kommunehelse**

Eining: Helseavdelinga

- Legesekretærar (2,35 årsverk)
- Helsestasjonen inkl. jordmor (I int.kom. samarb med med Ørskog) (2 årsverk)
- Legar inkl. turnuslege (3 årsverk)
- Psykiatrisk sjukepleiar (1 årsverk)
- Fysioterapiteneste (kostnad 1.142.709 kroner)
- Ergoterapeut (0,6 årsverk)
- Totale kostnadar: 10.495.146 kroner. Inkl. postane «samhandlingsreforma» og «kurativ helsevern».)

**Sosialtenestene**

Eining: NAV Storfjord og Storfjorden barnevern

(Totale kostnadar 12.680.486 kr. (Delsummane i årsmeldinga stemmer ikkje overeins med totalsum)

**Pleie og omsorg**

Eining/ansvarsområde: Institusjon, heimebaserte tenester

- Samla antal årsverk 2014: 78,05
- Heimeteneste Valldal/Fjørå/Tafjord (kostnad 9.623.558 kr
- Heimeteneste Eidsdal/Norddal (kostnad 5.262.687 kr)
- Tiltak personar med nedsett funksjonsevne (kostnad 5.679.696 kr)
- Valldal sjukeheim (kostnad 25.647.523 kr)
- Totale kostnadar: 46.415.465 kr

**Tekniske tenester**

Eining/ansvarsområde: TSSN (Teknisk samarbeid Norddal og Stordal kommune)

- Norddal (5,5 årsverk + ein vakant)
- Stordal (8,5 årsverk inkl. vaktmeistrar)
- Plan bygg oppmåling (kostnad 1.825.573 kr)
- Brann og oljevern (kostnad 2.034.817)
- Totale kostnadar: 7.723.296 kr, inkl. kostnadsområde teknisk drift – sjølvkost og teknisk drift)

**Næring**

- Næringssjef (1 årsverk)
- Næringskonsulent (tenestekjøp i Fjordhagen AS)
- Skogbrukssjef (0,25 årsverk)
- Sakshandsamar vilt (0,1 årsverk)
- Kommuneveterinær (1 årsverk, kostnad 278.428 kr)
- Naturforvaltar (0,5 årsverk)
- Totale kostnadar: 5.335.475 kroner)

**Norddal eigedomsselskap KF (rekneskap 2014)**

- Sum driftsinntekter 24.529.393 (husleige frå Norddal kommune 19.021.946 kr)
- Lønsutgifter 5.138.665 kr
- Netto finansutgifter 8.934.869 kr
- Brutto driftsresultat 2.959.690 kr
- Langsiktig gjeld 130.612.044 kr
- Investeringar totalt 5.387.954 (ENØK – tiltak – SD anlegg 385.740 kr, Valldal samfunnshus/prosjekt ny idrettshall 1.251.254 kr, Valldal skule – datarom 125.000, Brannstasjon 502.587 kr, bibliotek – rådhus 2.926.577, inntekter leikeplassar 25.000, Nødstraumsaggregat 221.796 kroner.)

**Avfall og slam vert handtert av ÅRIM**

(Ålesundregionen interkommunale miljøselskap) der Stranda også er ein av eigarane

**Bygdene Norddal og Eidsdal eig og driv eigne vassverk.**

Tabell 3 viser status for tenestene for innbyggjarane i Norddal og Eidsdal og noko informasjon om tenestetilbodet i Stranda og Geiranger til samanlikning. Detaljane er så langt arbeidsgruppa har klart å nå og det vert teke atterhald om at den kan innehalde feil eller manglar.

| | Status for tenester til innbyggjarane i Norddal og Eidsdal[7] | Status Stranda[8] |
|---|---|---|
| **Omsorgstenester** | Omsorgsbustadar Eidsdal. To personar på fyrste vakt og 1-2 på andre vakt (bemanning på andre vakt ikkje endeleg avgjort?). Ein person vakande nattevakt. Personalet må hente middag i Valldal søndagar. Lagar sjølve på laurdag, og får tilkøyrt frå Valldal øvrige vekedagar. Eidsdal har 10 enkle leilegheiter og 2 doble. I tillegg 2 psykiatribustadar som vert brukt som omsorgsbustadar. Kommunen har ein sjukeheim som er lokalisert i Valldal. Omsorgsbustadane i Norddal er lagt ned. | Sjukeheim på Stranda og på Hellesylt. Omsorgsbustader i alle bygder. I Geiranger er bemanninga 2-3 på dag og vaken nattevakt. Der er 9 leilegheiter, av desse 2 doble. |
| **Legeteneste, for andre helsetenester sjå oversikt** | Legekontoret i kommunen ligg i Valldal sentrum. 3 årsverk inkl. turnuslege (årsmelding 2014). Turnuslegeordninga fell vekk. Det er fast legedag i Eidsdal ein gong i veka, men denne fell vekk i lange periodar i løpet av året. Kontoret manglar også oppdatert utstyr, både til administrasjons- og til helseføremål. | Fem legar i 100 prosent stilling, i tillegg til turnuslege i 100 prosent stilling (ein turnuslege til skal tilsetjast). Forholdsvis stabil legesituasjon. Ein legedag i veka i Geiranger. To legedagar på Hellesylt. |
| **Skule** | Frå 1. januar, 2013 har Eidsdal skule dekt skulegang for bygdene Norddal og Eidsdal for 1. – 10. klasse. Skulen har 2015 59 elevar (50 elevar frå hausten 2016). Dalsbygda skule lagt ned 1. januar, 2013. Ungdomsskulen i Eidsdal er under press om nedlegging. | Barneskule i alle bygdene. Ungdomsskule i Stranda, Geiranger og Hellesylt. |
| **Barnehage** | Frå 1. januar, 2013 har Dalsbygda barnehage (i Norddal) dekt barnehagebehovet for dei to bygdene. Barnehagen har hausten 2015 mellom 15 og 18 born. Eidsdal Barnehage lagt ned frå same dato. | Barnehage i alle bygder. |
| **Tekniske tenester** | Kommunane Norddal og Stordal samarbeider om tekniske tenester. Årsverk 2014 5,5 + ein vakant stilling. (Årsverk 2012 7,9) Stillinga som planleggjar er for tida vakant. Av dei andre 5,5 går 1,5 til byggesak, 2 til drift/anlegg, 1 til oppmåling, 1 til leiar (sørvar mange felt). Elles 2,5 stillingar ute, av desse går 0,5 stilling til Årim. | Ikkje i interkommunalt samarbeid. Litt anna organisering enn Norddal. Innafor næring/skog/plan/kart/oppmåling/bygg 8 stillingar. Innafor teknisk/uteseksjonen ca. 12 stillingar. Dette inbefattar m.a. gartnar, park, veg, vatn, avløp. 1 planleggar – ute i permisjon no. Vert opplyst at tenestene er sårbare. |

[7] Informasjonen er delvis henta frå årsmelding for Norddal kommune 2014, delvis eigen kunnskap om tenestene for bygdene Eidsdal og Norddal og delvis henta inn frå personar knytt til tenestene.

[8] Informasjon om einingane er delvis henta frå skriv om tenestetilbodet i Stranda kommune sendt til arbeidsgruppa på e-post frå fungerande rådmann Kjartan Lied 5. november, 2015, delvis frå munnleg informasjon frå personar knytt til tenestene.

| Tabell forts. | Status for tenester til innbyggjarane i Norddal og Eidsdal | Status Stranda |
|---|---|---|
| Brannvern | Norddal kommune er knytt til det interkommunale brannvernet beståande av kommunane Ålesund, Giske, Sula, Skodje, Ørskog, Stordal og Norddal. Eit eige brannkorps er knytt til Norddal og Eidsdal. Ny brannstasjon i Eidsdal opna 2015.* Mannskap i E/N 16 stk. Av desse 5 røykdykkarar. I Valldal 18 personar i brannkorpset. Alt av brannmannskap er tilsett i veldig små stillingar. Alt mannskap har tatt/tek utdanning som brannkonstabel – utdanning i regi DIB. Brannkorpsa i E/N og G vert naturleg kalla ut til kvarandre sine område ved fleire av utrykkingane. | Stranda: Ikkje interkommunalt samarbeid. Mannskap i Geiranger: 12 stk, av desse 6 røykdykkarar. Brannstasjon i sentrum av Geiranger. Innafor brann/feiing er totalt ca. 44 personar tilsette i Stranda kommune, men dette er veldig små stillingar. |
| PPT | Frå første juni 2012 er Norddal kommune med i Storfjorden PPT i samarbeid med dei same kommunane som over. Kontoret er lokalisert på Sjøholt, kommunesenteret i Ørskog kommune.* Totalt 4,1 stillingar. 0,8 fagstilling knytt til Norddal.** | |
| Kulturskule | Kontor i Valldal, men desentralisert drift. 3,1 årsverk 2014. | Kontor på Stranda. Driv kulturskule i alle bygder (I Liabygda har drift/ikkje drift variert.) Totalt knapt 4 årsverk. Berre rektor tilsett i full stilling. Om lag 200 elevar i 2015. Litt ventelister. Tilbod innafor tangent, gitar, tromme, fele, song, band, dans, men ikkje i alle bygdene. Opplyst at utkantane vert prioritert. |
| Sosialtenester og barnevern | Storfjorden barnevern er ei felles barnevernsteneste for kommunane Skodje, Ørskog, Stordal og Norddal. Kontoret er lokalisert på Skodje rådhus. 1,6 fagstilling/årsverk er knytt til Norddal kommune. Totalt er det 7,5 stillingar knytt til barnevern i det interkommunale samarbeidet.<br><br>Sosialtenestene er organisert i interkommunalt samarbeid i NAV Storfjorden (same kommunane som barnevern). 1 stilling er knytt til Norddal kommune. (Ned til 1/2 stilling frå 2016). Fleire og fleire av oppgåvene er ført attende til kommunen gjennom ulike prosessar. Reduksjonen kan føre til redusert opningstid på kontoret i Valldal) | Sosialtenesta i Stranda har oppgåver knytt til barnevern, psykiatri og rusomsorg, bustadsosiale tiltak, og frivilligsentral. 2015 om lag 9 årsverk totalt. |

* Informasjonen er i stor grad henta frå Norddal kommune sine nettsider eller nettsidene for dei ulike interkommunale tenestene.

** Rapport frå Storfjorden ppt til dialogmøte med formannskapet måndag 7. september, 2015

**Tabell 4. Utvalde nøkkeltal for ulike tenester i kommunane Stranda og Norddal. Kjelde: I hovudsak SSB (KOSTRA, KOmmune-STtat – Rapportering https://www.ssb.no/statistikkbanken/selectvarval/Define.asp?subjectcode=&ProductId=&MainTable=Kostra1K3483Utva&nvl=&PLanguage=0&nyTmpVar=true&CMSSubjectArea=offentlig-sektor&KortNavnWeb=kostrahoved&StatVariant=&checked=true)**

| Utvalde nøkkeltal for ulike tenester kommunane Stranda og Norddal | Norddal 2014 | Stranda 2014 |
|---|---|---|
| Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, **barnehager** | 121539 | 104383 |
| Andel barn 1-5 år med **barnehageplass** | 85,4 | 88,5 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i **kommunal barnehage** | 142526 | 146523 |
| Prosent styrarar og pedagogiske leiarar med godkjent **barnehagelærarutdanning*** | 77,8 | 85,4 |
| Netto driftsutgifter til **grunnskolesektor** (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år | 162055 | 115413 |
| Andel elever i grunnskolen som får **spesialundervisning** | 11,5 | 5,6 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til **grunnskole, skolelokaler og skoleskyss** per elev | 125021 | 112106 |
| Gjennomsnittlig **gruppestørrelse**, 8.-10.årstrinn | 9 | 13,1 |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, **kommunehelsetjenesten** | 6031 | 2957 |
| **Legeårsverk** pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten | 17,9 | 13 |
| **Fysioterapiårsverk** per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten | 11,3 | 7,6 |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, **pleie- og omsorgtjenesten** | 30057 | 15995 |
| Andel plasser i enerom i **pleie- og omsorgsinstitusjoner** | 100 | 100 |
| Andel innbyggere 80 år og over som er **beboere på institusjon** | 16,3 | 9,9 |
| Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av **hjemmetjenester** (i kroner) | 302656 | 268066 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter, **institusjon**, pr. kommunal plass | 930118 | 858907 |
| Netto driftsutgifter til **sosialtjenesten** pr. innbygger 20-66 år | 1317 | 1044 |
| Andelen **sosialhjelpsmottakere** i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år | 1,5 | 1,3 |
| Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, **barnevernstjenesten** | 2768 | 3902 |
| Andel barn med **barnevernstiltak** ift. innbyggere 0-17 år | 7,2 | 5,2 |
| Netto driftsutgifter til **administrasjon** og styring i kr. pr. innb | 10825 | 5850 |
| **Sykkel-, gangveier/turstier** mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb | 107 | 13 |
| Kommunalt disponerte **boliger** per 1000 innbyggere | 20 | 26 |
| Årsverk i **brann- og ulykkesvern** pr. 1000 innbyggere | 1,19 | 0,65 |
| Gjennomsnittlig **saksbeh.tid** for private forslag til detaljreg. Kalenderdager | 200 | 490 |
| Gj.snittlig **saksbehandlingstid** for opprettelse av grunneiendom. Kalenderdager | 42 | 49 |

*Kjelde: www.nykommune.no.

Tabell 4 samanliknar nokre nøkkeltal for tenestene i Stranda og Norddal for driftsåret 2014. Vi ser at Norddal kommune jamt over har høgare kostnader og fleire årsverk per brukar enn Stranda. Vi skal sjå nærare på nokre av dei ulike tenestene.

**Samanlikna med Stranda ...**

- har barnehagane i Norddal i gjennomsnitt noko høgare driftsutgifter per innbyggjar, noko lågare brutto driftsutgifter per barn i kommunal barnehage, noko lågare dekning og noko mindre utdanna styrarar og pedagogiske leiarar
- har Norddal høgare driftsutgifter til skule både per innbyggjar og per elev, større andel av elevane som får spesialundervisning og lågare gruppestorleik på ungdomsskulen.
- har Norddal fleire legar og fysioterapeutar per innbyggjar.
- nyttar Norddal nær dobbelt så mykje pengar per innbyggjar til pleie- og omsorgsinstitusjonar, har nær dobbelt så stor andel av dei over 80 år busett i institusjon og noko høgare utgifter per person i heimetenesten. Begge kommunane har alle bebuarer på pleie- og omsorgsinstitusjonar på einerom.
- har Norddal noko høgare driftsutgifter til sosialtenesta per innbyggjer 20-66 år og også noko høgare andel sosialhjelpsmottakarar i forhold til innbyggjarar i same årskategori
- har Norddal fleire born i forhold til tal innbyggjarar mellom 0-17 år knytt til barnevernet, men lågare driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år
- nyttar Norddal nesten dobbelt så mykje som Stranda per innbyggjar til administrasjon
- har Norddal driftsansvar for nesten ti gongar meir vegar, gangvegar og turstiar per innbyggjar
- har Norddal kommune færre disponerte bustader per 1000 innbyggjarar
- har Norddal nesten dobbelt så mange årsverk per innbyggjar innafor brannvern
- Har Norddal lågare saksbehandlingstid knytt til tekniske tenester

### 4.1.2 BYGDEMØTET: STYRKJER OG SVAKHEITER VED TENESTETILBODET I NORDDAL KOMMUNE

I det følgjande vil vi sjå på kva innbyggjarane i Eidsdal og Norddal meiner er dei sterke og svake sidene ved å vere del av Norddal kommune - knytt til tenestene. Det er verdt å merke seg at spørsmålet til møtelyden var generelt og at innspela dermed er sorterte i etterkant. Ei fullstendig oversikt over innspela ligg ved i vedlegg 8.

#### 4.1.2.1 STYRKJER

Bygdemøtet trekkjer fram desse styrkene ved tenestetilbodet i Norddal:

- Skule i Eidsdal, god kvalitet, nært.
- Kulturskule, god kvalitet, tilgjengeleg.
- Omsorgsbustad i Eidsdal, viktig at den er nært
- Brannvern og ny brannstasjon

#### 4.1.2.2 SVAKHEITER

Bygdemøtet tek fram desse faktorane som svakheiter ved tenestetilbodet i Norddal kommune:

- Helse og legetilbod: Stengt legekontor i Eidsdal, dårleg legedekning og kvalitet, generelt dårlegare helsetilbod
- Skule: Situasjonen ikkje avklart, trussel om nedlegging (for ungdomsskule i Eidsdal), skule i Norddal nedlagt
- Barnehage: Ikkje barnehage i Eidsdal

- Omsorg: Nedbygging, dårleg kvalitet, bemanning, nedlegging av mattilbod
- Gatebelysning
- Internett, dårlege tenester
- Samferdsel: ferjetider kveldstid, nattferje (dette er ikkje kommunal teneste, men tek det likevel med)
- Svak tenesteyting
- Vedlikehald generelt og av kommunale vegar, kantslått
- Tiltak for born og ungdom
- Manglande kompetanse i fleire kommunale sektorar, svak tenesteyting
- Usikkerheit om tenester, reduserte tenester på sørsida av fjorden
- Usikkerheit rundt kommunale arbeidsplassar

I punkta er alle moment trekt fram. Dei svakheitene som kjem klarast fram frå bygdemøtet er utfordringar ved legetilbod, usikkerheit rundt skuletilbodet og nedskjeringar i omsorgstilbodet og usikkerheita i tenestetilbodet generelt.

### 4.1.3 BYGDEMØTE: MOGLEGHEITER OG TRUSLAR KNYTT TIL TENESTETILBODET VED TILKNYTING TIL STRANDA KOMMUNE

I det følgjande vil vi sjå på kva innbyggjarane i Eidsdal og Norddal meiner er moglegheiter og truslar ved å gå inn i Stranda kommune – knytt til tenestene. Som over er det verdt å merke seg at spørsmålet til møtelyden var generelt og at innspela dermed er sorterte i etterkant. Ei fullstendig oversikt over innspela ligg ved i vedlegg 8.

#### 4.1.3.1 MOGLEGHEITER

Bygdemøtet trekte fram desse faktorane som moglegheiter ved tilknyting til Stranda:

- Legetilbod: Meir berekraftig, legekontor på sørsida av fjorden, betre helseteneste, betre legedekning, nye legar og legeordning, stabilitet
- Omsorg: Betre eldreomsorg.
- Skule: Bevare ungdomsskulen i Eidsdal utan truslar, samarbeid skule med Geiranger,
- Utbygt psykisk helsevern
- Samferdsel: Betre samanheng mellom ferjene
- Høgare kompetanse, fleire folk, i fleire sektorar og politikk
- Ambulansetilbod
- Betre kommunale tenester, meir langsiktig jobbing med kommunale tenester
- Meir kostnadseffektivt
- Barnehage, behalde
- Samarbeid Geiranger skule/kulturskule
- Vidaregåande skule
- Norddal og Eidsdal står sterkare saman med Geiranger – som utkant

Det var flest innspel knytt til: 1. Legetilbod, både betre tenester, stabilitet og legekontor på sørsida. 2. Bevare ungdomsskule i Eidsdal og 3. Omsorgstenester. I tillegg kjem moglegheitene med ei nærare tilknyting til Geiranger, som er eit gjennomgangstema i innspela og ikkje nødvendigvis spesielt knytt til tenester.

#### 4.1.3.2 TRUSLAR

- Samferdsle: Lenger til kommunesenter på Stranda, to ferjer
- Framleis utkant, endå større utkant i ei ny større kommune
- Skule: Får ikkje behalde skule/barnehage i Eidsdal/Geiranger, ungdomsskule på Stranda, kva med symjing?
- Omsorg: Kvar skal pleie og omsorg/sjukeheim vere, sjukeheim på Stranda?
- Legedekning: Reise til Stranda
- Konflikt mot Geiranger (og Norddal) knytt til skule, helse og omsorg
- Nivå på tenester, lite ressursar Stranda
- Gode forsvinn
- Generelt dårlegare tenester Stranda
- Kulturskule: langt til Stranda
- Kommunesenteret blir flytta, mister arbeidsplassar

Geografi og samferdsle til kommunesenteret på Stranda går igjen når deltakarane på bygdemøtet skal tenke gjennom truslar ved ei tilknyting til Stranda. Det same gjeld utkantstatusen. I tillegg kjem det klart fram at folk er usikre på om tenestene faktisk vert betre ved ei tilknyting til Stranda.

### 4.1.4 ARBEIDSGRUPPA SINE VURDERINGAR, TENESTER

Vi skal sjå nærar på dei enkelte tenestene. Det er tydeleg frå bygdemøtet at dei viktigaste problemstillingane for befolkninga er knytt til å betre legetilbodet, sikre skulen og sikre eit godt tilbod innafor eldreomsorg. Vi ser derfor på desse først.

**Legetilbod:** Det er god tilgang på legar i Norddal kommune i den forstand at det er lett å få legetime. Vi ser også av statistikken at legedekninga per innbyggjar er betre i Norddal enn i Stranda kommune. På den andre sida har det vore vanskeleg å rekruttere legar og utskifting av personell har vore stort. Dette går spesielt utover personar med kroniske plager og stort behov for legehjelp. Det går også fram av bygdemøtet at folk set spørsmålsteikn ved kvaliteten knytt til legetilbodet. Det har i stor grad vore utanlandske legar, delvis med kommunikasjonsutfordringar, eller turnuslegar som har vore tilsett. Vi veit at det allereie er fleire frå Eidsdal og Norddal som har valt å ha fastlege utanfor kommunen. Turnuslegane i Norddal kommune har i 2015 meldt frå til Fylkesmannen om utfordringar knytt til rettleiingssituasjonen for turnuslegar i kommunen og Norddal kommune har mista retten til å tilsette turnuslegar.[9] Legevaktordninga er no også endra slik at ein frå 15.30 til 22.00 er knytt til legevaktordning i Ørskog. Frå før er legevakt på natt knytt til legevakta på Åse i Ålesund.[10]

Stranda kommune har på den andre sida klart å oppretthalde ein meir stabil legesituasjon over tid. Kommunen forventar framleis å ha ein stabil legesituasjon, men ikkje med like lange tilsetjingsforhold som tidlegare.[11] Vi ser det slik at det er potensial for meir stabil personalsituasjon dersom Norddal Eidsdal vert knytt til Stranda kommune. Reisevegen til Stranda er forholdsvis lang for folk frå Norddal og Eidsdal og den inkluderer to ferjer. Geiranger har hatt legedag ein dag i veka, men er elles avhengige av å reise til Stranda for lege. Spørsmålet om ein eller fleire legedagar i veka som kan dekke Norddal, Eidsdal, Geiranger vil derfor vere sentralt for at tilknyting til Stranda skal gi ein kvalitetsgevinst for bygdene Eidsdal og Norddal.

**Skule og barnehage:** Det har siste åra skjedd ei større strukturendring knytt til skuletilbodet i Norddal og Eidsdal. Skule i Norddal og barnehage i Eidsdal er lagt ned, slik at det er ein skule 1.-10. klasse i Eidsdal og ein

[9] Sjå til dømes: http://www.smp.no/nyheter/2015/10/26/Skal-granske-bekymring-fra-ferske-leger-11732085.ece
[10] Informasjonsskriv til innbyggjarane i Norddal datert 11. desember, 2015.
[11] Opplyst i møte med Stranda kommune.

barnehage i Norddal. Som det går fram av innspel på bygdemøtet er det sterke kjensler knytt til å behalde denne nye strukturen. Ungdomsskulen er i neste økonomiplan planlagt flytta til Valldal og trusselen mot skulane over tid har vore svært trøyttande for lokalsamfunna. Det er stor semje om å behalde ungdomsskulen i Eidsdal lokalt i bygdene. Argumenta for dette er knytt både til kvalitet, samfunnsutvikling og oppvekstmiljø. Skulen fungerer godt, noko som vert stadfesta ved resultat på nasjonale prøver. Skulen er ikkje spesielt stor, og ved å fjerne 8. – 10. klasse forringar ein også oppvekstmiljøet gjennom at skulemiljøet vert mindre og grunnlaget vert svakare for fritidsaktivitetar. Dette vil gå utover born i alle aldrar. I tillegg vert reisebelastninga større for alle ungdomsskuleelevane og for enkeltelevar lengst vekk frå Eidsdal sentrum, vert belastninga svært stor. Argumentet for samanslåing av ungdomsskulane er i hovudsak økonomiske. Innsparingane er berekna til om lag to millionar kroner per år og er lagt inn i økonomiplanen (900.000 kroner for 2016 og 2 mill. for 2017). [12]

Arbeidsgruppa vurderer det slik at potensiell, men ikkje sikker, kvalitetsgevinst ved å slå seg saman med Stranda er å behalde og skape ro rundt barne- og ungdomsskule i Eidsdal og barnehage i Norddal. Dersom elevgrunnlaget vert for lite, kan det vere mogleg å finne løysingar i samarbeid med Geiranger.

Når det gjeld **omsorgstenestene** har både Stranda og Norddal kommunar gått over til meir heimebasert omsorg. Eldre er dermed sjukare når dei flytter frå heimane sine og logikken er dermed at behovet for omsorgsbustad går ned. Av tala presentert i Tabell 4 ser vi likevel at Norddal kommune i større grad enn Stranda tilbyr sine eldre plass på institusjon. Medan nærare 16 prosent av innbyggjarane som er 80 år og eldre bur på institusjon i Norddal er tilsvarande tal for Stranda 9,9 prosent (2014). For 2015 er det vedteke reduksjon både av sjukeheimsplassar og omsorgsbustader i Norddal kommune. Stranda har tilbod om omsorgsbustad i alle bygder.

Eit viktig moment i diskusjonen kring omsorgstenestene er også spørsmålet om avstand til sjukeheimsplass. Dersom sjukeheimsplassane vert flytta til Stranda frå Valldal, ser arbeidsgruppa på dette som ei klar senking av kvaliteten på tenestene for bygdene Eidsdal og Norddal. Bakgrunnen for denne vurderinga er at tilgjengelegheit både for vener og pårørande vert klart dårlegare. Vi vurderer kvaliteten på sjukeheimstenestene både i Valldal og på Stranda å vere gode ut frå dei økonomiske føresetnadene. Av statistikken ser vi at brutto driftsutgifter for personar i institusjon er klart høgare i Norddal enn Stranda (Tabell 4).Det er dermed liten grunn til å tru at ressursbruken vil gå opp dersom ein vert knytt til Stranda kommune. Samanliknar ein konkret bemanningssituasjonen ved omsorgsbustadene i Eidsdal, kontra Geiranger og talet på bebuarar ved dei to institusjonane (Tabell 3) er det likevel vanskeleg å sjå at tenestene er dårlegare i sistnemnde bygd.

Ein overgang til Stranda kommune vil føre til endringar innafor dei aller fleste av dei interkommunale tenestene for Norddal og Eidsdal sidan Norddal kommune i stor grad har knytt seg til interkommunale samarbeid på nordsida av fjorden og utover mot Stordal, Ørskog, Skodje og Ålesund. Dette gjeld både innanfor **barnevern, brannvern, PPT og tekniske tenester**. Stranda er ikkje del av desse interkommunale satsingane. Alle desse tenestene er i liten grad nemnt i bygdemøta. Vi trur hovudgrunnen til dette er at dei fleste ikkje bruker desse tenestene i kvardagen. Delvis trur vi det skuldast at tenestene fungerer forholdsvis bra. I Møreforsking si utgreiing for eller imot å slå seg saman, vert det påpeika at dei interkommunale samarbeida i Norddal ikkje fungerer heilt optimalt, og kan gi betre alternativ ved å liggje under ei større kommuneeining (Halvorsen, s.14). Vi har elles ikkje tilgang på evalueringar som vurderer kvalitet på tilboda i dei to kommunane opp mot kvarandre. I og med at desse tenestene allereie ligg innunder større miljø, ser vi likevel føre oss at

---

[12] Informasjon frå Norddal kommune. Tala er i hovudsak basert på kalkulert innsparing av 3-4 årsverk i ungdomsskulen i Eidsdal, berekna som årleg innsparing på 61 timar per veke av 26.000 kroner (1.586.000 kroner). I tillegg kjem reduksjon av 40 prosent administrativ stilling knytt til ungdomsskolen (250.000 kroner) og tiltak 5, 364.000 kroner (kuttframlegg for å få budsjettframlegget i balanse) minus ekstra kostnad til skuleskyss 150.000 kroner (15 elevar, 190 dagar, 50 kr).

kompetansegevinsten ved overgang til Stranda ikkje vert spesielt stor. Ved samordning mellom Geiranger, Eidsdal og Norddal kan ein likevel tenkje seg ein effektiviseringsgevinst. Gitt stram kommuneøkonomi i begge kommunar ser vi føre oss at tilboda frå dei to kommunane på desse områda i framtida vil vere om lag like gode, men under press.

**Kulturskulen** er viktig for mangfaldet av tilbod spesielt for born og unge i bygdene. Kulturskulen og det tilbodet den står for i bygdene vert då også i bygdemøtet trekt fram som ein styrke ved tilknyting til Norddal. Moglegvis nyttar Stranda kommune mindre pengar på kulturskulen, og kulturskulen i Stranda har venteliste.[13] Gitt den svake kommuneøkonomien, er det liten grunn til å tru at Stranda kommune i næraste framtid vil auke tilskota til kulturskulen. Samstundes veit vi at det er flinke folk knytt til kulturskulen i Geiranger og det vert opplyst at bygdene vert prioriterte i kulturskulesamanheng. Ei samordning mellom Geiranger, Eidsdal og Norddal gir dermed også eit potensial for å utvide tenestetilbodet.

**Arbeidsplassar** er viktige i utkantkommunar og bygder. Kommunale tenester som geografisk er plassert i Norddal og Eidsdal er tenester som uansett må og bør ligge nært brukarane. Eventuelle nedskjeringar vil vere resultat av nedgang i behov til dømes i skule og eldreomsorg. Vi ser det derfor ikkje som særleg sannsynleg at tilknytingskommune i stor grad vil påverke talet arbeidsplassar i Norddal og Eidsdal. Ei endring av kommunetilknyting kan på den andre sida bidra til nedskjeringar i dei ikkje-stadbundne tenestene i kommuneadministrasjonen i Valldal og i helsetenestene. Dette vil påverke både Valldal og bygdene rundt sidan kommunen er ein viktig arbeidsgjevar for innbyggjarane i kommunen.

**Oppsummert:** Tenestene i Norddal kommune har historisk sett vore bra. Nedskjeringar dei siste åra har likevel gått utover tenestetilbodet generelt og spesielt i bygdene Norddal og Eidsdal og andre perifere delar av kommunen. Med den noverande økonomien og nivået på investeringar blir det naudsynt med nedskjeringar i Norddal kommune også i åra som kjem. Statistikken viser at det er liten grunn til å tru at løyvinga til tenestene vert større i Stranda kommune. Samstundes viser meir kvalitative undersøkingar vi har gjort (sjå tabell 3) at tenestene ikkje nødvendigvis er dårlegare i Geiranger, som det er naturleg å samanlikne seg med, enn i Norddal – Eidsdal. Vi ser det vidare slik at det kan vere potensial for forbetringar i ei samanslåing med Stranda både innafor legetenester og tryggleik for skulen som folk er svært opptekne av. Føresetnader for å realisere fordelar ved å gå inn i Stranda kommune og for å hindre at gode tenester forsvinn, vert derfor at ein finn gode svar på spørsmåla:

- På kva måte kan ein løyse kommunikasjonsutfordringane mellom bygdene Eidsdal, Norddal, Geiranger og kommunesenteret Stranda?
- Korleis kan ein bevare og utvikle skuletilbodet og eldreomsorga for Norddal, Eidsdal og Geiranger på sikt?
- Korleis kan ein sikre tilgjengelegheit knytt til legetenester?
- Korleis skal ein løyse utfordringar knytt til sjukeheimsplassar?
- Korleis skal ein finne gode løysingar som kan erstatte dei interkommunale satsingane?
- Korleis kan ein utvikle og betre kulturskuletilbodet i eit samarbeid mellom Norddal, Eidsdal og Geiranger?
- Kva vil ei endra kommunetilknyting bety for brann- og ulykkesvern i bygdene?
- Er det mogleg, og eventuelt korleis kan ein få til fleksible løysingar i samarbeid med Norddal kommune for å sikre gode tenestetilbod?

[13] Basert på uttale i møte med Stranda kommune 3. desember, 2015.

## 4.2 SAMFUNNSUTVIKLING

Bygdene Eidsdal og spesielt Norddal har dei siste 15 åra hatt særs stor folketalsnedgang. Til saman har bygdene no om lag 20 prosent færre innbyggjarar enn i år 2000. Utanom kommunal verksemd er det ingen større arbeidsplassar korkje i Norddal eller Eidsdal. Det betyr at dei som ikkje er sjølvstendig næringsdrivande i stor grad er avhengige av å reise ut av bygdene for arbeid. Arbeidsmarknaden innafor akseptabel pendlaravstand (30 – 45 minutt ein veg) er liten og geografisk avgrensa til Geiranger, Valldal, Stranda og Stordal. Vi har ikkje statistikk som viser kvar busette i Norddal og Eidsdal er sysselsette utanfor desse to bygdene, men vi har grunn til å tru at flest er sysselsette i Valldal.

Landbruk har tradisjonelt vore det viktigaste grunnlaget for busetjing i Norddal og Eidsdal. I 2007 var det i Møre og Romsdal 3233 landbruksføretak som fekk produksjonstilskot, medan talet i 2013 var 2764. Med ein nedgang på 14,5 prosent i Møre og Romsdal har berre Troms og Finnmark høgare nedgang.[14] Landbruket har vore viktig for Eidsdal og Norddal og den generelle tilbakegangen i denne næringa har ramma grunnlaget for busetjinga hardt i dei to bygdene. Statistikken viser at tal jordbruksbedrifter i Norddal og Stranda kommune er halvert i perioden 2000-2014. Nedgangen i Norddal kommune er noko større enn i Stranda, 57 mot 43 prosent.[15] Talet husdyr har endra seg mindre. For same periode er nedgangen i Norddal kommune størst for storfe (44 prosent) og minst for sau og mjølkegeiter (om lag 14 prosent).[16] Stranda kommune kjem noko betre ut. For storfe er nedgangen i tal dyr om lag 15 prosent og for sau om lag 21 prosent, medan tal mjølkegeiter faktisk har gått opp med fire prosent.[17] Jordbruksarealet har også gått ned med 10 prosent for Norddal og 8 prosent for Stranda.[18]

Reiselivsnæringa er sett på som eit viktig vekstområde for Eidsdal og Norddal som ligg nært Geiranger med meir enn 200 cruiseanløp i året og på vegen mellom Geiranger og Trollstigen. Ferjesambandet Eidsdal – Linge som ligg på denne strekninga har ein gjennomsnittleg døgntrafikk på 560 bilar fordelt på heile året,[19] med dei fleste av desse i juni, juli og august. Turiststraumen har likevel ikkje ført til mange hovudarbeidsplassar i bygdene, noko som vert stadfesta av statistikken som viser at det totalt i Norddal kommune er 15 arbeidsplassar knytt til overnatting. Turisme er likevel ein viktig attåtnæring for fleire verksemder i Norddal og Eidsdal og gir viktige deltidsarbeidsplassar både for vaksne og unge i sommarhalvåret.

Kommunane Norddal og Stranda husar nordområdet av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. Bygdene Norddal og Eidsdal grensar til området og mykje areal knytt til bygdene er del av området. I 2015 fekk Fjordsenteret i Geiranger status som Verdsarvsenter. Verdsarvstatus har generelt blitt assosiert med auka turisme og økonomisk vekst. Generelt viser studiar likevel at auke lokal og regional verdiskaping ikkje er ein sjølvsagt effekt av slik status sjølv om målretta arbeid i den retning bidreg til ei slik utvikling (Hølleland 2013; Rebanks Consulting Ltd og Trends Business Research Ltd 2009).

---

[14] Tal frå Landbruksdirektoratet: https://www.slf.dep.no/no/statistikk/utvikling/jordbruksforetak

[15] Kjelde: https://www.ssb.no/statistikkbanken/selectvarval/saveselections.asp

[16] Tala er henta frå Statens landbruksforvaltning sin statistikk http://32.247.61.17/skf/pt900/1320/1320F15f.htm. Tala frå 2014 er førebelse tal.

[17] Kjelde: SSB:
Thttps://www.ssb.no/statistikkbanken/selectvarval/Define.asp?subjectcode=&ProductId=&MainTable=HusdyrAnne&nvl=&PLanguage=0&nyTmpVar=true&CMSSubjectArea=jord-skog-jakt-og-fiskeri&KortNavnWeb=stjord&StatVariant=&checked=trueala henta frå Wikipedia, https://no.wikipedia.org/wiki/Ferjesamband_i_Norge#Mest_trafikkerte_ruter. Tala er ikkje kvalitetssikra mot primærkjelder.

[18] Kjelde:
https://www.ssb.no/statistikkbanken/selectvarval/Define.asp?subjectcode=&ProductId=&MainTable=JordbrukAreaA&nvl=&PLanguage=0&nyTmpVar=true&CMSSubjectArea=jord-skog-jakt-og-fiskeri&KortNavnWeb=stjord&StatVariant=&checked=true

[19] Kjelde: https://no.wikipedia.org/wiki/Ferjesamband_i_Norge

**Tabell 5: Nokre bakgrunnsfaktorar knytt til sysselsetting for Stranda og Norddal kommunar. Kjelde: www.nykommune.no (Sunnmøre Regionråd[20] med grunnlagsdata frå SSB, eller direkte frå www.nykommune.no.) Alle tal frå 2014.**

| Indikatorar 2014 | Norddal | Stranda |
|---|---|---|
| Andel sysselsette offentleg sektor | 33 % | 23 % |
| Andel sysselsette i privat sektor | 67 % | 77 % |
| Andel sysselsette i primærnæring | 17 % | 4 % |
| Andel sysselsette i sekundærnæring | 15 % | 46 % |
| Andel sysselsette i tertiærnæring | 68% | 49 % |
| Tal personar som pendlar til Norddal | - | 48 |
| Tal personar som pendlar til Stranda | 58 | - |
| Sårbarheitsindikator[21] | 21,4 | 30,3 |

**Tabell 6 viser hovudnæringsvegar etter bustad i Norddal kommune. Berre næringar som sysselset 5 prosent eller meir av totalt antal sysselsette er inkludert i tabellen. Kjelde SSB.**

| Hovudnæringsvegar Norddal kommune | Prosent av totalt tal sysselsette etter butad |
|---|---|
| Kraftforsyning | 5% |
| Undervisning | 7% |
| Omsorg utan butilbod, barnehagar mv. | 8% |
| Jordbruk og tilhørende tjenester, jakt | 8% |
| Detaljhandel, unntak for motorvogner | 9% |
| Pleie og omsorg i institusjon | 9% |
| Helsetenester | 10% |
| **Totalt** | **56%** |

[20]Tal henta frå rapport på Sunnmøre Regionråd http://www.sunnmoreregionrad.no/images/stories/Dokumenter/Kommunereform/Kommunereformrapport-275-276-265-269-281-273-271-270-274-272-264-268-259.pdf som har henta tal frå SSB.

[21] «Denne indeksen sier noe om hvor sårbart næringslivet i kommunen er. En kommunes næringsmessige sårbarhet er i denne sammenheng målt ved å kombinere tre indikatorer – hjørnesteinsfaktor, bransjespesialisering og arbeidsmarkedsintegrasjon. En høyere verdi tilsvarer større sårbarhet. Denne sårbarhetsindeksen er utviklet av Telemarksforskning og viser sårbarheten til kommunene i Norge basert på 2011-tall.» Kjelde: http://www.nykommune.no/#!kommuner/269-270

**Tabell 7 viser hovudnæringsvegar etter bustad i Stranda kommune. Berre næringar som sysselset fem prosent eller meir av totalt antal sysselsette er inkludert i tabellen. Kjelde SSB.**

| Hovudnæringsvegar Stranda kommune | Prosent av totalt tal sysselsette etter bustad |
|---|---|
| Detaljhandel unntak for motorvogner | 6% |
| Omsorg utan butilbod, barnehagar mv. | 6% |
| Undervisning | 6% |
| Møbelindustri | 7% |
| Pleie og omsorg i institusjon | 7% |
| Næringsmiddelindustri | 22% |
| **Totalt** | **54%** |

Tabell 5 - Tabell 7 viser at Stranda og Norddal kommunar har svært forskjellig næringssamansetting. Medan Stranda har ein stor industri, knytt til næringsmiddel og møbel som sysselset nærare 30 prosent av innbyggjarane, har Norddal kommune større andel av befolkninga sysselsett i offentleg sektor og sysselsettinga er elles sterkt prega av helse- og omsorgstenester. Landbruk står for 3 prosent av sysselsettinga i Stranda kommune og er såleis ikkje ein av hovudnæringsvegane. Samanlikna med andre kommunar er Stranda likevel ein sterk landbrukskommune. Overnattingsverksemd står for 3 prosent av sysselsettinga i Stranda og 2 prosent i Norddal (Kjelde: SSB). Det er grunn til å tru at overnattingsverksemd er klart viktigare for bygda Geiranger enn for heile Stranda kommune, ettersom den einaste store heilårsarbeidsplassen i bygda er Union Hotel.

Kommunen si rolle som samfunnsutviklar dreier seg i stor grad om å vere ein aktiv aktør i den lokale samfunnsutviklinga. Den handlar om langsiktig arealbruk og utbyggingsmønster, utbygging av infrastruktur, steds- og sentrumsutvikling og næringsutvikling (Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2014). Ekspertutvalet deler samfunnsutviklaroppgåvene inn i «kommunen som planmyndighet», «næringsutvikling og utvikling i kommunesamfunnet» og «samhandling med befolkninga og andre aktørar» (Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2014, 19-20).

Med kraftinntektene (sjå neste kapittel) har Norddal kommune hatt eit forholdsvis stort handlingsrom knytt til nærings- og samfunnsutvikling. Kommunen har ein næringssjef tilsett og kjøper næringskonsulenttenester av Fjordhagen (Norddal kommune 2014). Den støtter Fjordhagen, som er ein næringshage i Valldal. Kommunen har støtta reiselivslag og destinasjonsselskap. Kommunen har, etter sal av Norddal elverk, disponert eit elverksfond opphaveleg på 12.3 millionar kroner som kan nyttast til drift, men denne delen av fondet er snart brukt opp.[22] Kommunen har også hatt eit forholdsvis stort kommunalt næringsfond å bruke.

Kommunen har dei siste åra investert mykje i samfunns - , samferdsels- og næringsutvikling i kommunen. Større investeringar (over 1 mill. kroner) i Eidsdal og Norddal frå 2010 til 2014 kan summerast opp til 15,8

[22] Sjølve elverksfondet er større. Kjelde: Årsmelding Norddal kommune 2014.

millionar kroner brutto fordelt slik: [23] [24] Oppussing av utleigebygg i Eidsdal (om lag 1,2 millionar kroner brutto i 2012), Kilstivegen (om lag 5,3 millionar kroner brutto totalt i 2010 og 2011), anleggsarbeid Hatlestadberget (om lag 1,6 millionar totalt i 2011 og 2012), idrettsbane Eidsdal (om lag 6,6 millionar kroner brutto. 3,5 millionar kroner etter fråtrekk av spelemidlar og EIL sin andel).[25] I tillegg har 1,6 millionar kroner frå Elverksfondet (frå sal av Norddal Elverk) vore nytta til kjøp av Norddal prestegard.

I same periode er det investert om lag 90 millionar kroner brutto til større prosjekt (over 1 mill. kroner) i Valldal sentrum knytt til Valldal skule, Rådhus/Valldal sjukeheim, gangveg Valldal sentrum, fjernvarmerør Valldal, vatn Valldal, Muriåsvegen, opparbeiding Murigrandane, Gamle Åsevegen, vatn og avløp Lingås, produksjonsanlegg varme-kulde og Muriparken. I følgje oversikt frå Norddal kommune har desse prosjekta fått eksterne tilskot på om lag 3,4 millionar kroner til fjernvarmerør, gangveg, trafikkareal på Valldal skule og produksjonsanlegg varme/kulde. Det er også grunn til å tru at prosjekt knytt til vatn (2,3 mill) er noko nær sjølvkost på sikt. I tillegg er det sett i gang arbeid med ny idrettshall/samfunnshus i Valldal med eit budsjett for 2015 på 69 millionar kroner. Ein reknar med å få om lag 18,5 millionar kroner i spelemiddel til idrettshallen/samfunnshuset (av totalt spelemiddelgrunnlag på 55 millionar kroner).[26]

Vi kan ikkje sjå at det er gjort større investeringar i Tafjord eller Fjørå i perioden, men det er sett av 2,25 millionar kroner til drift av Tafjord skredsenter i perioden 2014 – 2018 frå Elverksfondet, drift.

### 4.2.1 BYGDEMØTET: STYRKJER OG SVAKHEITER KNYTT TIL SAMFUNNSUTVIKLING, NORDDAL KOMMUNE

I det følgjande vil vi sjå på kva innbyggjarane i Eidsdal og Norddal meiner er dei sterke og svake sidene ved å vere del av Norddal kommune – knytt til samfunnsutvikling. Spørsmålet til møtelyden var generelt knytt til styrkjer og svakheiter ved tilknyting til Norddal kommune og innspela er dermed sorterte i etterkant. Ei fullstendig oversikt over innspela ligg ved i vedlegg 8.

#### 4.2.1.1 STYRKJER

Når deltakarane på bygdemøtet skulle vurdere styrkjer ved å vere knytt til Norddal kommune, la dei stor vekt på kvalitetar ved lokalsamfunnet som god dugnadsinnsats, fin natur, kulturliv, sterkt samhald på sørsida, frisør, bank og butikk og fritidsaktivitetar. Desse har med samfunnsutviklinga å gjere, dei kan kanskje seiast indirekte å vere resultat av kommunetilslutning, men ikkje direkte. Vi let desse derfor berre ligge som eit bakteppe. Av andre faktorar som vart peika på i kommunemøtet var:

- Kraftpengar
- Korte avstandar, til kommunesenter, relativt i forhold til Stranda
- Lokalkjennskap og nærheit
- Veit kva vi har
- Lokal identitet og historisk tilknyting
- Gode arbeidsplassar, Muritunet
- Verdsarvstatus

[23] Tala både for Norddal-Eidsdal og Valldal er henta ut frå rekneskapen til Norddal kommune og gjeld Norddal kommune og Norddal Eigedomsselskap. Tala er gjort tilgjengelege av Norddal kommune på førespurnad til økonomiansvarleg. Summeringane er gjort av arbeidsgruppa.
[24] Brutto vil seie inkludert tilskot og anna finansiering ikkje direkte frå Norddal kommune.
[25] Siste tal i følgje Eidsdal IL sin rekneskap for anlegget.
[26] Tal frå økonomiansvarleg i Norddal kommune på e-post 11. desember.

Av desse vert heller ikkje dei to siste momenta direkte påverka av kommunetilknyting.

#### 4.2.1.2 SVAKHEITER

Også når det er snakk om svakheiter knytt til samfunnsutvikling er generelle trekk nemnt, som få arbeidsplassar, fråflytting, mangel på industri, einsidig næringsliv, at det er for få innbyggjarar og at ungdomar 18-30 år reiser. Dette er meir ei situasjonsanalyse og dannar eit bakteppe for utfordringane i framtida – utfordringar som ein bør løyse gjennom den vidare samfunnsutviklinga. Av svakheiter knytt meir direkte til sjølve kommunetilknytinga er nemnt:

- Forholdet mellom «nordsida» og «sørsida»: bygdestrid, skeivfordelte goder, konflikt, djup fjord, sentralisering, satsing i Valldal, rasering på sørsida, lite nytte av utbygging i kommunesenteret
- Svak økonomi, dårlegare og dårlegare, meir nedskjering, Robek, dårleg forvaltning
- Geografi – delt med ein fjord
- Lite gjort for å styrkje innflytting/arbeidsplassar
- Negativitet, folk er for negative

Knytt til svakheitene med tilknyting til Norddal kommune er det klart flest som trekkjer fram forholdet mellom «nordsida» og «sørsida» av fjorden.

### 4.2.2 BYGDEMØTET: MOGLEGHEITER OG TRUSLAR KNYTT TIL SAMFUNNSUTVIKLING VED TILKNYTING TIL STRANDA KOMMUNE

I avsnitta under vil vi sjå på kva innbyggjarane i Eidsdal og Norddal meiner er moglegheiter og truslar ved å gå inn i Stranda kommune – knytt til samfunnsutvikling. Spørsmålet til møtelyden var generelt knytt til moglegheiter og truslar ved ny tilknyting til Stranda kommune. Ei fullstendig oversikt over innspela ligg ved i vedlegg 8.

#### 4.2.2.1 MOGLEGHEITER

For tema samfunnsutvikling trekkjer bygdemøtet spesielt fram desse moglegheitene for bygdene Norddal og Eidsdal ved ei ny tilknyting til Stranda kommune:

- Styrkje forholdet til Geiranger generelt, utnytte god kjennskap til kvarandre, viktig at dei tre bygdene på sørsida er i same kommune, felles interesser, idrett, musikk
- Næringsutvikling/busetnad,
    - Turisme i samarbeid med Geiranger, sterkare merkevare, meir samarbeid
    - Trykk på landbruket – nasjonal pondus
    - Felles hamneområde – cruise
    - Breiare næringsliv, fleire arbeidsplassar pendling, sterkare samarbeid næring
    - Ny kunnskap
    - Større attraktivitet
    - Verdsarvområdet i ei kommune
- Samferdsle, rassikra veg til Geiranger og heilårsveg austover, større sjanse for tunnell mot Stryn, auka trykk på samferdsel, betre ferjesamband
- Utkantane sterkare saman, tre små bygder kan fungere som ei eining
- Høgare kompetanse innafor kommunale tenester, deling av kompetanse

- Positivt med noko nytt, spennande, blanke ark, optimisme – tilflytting, nytenking, starte på nytt
- Politikk, bli tatt på alvor, kome ut av overstyring, slepp «kampen» mot Valldal
- Større kommune mot Stryn/Sykkylven?

Deltakarane gav klart flest innspel knytt til dei moglegheitene som ligg i nærare samarbeid med Geiranger i forhold til utvikling av turisme og næringsliv, men også i forhold til andre viktige område i samfunnsutviklinga. Det vert også lagt vekt på andre sider ved næringslivet i Stranda kommune som heilskap, som breiare næringsliv og arbeidsmarknad, trykk på landbruket, diversifisering av næringslivet og felles hamneområde. Samferdsle var det også mange innspel på. Det er grunn til å merke seg at ein del, og faktisk fleire enn dei som nemner lokal identitet og tilknyting som ei sterk side knytt til Norddal kommune, meiner at det kan vere bra å starte på nytt og at dette gir moglegheiter.

#### 4.2.2.2 TRUSLAR

Desse truslane vart trekte fram i bygdemøtet:

- Sentralisering/utkantstatus, ein av fleire utkantar, sentralisering Geiranger, enda meir utkant
- Geografi/kommunikasjon, avstand, 2 ferjer, avstand til sentrum, langt til kommunesenter
- Økonomi. Svak kommuneøkonomi, gjeld, Robek, eigedomsskatt
- Tenester: Lite truleg behalde skule og barnehage, dårlegare tenester, langt til kulturskule
- Lokaldemokrati? Mindre innflytelse, framleis salderingspost?
- Kommunesenteret blir flytta – mister arbeidsplassar
- Nye kampar: Kivast mot Geiranger
- Innspel: Norddal Stranda ei kommune

Klart flest gav innspel knytt til geografi og kommunikasjonar.

### 4.2.3 ARBEIDSGRUPPA SINE VURDERINGAR, SAMFUNNSUTVIKLING

Med kraftinntektene (sjå del 5.4 om økonomi) har Norddal kommune hatt eit forholdsvis stort handlingsrom knytt til nærings- og samfunnsutvikling. Likevel meiner arbeidsgruppa at den generelle samfunnsutviklinga i Norddal kommune og samfunnsutviklarrolla kommunen har tatt er viktige argument for å endre tilknyting til Stranda kommune. Vi har tre argument for dette. For det første utgjer dei tre bygdene ei naturleg eining geografisk. Dette vert manifestert gjennom eit høgt nivå på samkvem spesielt knytt til kultur og fritidsaktivitetar, men også delvis næringsmessig.

For det andre hemmar oppdelinga av bygdene Geiranger og Eidsdal/Norddal i to kommunar ei felles næringsutvikling i dei tre bygdene på fleire måtar. Det er vanskelegare å utnytte det potensialet som ligg i turiststraumen til området. Felles hamneområde vil vere ein fordel i dette. Landbruket i Norddal/Eidsdal har også fordelar av tilknytinga til verdsarvområdet og det ligg potensial i kopling av landbruket i bygdene Norddal og Eidsdal og næringsmiddelindustrien på Stranda. Verdsarvstatusen har også, slik vi ser det, eit unytta potensial for dei tre bygdene i fellesskap.

For det tredje har Norddal kommune hatt ein sentraliseringsprofil på arbeidet med samfunns- og næringsutvikling, noko investeringsprofilen gir ein klar indikasjon på. Nedlegging og stadige truslar om nedlegging av viktige tenester som skule og barnehage er med på å forsterke den negative samfunnsutviklinga og biletet av ein kommune som gjer lite for å sikre ei positiv utvikling i dei to bygdene der litt under ein tredel av befolkninga bur.

## 4.3 DEMOKRATI

Sett i forhold til dei to føregåande periodane vart det politiske landskapet i Norddal ved valet i 2015 snudd på hovudet. Senterpartiet fekk 51,4 prosent av stemmene og ni av 17 representantar i kommunestyret-Senterpartiet som i 2011 gjorde sitt dårlegaste val etter krigen.[27] Tverrpolitisk liste var ved valet nest største parti med fem representantar.

**Tabell 8 viser valresultat for Norddal ved dei tre siste kommunevala. Tal i prosent. Tal representantar i parentes.**

| | 2015 | 2011 | 2007 |
|---|---|---|---|
| Senterpartiet | 51,4 (9) | 14,7 (3) | 24,5 (5) |
| Tverrpolitisk liste for Norddal | 31,4 (5) | 16,8 (4) | 13,7 (3) |
| Arbeidarpartiet | 10,6(2) | 27,4 (6) | 20,3 (4) |
| Sosialistisk Venstreparti | 6,6 (1) | 3,1 | - |
| Norddalslista | - | 31,9 (7) | 31,2 (7) |
| Høgre | - | - | 2,3 |
| Framstegspartiet | - | 6 (1) | 7,9 (2) |
| Blanke røyster | 10,6 | 0 | 0 |
| **Frammøteprosent** | **61** | **67,9** | **68,9** |

Dei siste åtte åra, har Norddalslista vore kommunen sitt største parti, i 2011 med 31,9 prosent av stemmene og 7 av representantane i kommunestyret. Arbeidarpartiet fekk i 2011 27,4 prosent av stemmene og 6 representantar.[28] Partiet har sitte med ordførar i begge periodane støtta av Tverrpolitisk liste (16,8 prosent) og Senterpartiet (14,7 prosent). Norddalslista stilte ikkje liste ved valet 2015 og dette er noko av forklaringa på den store oppslutninga om Senterpartiet ved dette valet. 10,6 prosent av veljarane stemte blankt ved kommunevalet 2015. I følgje statistikk har ingen stemt blankt ved val i Norddal heilt tilbake til 1955. Valdeltakinga på 61 prosent var den lågaste sidan 1959. (Kjelde: SSB) Berre to av 17 kommunestyrerepresentantar for neste periode er frå Eidsdal og Norddal.

Interkommunalt samarbeid har dei siste åra vorte ein svært utbreidd måte å løyse kommunale oppgåver, spesielt for dei mindre kommunane. Som nemnt tidlegare har Norddal i stor grad teke i bruk interkommunale samarbeid for å løyse lovpålagte oppgåver. Kommunen var i 2013 totalt involvert i 38 interkommunale samarbeid, ni lokale, 22 regionale og fem på eit høgare nivå og ligg med dette omtrent midt på treet på statistikken over kommunane i Møre og Romsdal sin bruk av interkommunale samarbeid (Vinsand og Langset 2013, 10). Interkommunale løysingar er generelt rekna for å gi noko mindre politisk kontroll. Til samanlikning er Stranda kommune involvert i 26 interkommunale samarbeid i 2013, dei klart fleste på regionalt nivå. Med dette hadde kommunen nest minst interkommunale samarbeid i fylket, nest etter Sykkylven på 36. plass. Norddal inngår i svært liten grad i interkommunale samarbeid med Stranda.

[27] Kjelde: http://www.nrk.no/valg2011/valgresultat/kommune/kommune/1524

[28] Totalt antal kommunestyrerepresentantar var ved dette valet 21.

### 4.3.1 BYGDEMØTET STYRKJER OG SVAKHEITER KNYTT TIL DEMOKRATI, NORDDAL KOMMUNE

I det følgjande vil vi sjå på kva innbyggjarane i Eidsdal og Norddal meiner er dei sterke og svake sidene ved å vere del av Norddal kommune – knytt til demokrati. Det er verdt å merke seg at spørsmålet til møtelyden var generelt og at innspela dermed er sorterte i etterkant. Ei fullstendig oversikt over innspela ligg ved i vedlegg 8.

#### 4.3.1.1 STYRKJER

Av styrkjer knytt til demokratiaspektet er det eitt punkt som kjem fram:

- Lokalkjennskap, oversiktleg, kjennskap til kvarandre, kjennskap til kommunestyrerepresentantar

I tillegg vert det nemnt lokal identitet og historisk tilknyting.

#### 4.3.1.2 SVAKHEITER

På den andre sida er det svært mange som trekker fram trekk ved politikken som svakheiter ved å vere knytt til Norddal kommune:

- Lite tillit til kommunen sin politikk
- Udemokratisk fleirtal, lite flinke til å lytte
- Utfordringar knytt til kunnskap hos dei styrande
- Lite trykk på strategisk samfunnsutvikling
- Blir ikkje høyrt

Inntrykket av maktesløyse vert forsterka av innspel som går på forholdet og konflikta mellom nordsida og sørsida av fjorden generelt og som tidlegare vart referert under samfunnsutvikling:

- Bygdestrid, skeivfordeling av goder, konflikt, satsing skjer mest i Valldal, lite prioritering av Norddal Eidsdal, utarming av sørsida osv.

### 4.3.2 BYGDEMØTET MOGLEGHEITER OG TRUSLAR VED DEMOKRATI, VED TILKNYTING TIL STRANDA KOMMUNE

I avsnitta under vil vi sjå på kva innbyggjarane i Eidsdal og Norddal meiner er moglegheiter og truslar ved å gå inn i Stranda kommune – knytt til samfunnsutvikling. Spørsmålet til møtelyden var generelt knytt til moglegheiter og truslar ved ny tilknyting til Stranda kommune. Ei fullstendig oversikt over innspela ligg ved i vedlegg 8.

#### 4.3.2.1 MOGLEGHEITER

Bygdemøtet såg desse moglegheitene med ei ny tilknyting til Stranda kommune.

- Moglegheit for å bli tatt på alvor, betra demokrati i politiske prosessar, mindre overkøyring, slepp kampen mot Valldal, fleirtalskonstellasjon misser makt
- Kommunal leiing, oppegåande, konstruktiv
- Stranda har erfaring med å ha funksjonar i heile kommunen

- Større alternativ mot Stryn/Sykkylven (samanslåing)
- Meir kompetanse politikk (og tenester)
- Utkantane (Norddal, Eidsdal, Geiranger) sterkare saman

#### 4.3.2.2 TRUSLAR

På den andre sida ser bygdemøtet desse truslane:

- Framleis sentralisering/utkantstatus, ein av fleire utkantar, sentralisering Geiranger
- Geografi/kommunikasjon, langt til kommunesenter – lenger enn før, lenger til sentrum
- Mindre påverknad, lenger unna dei som bestemmer, færre representantar i kommunestyret
- Dårlegare lokalkunnskap
- Framleis salderingspost?
- «Nye kampar», mot Geiranger, Norddal/ Eidsdal vs. Geiranger

### 4.3.3 ARBEIDSGRUPPA SINE VURDERINGAR, DEMOKRATI

Generelt er hovudstyrken til små kommunar rekna for å vere nærleik til vedtak og lokalkunnskap. Ulemper ved det politiske systemet i små kommunar er på den andre sida utfordringar knytt til habilitet, kompetanse og at ein kan kome for nært politiske avgjerder (Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2014, 2014). Desse generelle trekka kjem klart fram i innspela frå bygdemøtet.

Arbeidsgruppa oppfattar dei politiske tilhøva i kommunen som ein viktig faktor som «dyttar» befolkninga på sørsida av fjorden i retning av å vurdere andre alternativ enn Norddal kommune. Det er ei sterk kjensle av frustrasjon og sinne i dei to bygdene over dei politiske tilhøva. Dette kjem mellom anna fram av at mange innspel på bygdemøtet er knytt til svakheiter ved Norddal kommune knytt både til demokrati, tenester og samfunnsutvikling. Konflikt mellom nordsida og sørsida av fjorden kjem klart fram.

Det er fleire forhold som kan illustrere at det har vore stor frustrasjon knytt til det politiske fleirtalet i kommunen over lang tid. For det første stilte Norddalslista for første gang med liste ved kommunevalet i 2003 (2 representantar). Norddalslista fekk i 2007 auka støtte av «proteststemmer», og fekk 31,2 prosent av stemmene - i 2011 31,9 prosent, og var begge gonger største parti i kommunen. Lista stilte med representantar frå begge sider av fjorden og fekk også røyster frå begge sider av fjorden, men ettersom det ikkje finst valresultat på grunnkrinsnivå, veit vi ikkje nøyaktig fordeling av stemmer mellom bygdene. Norddalslista vart i begge periodar sittande i opposisjon ettersom Senterpartiet, Tverrpolitisk liste og Arbeidarpartiet gjekk saman om ordførar frå Arbeiderpartiet og stemte saman i dei fleste større saker. Norddalslista vart oppløyst før kommunevalet 2015, sidan det ikkje lenger var motivasjon mellom representantane å arbeide «i motvind».

Eit anna moment som illustrerer frustrasjonen er det at 10,6 prosent[29] av dei som stemte ved kommunevalet 2015 stemte blankt (gjeld heile kommunen). Dette er den klart høgaste andelen blanke stemmer for nokon kommune i landet. Dette kjem på toppen av ei historisk låg valdeltaking på 61 prosent som er 7 prosent mindre enn i 2011 og det lågaste sidan 1959.[30] Senterpartiet fekk høg valoppslutning ved valet 2015 (51,4 prosent) og har teke dette til inntekt for oppslutning om å halde fram som sjølvstendig kommune. Senterpartiet var også einaste partiet som lova å behalde ungdomsskulen i Eidsdal. Ut frå vår kjennskap til det politiske landskapet i bygdene Norddal og Eidsdal meiner vi klart at Senterpartiet fekk svært mange stemmer frå sørsida av fjorden – heilt på tampen - med bakgrunn i nettopp skulesaka, og at det var dette som gjorde at partiet sikra fleirtal i

[29] Kjelde: http://www.vg.no/valgnatt/valg/kommune/fylker/more-og-romsdal/kommuner/norddal/
[30] Kjelde: http://fylkesstatistikk.mrfylke.no/fs2015/valet-2015/lag-valdeltaking-ved-kommunestyrevalet

kommunestyret. Oppslutninga frå bygdene Norddal og Eidsdal om å greie ut alternativ tilknyting til Stranda (125 av 136 svar på spørjeskjema) sannsynleggjer at skulesaka, og ikkje spørsmålet om å halde fram som eiga kommune, er det som har gitt Senterpartiet støtte frå folk på sørsida. Det faktum at 68 prosent av respondentane i kommunen i innbyggjarundersøkinga støttar at Norddal kommune skal slåast saman med andre kommunar peiker også i den retning (Sentio Research Norge 2015).

**Oppsummert** meiner arbeidsgruppa at lokaldemokratiet i Norddal kommune over tid har mista legitimitet og oppslutning blant folk på sørsida av fjorden. Tilliten er brote. Signala om dette er svært sterke og kjem fram mellom anna gjennom:

1. Oppretting av politisk liste «Norddalslista» med støtte på tvers av det politiske landskapet og på tvers av bygdene og fjorden, men truleg sterkast frå bygdene Norddal og Eidsdal (oppretta 2003, med sterk auke av stemmer i 2007 og største parti i 2007 og 2011)
2. Aukande konflikt mellom bygdene på nordsida og sørsida av fjorden
3. Underskriftskampanje for å få fram folkemeininga om prioritering av økonomien til idrettshall
4. Sterk oppslutning i Norddal og Eidsdal om initiativ om oppretting av privatskule (1. – 10 kl.) i Eidsdal
5. Svært mange blanke stemmer ved kommunevalet 2015
6. Sterk støtte til å utgreie moglegheiter for ny kommunetilknyting for Norddal og Eidsdal

Arbeidsgruppa meiner at tapet av legitimitet botnar i ein kombinasjon av faktorar: 1. Befolkninga i Norddal og Eidsdal oppfattar at dei vert overkøyrd i saker som vedkjem dei. 2. Skeivfordeling mellom Valldal sentrum og sørsida av fjorden knytt til investeringar og dermed ei sterk sentralisering 3. Skeivfordeling av kommunale innsparingar mellom Valldal (sentrum) og Eidsdal/Norddal 4. For små forhold i politikken. Desse faktorane er kombinert med 5. at kommunesenteret er skilt frå bygdene på sørsida av fjorden med ein fjord og dermed ei ferje. Gode som gagnar Valldal sentrum kjem dermed ikkje nødvendigvis Eidsdal og Norddal til gode.

Det nye kommunestyret har ikkje fått lov til å setje seg, og har dermed ikkje fått høve til å byggje bruer over dei motsetningane som har oppstått. Denne utgreiinga av alternativ kommunetilslutning kjem dermed på eit lite høveleg tidspunkt slik sett. Arbeidsgruppa er likevel svært skuffa over at den nye politiske konstellasjonen ikkje nyttar høvet denne utgreiinga gir for det nye kommunestyret til å møte si eiga befolkning, men i staden nyttar høvet til igjen å ikkje ta omsyn til synspunkt som vert sterkt uttrykt frå store delar av eiga befolkning.

## 4.4 ØKONOMI

Stranda kommune er på ROBEK – lista og har såleis lite økonomisk handlingsrom. Lånegjelda er framleis svært høg (335,5 prosent av brutto driftsinntekter) sjølv om kommunen har gått overskot dei tre siste åra. Norddal kommune har tradisjonelt, på grunn av «kraftinntekter» av ulike slag hatt god økonomi. Årsmeldinga frå 2014 peikar likevel på at kommunen over fleire år har hatt eit negativt brutto driftsresultat (Norddal kommune 2014, 7) og eit driftsnivå som ligg høgare enn kva inntektene gir rom for (Norddal kommune 2014, 4). Kommunen saman med eigedomsselskapet har også relativt høg gjeld og mykje av inntektene vert nytta til renter og avdrag.

**Tabell 9 samanliknar nokre nøkkeltal knytt til økonomi for kommunane Stranda og Norddal for 2014. Kjelde SSB.**

| Utvalde nøkkeltal for kommunane Stranda og Norddal | Norddal | Stranda |
|---|---|---|
| | 2014 | 2014 |
| Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (mill. kroner) | -3 | 6,7 |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | -2,1 | 2 |
| Netto lånegjeld, 2014* | 120,6 % | 178,5 % |
| Driftsinntekter per innbyggjar kommune, 2014* | 117.000 kr | 81.000 kr (ca) |
| Eigedomsskatt* | Nei | Ja |
| Frie inntekter i kroner per innbyggjar | 67 534 | 52 969 |
| Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter | 213,7 | 335,5 |
| Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar | 65 904 | 142 062 |
| Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb | 10 825 | 5 850 |
| Årsgebyr for forsyning av vatn (gjelder rapporteringsåret+1) | 4 650 | 3 207 |
| Årsgebyr for avløpstjenesta (gjelder rapporteringsåret+1) | 897 | 4 146 |
| Årsgebyr for avfallstenesta (gjelder rapporteringsåret+1) | 3 188 | 2 450 |

*Kjelde: http://www.nykommune.no/#!kommuner/269-270

Tabell 9 viser at gjelda likevel er lågare per innbyggjar i Norddal enn i Stranda kommune. Sjølv om Norddal kommune har slitt med aukande gjeld og dårlege driftsresultat over nokre år, ser vi at kommunen kjem betre ut enn Stranda både når det gjeld netto lånegjeld, driftsinntekter og frie inntekter i kroner per innbyggjar.

Norddal kommune har enno ikkje innført eigedomsskatt, noko som er sparte kostnader for innbyggjarar og bedrifter i området, men eigedomsskatt vart vedteke innført i siste kommunestyremøte før jul.[31]

Når det gjeld avgifter til vatn og avløp låg Stranda i 2014 totalt sett noko over Norddal kommune, men både Norddal og Eidsdal har private vassverk og vert dermed ikkje påverka av dette. Årsgebyr for avfall låg i 2014 noko høgare for Norddal enn for Stranda.

[31] Kjelde: Storfjordnytt 22. desember, 2015. Protokoll frå kommunestyremøtet er førebels ikkje tilgjengeleg på internett.

Tabell 10 «Kraftinntekter, Norddal kommune» i 1000 kroner. Kjelde: Årsmelding for Norddal kommune (s.6).

| Kraftinntekter Norddal kommune i 1000 kroner | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 |
|---|---|---|---|---|
| Konsesjonsavgifter | 2924 | 2780 | 2761 | 3055 |
| Naturressursskatt | 10101 | 10131 | 10407 | 10199 |
| Eigedomsskatt på kraftproduksjon og nett | 17984 | 19571 | 21630 | 21573 |
| Konsesjonskraft | 14354 | 9230 | 7294 | 7975 |
| Aksjeutbytte Tafjord | 4894 | 3256 | 3741 | 3806 |
| **Totalt** | **50257** | **44968** | **45833** | **46608** |

Norddal kommune hadde i 2014 brutto driftsutgifter på 194 millionar kroner. Kommunen hadde i 2014 143 millionar kroner i frie inntekter. Av desse var 46, 6 millionar kroner såkalla «kraftinntekter» knytt til ulike skattar, avgifter og konsesjonskraft (Tabell 10). Kraftinntektene svarar til ein årleg inntekt per person på litt i underkant av 28.000 kroner. I tillegg har Norddal kommune kraftaksjar i Tafjord kraft og inntekter frå desse. Lånegjelda for Norddal kommune og Norddal eigedomsselskap KF har frå 2010 til 2015 auka frå 201,8 millionar kroner til 257,6 millionar kroner. Finanskostnadene har endra seg frå eit overskot på 58.000 kroner i 2011 til eit underskot på 3,6 millionar kroner i 2014 (Norddal kommune 2014, 6). Gjelda vil auke ytterlegare i år og neste år som eit resultat av større investeringar (budsjett på om lag 69 millionar kroner, søknad om spelemidlar for om lag 18 millionar kroner) i idrettshall/samfunnshus i Valldal sentrum.

Stranda kommune hadde i 2014 brutto driftsutgifter på litt i overkant av 335 mill. kroner (Stranda kommune 2014, 26). Kommunen har ikkje kraftinntekter.

Av faktorar som vil påverke den økonomiske situasjonen ved ei endring av kommunetilknyting kan vi nemne at staten gir støtte til samanslåing av kommunar, for å dekkje utgifter og for å gi insentiv for samanslåing. Det er uklart kva status ei ny tilknyting av Eidsdal og Norddal til Stranda kommune vil få juridisk. I inndelingslova (Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser 2002, endret 2014) vert det skilt mellom grensejustering og deling. Dei to har noko ulik juridisk status. Fordeling av eigedom, inkludert kraftinntekter og kraftaksjar, vil vere tema ved ei eventuell endring av kommunetilknyting. Ei endring av kommunetilknyting vil også påverke status i distriktsindeksen basert på forhold knytt til geografi, demografi, arbeidsmarknad og levekår. Norddal kommune får med bakgrunn i indeksen noko høgare overføringar frå staten per innbyggjar, men det er uklart om ein også i framtida like sterkt vil tilgodesjå små kommunar - særleg med bakgrunn i presset frå sentralt hald om større kommunar.

### 4.4.1 BYGDEMØTET STYRKJER OG SVAKHEITER KNYTT TIL ØKONOMI – FRAMLEIS TILKNYTING NORDDAL KOMMUNE

I det følgjande vil vi sjå på kva innbyggjarane i Eidsdal og Norddal meiner er dei sterke og svake sidene ved å vere del av Norddal kommune– knytt til økonomi. På bygdemøtet vart møtelyden beden om å spele inn styrkjer knytt til ei framleis tilknyting til Norddal kommune – generelt. Mellom innspela har vi trekt ut dei som spesifikt er knytt til økonomi i punkta under. Møtelyden var ikkje spesielt beden om å tenkje økonomi i arbeidet. Ei fullstendig oversikt over innspela ligg ved i vedlegg 8.

#### 4.4.1.1 STYRKJER

Bygdemøtet såg desse faktorane som styrkjer ved å halde fram som del av Norddal kommune:

- Kraftpengar, kraftkommune
- Betre kommuneøkonomi
- Ingen eigedomsskatt

#### 4.4.1.2 SVAKHEITER

Bygdemøtet såg desse svakheitene ved å halde fram som del av Norddal kommune:

- Svak økonomi, lite handlingsrom, nedlegging, dårlegare økonomi, nedskjering
- Lite att for store økonomiske satsingar
- Sørsida salderingspost, utarming, nedbygging

### 4.4.2 BYGDEMØTET MOGLEGHEITER OG TRUSLAR KNYTT TIL ØKONOMI - TILKNYTING STRANDA KOMMUNE

På bygdemøtet vart møtelyden beden om å spele inn moglegheiter og truslar knytt til ei ny tilknyting til Stranda kommune – generelt. Mellom innspela har vi trekt ut dei som spesifikt er knytt til økonomi i punkta under. Møtelyden var ikkje spesielt beden om å tenkje økonomi i arbeidet.

#### 4.4.2.1 MOGLEGHEITER

Bygdemøtet trakk fram desse økonomiske moglegheitene ved ei ny tilknyting til Stranda kommune:

- Betre økonomi
- Ei kommune med erfaring med utkantar/oppretthalde funksjonar i heile kommunen

#### 4.4.2.2 TRUSLAR

Bygdemøtet trakk fram desse truslane knytt til økonomi ved ei ny tilknyting til Stranda kommune:

- Framleis sentralisering
- Eigedomsskatt
- Kommunegjeld, dårleg kommuneøkonomi
- Mistar konsesjonsinntekter
- Robek
- Dyre kommunale avgifter

### 4.4.3 ARBEIDSGRUPPA SINE VURDERINGAR, ØKONOMI

Norddal kommune har betre råd per innbyggjar enn Stranda kommune. Nivået på dei frie inntektene, spesielt knytt til kraftinntektene, er høgt og gjer at det potensielt er større handlingsrom i Norddal enn i Stranda kommune. Vi ser også at Norddal kommune gjennomgåande nyttar meir pengar på sine tenester enn Stranda kommune. Vi ser også at dei er svært aktive i samfunnsutviklarrolla gjennom næringskonsulentar, næringstilskot og investeringar. Stranda kommune er på andre sida ei Robek – kommune.

Økonomien i Norddal kommune har likevel over lengre tid vore vanskeleg og den vil verte enno vanskelegare. Både auka investeringar og reduksjon i folketalet fører til at driftsnivået må ned. Norddal kommune er i gang med denne prosessen, men førebels har ein ikkje greidd å ta driftskostnadane så mykje ned at kommunen vert drive i balanse. Siste åra har kommunen derfor nytta fond for å komme i balanse ved årsslutt. Ettersom fonda minskar vert presset på drifta hardare. Stranda kommune, ser på si side ut til no å ha kontroll med økonomien og har hatt overskot i kommunale budsjett siste åra. Det siste betyr ikkje at dei i overskodeleg framtid vil ha spesielt stort handlingsrom.

# 5. ARBEIDSGRUPPA SINE VURDERINGAR SETT I FORHOLD TIL MÅLSETTINGAR MED KOMMUNEREFORMA

Kommunereforma har fire hovudmål (Innst. 300 S (2013-2014)). Desse er: 1. Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane. 2. Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling. 3. Berekraftige og økonomiske robuste kommunar. 4. Styrka lokaldemokrati. Eit skifte av kommunetilknyting for om lag 500 innbyggjarar frå Norddal til Stranda kommune, kan knapt seiast å bidra vesentleg til ei slik overordna målsetjing. Til sjuande og sist er det likevel innbyggjarane som utgjer befolkninga, sjølv i ein liten målestokk. Vi ser det derfor som naturleg i denne samanheng å gjere ei vurdering av korleis ei endring av kommunetilknyting vil påverke desse fire hovudmåla for innbyggjarane i Norddal og Eidsdal.

## 5.1 GODE OG LIKEVERDIGE TENESTER TIL INNBYGGJARANE

Omgrepet «gode» er noko tvitydig. Vi vel derfor å nytte omgrepa ekspertgruppa nyttar i si analyse knytt til kommunereforma: kvalitet i tenestene, effektiv utnytting av samfunnet sine ressursar og likeverdige tenester uavhengig av kvar i landet ein bur (Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2014, 37).

I KOSTRA vert *kvalitetsomgrepet* delt inn i ulike typar kvalitet. *Strukturkvalitet* omfattar forhold knytt til standard på innsatsfaktorar, som rammetilhøve, kompetanse og utdanning. *Prosesskvalitet* er knytt til produksjonsprosessane. Det dreier seg til dømes om organisering av arbeidet, rutinar og ansvarsforhold. *Produktkvalitet* er knytt til forhold som er viktige for brukaren og har til dømes med innhald og service i tenesta. *Resultatkvalitet* er den verknaden leveransen av tenesta har for brukaren, ofte definert som behovsdekning frå tenesta (Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2014, 37).

Vi kan med utgangspunkt i dette generelt seie at strukturkvalitet i tenestene ser ut til å vere like og kanskje vel så gode i Norddal som i Stranda. Statistikk viser at dei økonomiske rammeforholda generelt er gode. Det same synest å vere tilfelle for kompetanse og utdanning innafor skule, barnehage og omsorg. Eit unntak frå dette er knytt til legetilbod.

Når det gjeld prosesskvalitet har vi ikkje grunnlag for å gå inn i vurderingar knytt til kvar enkelt teneste. Vi konstaterer likevel at Norddal kommune på mange område må ty til interkommunale samarbeid for å sikre god nok kvalitet.

Produktkvaliteten har også historisk sett vore god. Skulane, og då spesielt Eidsdal skule har prestert godt også på nasjonale prøver, og skulen vert oppfatta som god. Det same vert kulturskule, brann- og anna sikkerheit og omsorgstenestene. Når det gjeld produkt- og resultatkvalitet kjem den store utfordringa for Norddal kommune og dermed for Eidsdal og Norddal fram i tid. Økonomien i Norddal kommune er i ferd med å verte klart dårlegare, etter kvart som trykket frå store investeringar vert sterkare og presset på økonomien aukar. Dette vil gå utover basistenestene i kommunen og det er stadige truslar om nedskjeringar i det stadbundne tenestetilbodet innafor skule og omsorg i Norddal og Eidsdal. Det siste er og kjem til å bli svært slitande på innbyggjarane.

I forhold til dagens situasjon, ser vi det derfor ikkje slik at tenestene nødvendigvis får ein betre kvalitet enn noverande situasjon ved ein ny tilknyting til Stranda kommune. Stranda kommune er på andre sida ein kommune med større musklar, tradisjon for å halde på tenester i bygdene, og også ei kommune som kan sjå både kvalitetsgevinstar i samordning mellom Geiranger, Eidsdal og Norddal.

Når det gjeld *effektiv utnytting av ressursar* trur vi det er potensiell, men ikkje spesielt stor gevinst av ei endring av kommunetilknyting. Effektiviseringsgevinsten ligg i samordninga mellom Geiranger, Eidsdal og Norddal, men også mellom Eidsdal/Norddal og Geiranger er det geografiske utfordringar med reiseveg, rasfare og vanskeleg

tilgjengelegheit vinterstid. Situasjonen på dette området vil verte noko endra med tunnell mellom Eidsdal og Geiranger.

Vi meiner effektivitet også er eit spørsmål om kven sine ressursar som skal utnyttast effektivt. Indre Storfjord har ein utfordrande geografi og forholdet mellom Eidsdal/Norddal og kommunesenteret Valldal er eit eksempel på dette. Samanslåing av kommunal verksemd, er kanskje til dels effektivt for kommunal økonomi, men skyver ein uforholdsmessig stor del av kostnadar nedover til familiar og enkeltpersonar med behov for tenestene. Dette gjeld til dømes barnehagar, skular og legetilbod. Til slutt vil ei slik sentralisering til Valldal, slik Norddal kommune legg opp til, i praksis gjere det vanskeleg å slå seg ned i Norddal og Eidsdal og då spesielt i meir perifere delar av bygdene. Over tid vil ei slik sentralisering også føre til eit svært *skeivfordelt tenestetilbod* i kommunen ettersom investeringar i stor grad kjem sentrum av Valldal til gode, og kostnadane i uforholdsmessig stor grad må berast av dei som har minst nytte av investeringane.

**Oppsummert** vil vi dermed seie at det truleg vert liten kvalitetsgevinst, slik situasjonen er no, innafor tenestene ved ein overgang til Stranda kommune. Eit unntak frå dette er innafor legetenester. Vi ser det også slik at kvalitetsgevinsten vil verte større over tid. Effektiviseringsgevinsten totalt sett for bruk av kommunale midlar er truleg heller ikkje spesielt stor. Vi ser det likevel slik at moglegheitene for samordning mellom Geiranger, Eidsdal og Norddal kan gi meir effektive tenester og av betre kvalitet over tid. Vi ser det også slik at sjansane for skeivfordeling av midlar mellom ulike delar av kommunen vert noko mindre når Geiranger, Norddal og Eidsdal vert ei eining. Det finnest likevel ikkje nokon garanti mot endra politiske konstellasjonar og endra prioriteringar i Stranda kommune i framtida.

## 5.2 HEILSKAPLEG OG SAMORDNA SAMFUNNSUTVIKLING

Ein overgang frå Norddal til Stranda kommune vil styrkje ei heilskapleg samfunnsutvikling mellom Geiranger, Norddal og Eidsdal. Dette vil gjelde både tenester og samfunns- og næringsutvikling. Det siste spesielt knytt til reiselivsnæringa, men det er også potensial knytt til landbruk i seg sjølv og koplingane mellom landbruk og næringsmiddelindustri og mellom landbruk og reiseliv.

I eit globalt perspektiv er auke i sjølvforsyning viktig. Dette er òg ei nasjonal målsetjing. Både Norddal og Stranda har framleis ei relativt sterk landbruksnæring som kan utnyttast. Klimaendringane og påfølgande utfordringar bygg endå meir opp under dette. Særskilt for desse to kommunane er også ansvaret for ivaretaking av verdsarvområdet. Ei styrka landbruksnæring i kombinasjon med reiseliv kan bidra til å ta vare på kulturlandskapet, oppretthalde og helst auke matproduksjonen, medverke til auka næringsutvikling med fokus på kortreist og lokal mat og ei reiselivsnæring med fleire bein å stå på.

Geirangerområdet og verdsarvområdet er slik sett også av nasjonal og internasjonal verdi. Det kviler eit stort ansvar både på kommunar, fylke og statspart for å ta vare på området. Men statusen gjev òg store moglegheiter for verdiskaping og vi ser potensialet som langt større enn det ein til no har tatt ut.

Eit anna forhold knytt til samfunnsutvikling, er trusselen frå fjellpartia Åkneset og Hegguraksla. Norddal og Eidsdal er trua av flodbølgje dersom fjellpartia rasar ut. Frå Åkneset, der steinmassane i verste fall er berekna til 54 $Mm^3$ vil bølgja vere 7 meter i Eidsdal og 15 meter i Norddal. Størst vert bølgja i bygdene Geiranger (65 m) og på Hellesylt (85m).[32] Ut frå dei prognosar ein har i dag, vil bygdene Eidsdal og Norddal bli totalisolerte over ein lengre periode, uansett når på året raset kjem. Geiranger vil vere totalisolert om raset kjem i vinterhalvåret. Sommaren vil Geiranger ha open veg austover. Både når det gjeld beredskap og vurderingar kring evakuering og oppattbygging, er det naturleg å sjå på bygdene Norddal, Eidsdal og Geiranger som ein heilskap. Det gjeld òg når ein vurderer avbøtande tiltak som kan redusere omfanget av skadane. Kommunane Norddal og Stranda har generelt sett mange av dei same utfordringane når det gjeld beredskap knytt til ei slik flodbølgje.

Eit viktig element for å utløyse potensial knytt til samfunnsutvikling er betra kommunikasjonar mellom bygdene og mellom bygdene og kommunesenteret. Betre samferdsleløysingar ut frå området vil også kunne styrkje og betre samfunnsutviklinga.

## 5.3 BEREKRAFTIGE OG ØKONOMISK ROBUSTE KOMMUNAR

Ei ny tilknyting til Stranda kommune vil potensielt kunne løyse ut effektiviseringsgevinstar innafor tenesteproduksjonen, sidan Eidsdal og Norddal utgjer ei naturleg eining med Geiranger. Dersom ein får til ei positiv samfunns- og næringsutvikling i området vil dette i tillegg kunne påverke kommuneøkonomien. Ei slik tilknyting vil moglegvis også løyse ut noko auka overføringar frå staten til Stranda kommune. På den andre sida er folketalet i bygdene Eidsdal og Norddal lågt og næringslivet svakt. Vi trur derfor ikkje ein overgang til Stranda kommune i vesentleg grad vil styrkje økonomien i Stranda, men vi har lite grunnlag for å seie noko om dette. Økonomiske forhold vil også vere eit forhandlingsspørsmål mellom Norddal og Stranda kommune ved ein eventuell ny tilknyting til Stranda.

## 5.4 STYRKA LOKALDEMOKRATI

Knytt til demokratiaspektet, vil potensielle styrkjer ved små kommunar vere nærleik og kjennskap både i forhold til tenester og personar. I Norddal kommune oppfattar vi det slik at dette har blitt for nært. Arbeidsgruppa ser det derfor slik at det vil vere ein gevinst for Eidsdal og Norddal å høyre til i Stranda kommune der avstanden mellom sak og person vert noko større. Vi vurderer det også slik at det vil vere mogleg å nå gjennom i Stranda kommune dersom ein byggjer alliansar mellom Geiranger, Eidsdal og Norddal - vel vitande om at avgjerder vil vere tekne lenger unna og at bygdene potensielt vil ha færre kommunestyrerepresentantar i Stranda kommune.

---

[32] Harbitz, NGI, med bidrag frå S. Glimsdal, V. Kveldsvik, F. Løvholt NGI og G. Pedersen og A. Jensen, UiO. Foredrag på Åkneskonferansen, Geiranger 26. august, 2015.
https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMMR/Samfunnstryggleik%20og%20beredskap/00.9.%20M%C3%B8te%20og%20konferansar/2015.08.26-27.%20%C3%85kneskonferansen%202015/2015.08.26.%20%C3%85kneskonferansen%202015.%20Carl%20Bonnevie%20Harbitz.%20Mulige%20flodb%C3%B8lger%20fra%20%C3%85kerneset.pdf

# 6. ARBEIDSGRUPPA SI OVERORDNA VURDERING OG TILRÅDING

Ein kan diskutere tenester, samfunnsutvikling, økonomi og lokaldemokrati kvar for seg lenge, men det er arbeidsgruppa si klare meining at desse faktorane heng nøye saman. Tenestene påverkar moglegheita til å bu, næringsutvikling påverkar tenestene osv. Vi vil derfor til slutt gjere ei heilskapleg vurdering av alternativ kommunetilknyting til Stranda ut frå momenta som har kome fram tidlegare.

## 6.1 VURDERING AV HEILSKAPEN

Slik arbeidsgruppa ser det er det samspelet mellom tenester, økonomi, samfunnsutvikling og demokratisk underskot som i stor grad har «dytta» bygdene Norddal og Eidsdal til å tenkje alternativ kommunetilknyting. Kjensla er sterk av over lang tid å verte overkøyrt og nedprioritert. Dette kombinert med sentralisering gjennom ein sterk oppbygging av Valldal sentrum over tid, som igjen fører til behov for kommunale innsparingar, har gått hardt utover tilliten til det politiske systemet og hardt utover livskvaliteten. Kombinasjonen er spesielt utfordrande ettersom mange av innbyggjarane i Eidsdal og Norddal i liten grad har glede av oppbygging i sentrum på grunn av geografi og livssituasjon.

Spørsmålet om kommunetilknyting er likevel ikkje enkelt. Føresetnader for at ein **overgang til Stranda kommune** skal utnytte moglegheitene og svare på truslane for bygdene Norddal og Eidsdal meiner vi er:

**Utnytte moglegheiter**

- Større trykk på samferdsel generelt og betra kommunikasjonar mellom Stranda og Norddal/Eidsdal/Geiranger spesielt
- At ein, i større grad enn i forhold til Norddal kommune, kjem i dialog med kommunen om utviklinga av bygdene – og da om utvikling av Geiranger, Norddal og Eidsdal i fellesskap.
- Samkvem, planar og handling knytt til felles utvikling mellom bygdene, Norddal, Eidsdal og Geiranger
- At ein utnyttar like og supplerande næringsstrukturar og miljø slik som landbruk, forholdet mellom landbruk og næringsmiddelindustri, felles hamneområde og utvikling av turisme
- Betra tilgang til legekompetanse på Stranda, legedag(ar) i Eidsdal/Geiranger
- Betre utnytting av verdsarvstatusen for å utvikle bygdene
- Vurdere korleis ein kan oppretthalde og vidareutvikle kulturskuletilbodet nært brukarane

**Møte truslar**

- Større trykk på samferdsel generelt og betra kommunikasjonar mellom Stranda og Norddal/Eidsdal/Geiranger spesielt
- At basisfunksjonar knytt til helse, omsorg og skule vert oppretthalde på eit rimeleg nivå:
    - Framleis 10 – årig skule i Eidsdal, med samordning med Geiranger på sikt dersom elevtalet vert for lågt
    - Barnehagetilbod i Norddal
    - Omsorgstenester som gjer at innbyggjarane kan vere i bygdene lengst mogleg og sjukeheimstenester som fungerer så nært som mogleg

Dersom det skal vere ein fordel framleis å **vere del av Norddal kommune** er det avgjerande at ein framleis byggjer vidare på styrkjer og utbetrar svakheiter:

**Byggje på styrker**

- Oppretthalde og skape føreseielegheit for desentraliserte tenester på eit høgt nivå for skule (1. – 10. klasse), barnehage, omsorg, kulturskule, men også andre gode tenester

**Utbetre svakheiter:**

- Styrkje dialogen mellom folkevalde i Norddal kommune og innbyggjarar, lag og organisasjonar i bygdene Norddal og Eidsdal
- Sikre stabilitet i helsetenester – spesielt knytt til stabilitet i legar og ein legedag i Eidsdal
- Stoppe sentralisering av ressursbruk til Valldal sentrum og tilsvarande kutt i ressursbruk til bygdene Norddal og Eidsdal

## 6.2 TILRÅDING

Alt dette dreier seg om fordeling av gode og byrdar i samfunnet, altså om politikk og politiske vindar snur fort. Arbeidsgruppa kan dermed ikkje vite kva som skjer i framtida. Arbeidsgruppa tilrår likevel at ein arbeider vidare for **eit skifte av kommunetilknyting** til Stranda kommune av desse grunnane:

- Geiranger, Eidsdal og Norddal er ei naturleg eining geografisk og det er tett samkvem mellom bygdene, noko det er mogleg å byggje vidare på.
- Bygdene Norddal og Eidsdal og Stranda kommune (med spesiell vekt på Geiranger) har delvis like, delvis supplerande næringsstruktur som kan utnyttast. Desse er spesielt knytt til landbruk og næringsmiddelindustri og turistnæringa. Felles kommunetilknyting vil kunne gjere det enklare å utnytte potensialet som ligg i området.
- Saman kan bygdene Geiranger, Eidsdal og Norddal vere sterkare i viktige politiske saker for bygdene.
- Norddal og Eidsdal vert del av ei større kommune med meir føreseielege rammevilkår på sikt og dermed også moglegvis meir føreseieleg nivå knytt til kommunen sine tilbod.
- Innafor dei aller viktigaste tenesteområda som helse, og då spesielt legehjelp, innafor skule og barnehage og innafor eldreomsorg, vil det verte lettare å finne gode løysingar tilpassa framtida i Stranda kommune enn i Norddal kommune. Eitt element i dette er også mogleg samordning av tenestene med Geiranger ved behov.
- Ei ny kommunetilknyting gjer det mogleg å kome ut av fastgrodde mønster og få ein ny start. Vi ser ikkje at Norddal kommune i næraste framtid vil endre eller demokratisere dei politiske prosessane. Norddal kommune si haldning til spørsmålet om kommunetilknyting for bygdene Norddal og Eidsdal stadfestar dette – sjølv med eit nytt kommunestyre.
- Vi ser ikkje at Norddal kommune i framtida vil endre sentraliseringspolitikken i kommunen. Sjølv om Senterpartiet for denne perioden har rekt ut ei hand ved valløftet om å sikre ungdomsskule i Eidsdal, trur vi den stramme økonomien på sikt vil gi vind i segla til sentraliseringskreftene. Seinast kjem denne diskusjonen fram i budsjettdebatten for 2016.[33]

Vi er då likevel klar over:

- Avstanden til politiske avgjerder vert større.
- Avstanden til kommunesenteret vert større.
- Avstanden til nokre tenester som lege og sjukeheimsplassar vert truleg større.
- Ei ny kommunetilknyting er ressurskrevjande og krev omstilling på mange tenesteområde.
- At potensialet for splid og usemje mellom bygdene Eidsdal, Norddal og Geiranger vert større ved mogleg «deling» av gode eller nedskjeringar.

---

[33] Referert i Storfjordnytt 26. november, 2015.

- At tilrådinga kan bidra til å gjere forholdet mellom bygdene på nordsida og sørsida av fjorden i Norddal kommune endå meir betent. Vert nordsida att åleine, vert det truleg vanskelegare å bestå som eiga kommune

For å få til eit godt samarbeid mellom bygdene Norddal, Eidsdal og Geiranger er ein grunnleggjande **føresetnad at «alle» bygdene tener på samarbeid.** Dersom berre ei av bygdene «vinner», vil samarbeidet fort smuldre opp. **Vi tilrår derfor at innbyggjarane vel eit partipolitisk uavhengig, felles «bygdeutval»** som skal representere dei tre bygdene både på kort og lang sikt og vege opp for ulemper knytt til ein vanskeleg geografi. Utvalet skal og bør ta føre seg og bere fram saker som angår felles utvikling av bygdene.

Vidare er **kommunikasjonar** viktig. Ved ny tilknyting til Stranda bør ein sjå nærare på moglegheitene for å knyte saman bygdene i indre Storfjord i ein større arbeidsmarknad. Hurtigbåt på fjorden er eitt alternativ, men det vil også vere viktig å sjå nærare på tilknyting austover og til dømes ferjeavgangar.

## 6.3 KOMMENTARAR TIL ANDRE ALTERNATIV KNYTT TIL KOMMUNEINNDELING

Alternativet som er utgreidd her, ei tilknyting av bygdene Norddal og Eidsdal til Stranda kommune, kjem til i ein breiare kontekst. I høve kommunereforma har Norddal kommune vore involvert i fleire utgreiingar. Desse er:

- Landkommunealternativet
- Regionkommune Sunnmøre
- Alternativ indre Storfjord

Ingen av alternativa har fått stor oppslutning frå kommunane. Per 6. desember 2015 ser det ut til at dei fleste av kommunane som omkransar bygdene «våre» helst vil halde fram som eigne kommunar. Eit anna trekk er at alle kommunar fryktar å bli ein utkant i nye større kommunar. Vurderingane av ulike alternativ vert deretter. Kommunestyret i Norddal gjorde til dømes 25. november vedtak om å gå vidare med tre alternativ:

a. Norddal kommune held fram som eiga kommune
b. Ny landkommune
c. Samhandling med dei næraste nabokommunane

Landkommunealternativet gjev, ut frå utgreiinga som er gjennomført, svært liten gevinst (Rapport frå arbeidsgruppa, 2015). Alternativet synest også å vere svært lite aktuelt for fleire av kommunane som var med i initiativet frå starten. Dermed står Norddal kommune truleg berre att med eitt alternativ å jobbe vidare med, og det er å halde fram som eigen kommune, og for å få til dette er dei avhengige av å løyse fleire utfordringar i samarbeid med nabokommunane.

Stordal kommune som er næraste nabo, ser ut til i hovudsak å vende seg utover mot Ørskog og eventuelt vidare utover, og har vedteke å arbeide vidare med både å halde fram som eigen kommune, landkommune- og regionkommunealternativet.[34] Kommunestyret i Stranda kommune ønskjer å gå vidare med alternativa samanslåing med Sykkylven kommune og Norddal kommune og også å greie ut vidare nullalternativet.[35]

**Med bakgrunn i denne utgreiinga ser vi ei samanslåing av heile Norddal kommune med Stranda kommune som ein fordel for bygdene Eidsdal og Norddal –** også i forhold til at berre Eidsdal og Norddal går inn i Stranda kommune. Ei slik samanslåing vil kunne skape større fleksibilitet i tenester og avhjelpe nokre av utfordringane knytt til avstand til desse ved ei tilknyting berre av bygdene til Stranda kommune - spesielt innafor helsetenester og sjukeheimstenester. Det vil også kunne gjere det enklare å ta ut effektivitetsgevinstar.

---

[34] Kjelde: Storfjordnytt 22. desember, 2015.
[35] Kjelde: Referat frå kommunestyremøte 16. desember, 2015.

Samstundes vil ei slik samanslåing gjere det mogleg å samordne samfunnsutviklinga innafor ein større region. Vi trur også at ei slik samanslåing vil styrkje den demografiske og demokratiske balansen i Stranda kommune. Samordning mellom bygdene Geiranger, Eidsdal og Norddal vil også i ei slik eining vere eit naturleg val.

**Vi meiner også at ei slik samanslåing vil vere ein fordel for heile Norddal kommune.** Det er fleire enn folk på sørsida av kommunen som tenkjer at samanslåing av Norddal kommune med andre kommunar vil vere ein fordel. Innbyggjarundersøkinga 2015 (Sentio Research Norge AS November 2015, 36) viser at et fleirtal av innbyggjarane i kommunen (56 prosent) støttar ei samanslåing av Norddal med ein eller fleire nabokommunar. 6 prosent støtter at heile Sunnmøre bør bli ei kommune, medan 37 prosent meiner at kommunen bør vere organisert slik som i dag. Vidare viser undersøkinga at eit fleirtal av innbyggjarane i Norddal meiner ei samanslåing vil gi gevinst innafor ulike tenester. Flest trur dette innafor helsetenester (65 prosent) og byggesaksbehandling (61 prosent). Innbyggjarane er likevel meir reserverte når det gjeld innbyggjarmedverknad. Under halvparten (47 prosent) meiner dette vert betre med ei samanslåing med andre kommunar. Stordal er den kommunen flest innbyggjarar i Norddal vil slå seg saman med (62 prosent), deretter kjem Stranda med 58 prosent.

Vi ser det dermed ikkje slik at Senterpartiet og ordførar Arne Sandnes har eit breitt fleirtal bak seg i sin strategi for å halde på Norddal kommune som sjølvstendig kommune. Truleg vil kommunen i framtida ha store utfordringar å bestå som eigen kommune. Eit aktivt standpunkt i forhold til å slå seg saman vil gi eit heilt anna utgangspunkt for gode løysingar enn dersom ein vert tvinga til å gå inn i ei ny eining.

Sett i eit samfunnsutviklingsperspektiv ser vi òg eit godt moglegheitsrom ved ei samanslåing med Stranda. Som kommunar har Norddal og Stranda både fellestrekk og kompletterande næringsliv. Stranda har sterk næringsmiddelindustri, medan industriarbeidsplassar er så og seie fråverande i Norddal. Derimot har kommunen Muritunet og satsar sterkt innafor natur, kultur og helse. Landbruksnæringa ligg for begge kommunar som eit godt grunnlag. I siste leddet har særleg Stranda eit sterkt reiseliv. Både Geiranger og Strandafjellet er nasjonale fyrtårn på sine felt. I tillegg har delar av desse kommunane areal inn i Sunnmørsalpane , Tafjordfjella og Reinheimen nasjonalpark. På toppen av dette ligg den internasjonale verdsarvstatusen.

Alle desse faktorane medverkar til at **vi meiner ei samanslåing av heile Norddal kommune og Stranda kommune er det beste alternativet** og ut frå vårt syn hadde det også vore ein fordel om Stordal var med i ein slik konstellasjon, men Stordal har valt ikkje å gå vidare med eit slikt alternativ.[36]

---

[36] Kjelde: Storfjordnytt 22. desember, 2015.

# 7. VEDLEGG

1. Invitasjon og spørjeskjema spørjeundersøking
2. Invitasjon til kommunane
3. Svar frå ordføraren i Norddal
4. E-post til fylkesmannen i Møre og Romsdal
5. Svar frå fylkesmannen i Møre og Romsdal
6. Invitasjon til bygdemøte levert til alle husstandar i Norddal og Eidsdal
7. Stemmesetel om utgreiing, nytta på bygdemøte
8. Notatar frå bygdemøte (sortert)
9. Svar frå Norddal kommune 23. november, 2015
10. Forslag om etablering av minikommunen Geiranger i verdsarvområdet.
11. Korrespondanse med fylkesmannen 7. – 8. desember, 2015

7.1 VEDLEGG 1: INVITASJON OG SPØRJESKJEMA SPØRJEUNDERSØKING

# Kommunereform

## Skal vi sjå nærmare på moglegheita for å komme inn under Stranda kommune?

Til innbyggjarane i Norddal og Eidsdal

I samband med kommunereforma har Norddal kommune gjort vedtak om å greie ut desse alternativa:

- Regionkommune Sunnmøre (pr. no 13 kommunar med Ålesund som «storebror»)
- Landkommune (landkommunane på nordsida av Storfjorden)
- Indre alternativ (Norddal, Stordal, Stranda, Sykkylven)
- Halde fram som eiga kommune, som no
- Dele kommunen: Nordsida utover mot Stordal m.fl., sørsida mot Stranda (ev. m. fl.)

Ut frå kva andre kommunar vel, kan det sjølvsagt bli justeringar på desse alternativa.

For dei fire fyrste alternativa er det gjort ein del utgreiingsarbeid og det ligg føre rapportar. For det siste alternativet er fint lite gjort. Merete har bede ordføraren snakke med Strandaordføraren om dette kan vere aktuelt, men elles er lite gjort. Merete har så vidt lufta saka med ordførar Tryggestad, og naturleg nok er hans haldning at han ikkje kan/vil gå inn i dette utan at det kjem ein henvendelse frå Norddal kommune, eller frå bygdene på sørsida av fjorden.

Ut frå framdriftsplanen som er lagt frå fylkeshald, skal alt utgreiingsarbeid vere ferdig innan 31.12.2015. Ein månad seinare skal vi ha valt det mest aktuelle alternativet å gå vidare med. Så kan det sjølvsagt vere at heile reforma vert ein «flopp», men det er kanskje litt tidleg å konkludere.

Vi er kjende med at mange i Norddal og Eidsdal ser på ei samanslåing mot Stranda som aktuelt/ynskjeleg. Sjølv meiner vi det *kan* vere aktuelt, men vi ynskjer fyrst og fremst at vi skal komme i posisjon til å få dialog med Stranda kommune for å gjere sonderingar om dette kan vere ei framtidsretta løysing.

Vi meiner det beste for Eidsdal og Norddal er at vi sjølve tek initiativ for å *komme i snakk* med Stranda kommune. *Men då må det vere stor semje om dette i bygdene våre, og det er difor du får dette brevet og spørsmåla under.*

Dersom innbyggjarane i Norddal og Eidsdal er samde i at vi bør ta eit slikt initiativ, ynskjer vi i neste omgang:

Vi syner til dialog kring utgreiing av alternativet der bygdene Norddal og Eidsdal ev. går inn i Stranda kommune.
Arbeidsgruppa hadde i førre veke møte med Stranda kommune, og vi er no i innspurten med å utarbeide ein rapport frå utgreiingsarbeidet vårt.

**I denne fasen ynskjer vi å få eit møte med representantar for Fylkesmannen for å drøfte gjennom økonomiske og juridiske sider ved ei ev. endringa av kommunegrensene, og likeeins få meir informasjon om korleis prosessen ev. bør køyrast vidare.**

Eg legg ved utkast til rapporten som vedlegg. Det står att litt arbeid med kvalitetssikring av somme data, og likeeins er den ikkje slutthandsama i arbeidsgruppa, men eg trur ikkje det vert store endringar. Uansett meiner eg den gjev eit innsyn i arbeidet som er gjort så langt. Rapporten skal førebels handsamast som eit internt arbeidsdokument. Vi sender dykk sjølvsagt ei offisiell utgåve når vi er klare for det.
Vi har bede om å få legge rapporten ut på heimesidene til begge kommunane til ei kort høyring når vi anser han som ferdig. Førebels har vi berre fått svar frå Stranda kommune på dette.

Vi ville setje stor pris på om de hadde høve til å møte oss, og helst no før jul.
Vonar de kan gje oss ei rask tilbakemelding.

Gode helsingar frå

*Merete Løvoll Rønneberg*
Leiar i lokal arbeidsgruppe
Mobil: 99376585 Mail: merete@verdsarvfjord.no

# 8. REFERANSAR


Halvorsen, Lars Julius. 2015. *Kommunesamanslåing? Strateginotat Norddal kommune*. nr. Volda: Møreforsking.

Hølleland, Herdis. 2013. *Practicing World Heritage. Approaching the changing faces of the World Heritage Convention.*, University of Oslo.

Innst. 300 S. (2013-2014). *Innstilling til Stortinget fra kommunal- og forvaltningskomiteen. Prop. 95 S (2013-2014). Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om kommuneproposisjonen 2015.*

Kommunal- og moderniseringsdepartementet. 2014. *Kriterier for god kommunestruktur. Delrapport fra ekspertutvalg.* Oslo: Kommunal- og moderniseringsdepartementet

———. 2014. *Kriterier for god kommunestruktur. Sluttrapport fra ekspertutvalg.* Oslo: Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Norddal kommune. 2014. *Årsmelding 2014 Norddal kommune*. Valldal: Norddal kommune

Rapport frå styringsgruppa. 7. september 2015. *Kommunereform på Sunnmøre. Reformprosjekt Ny landkommune*. nr.

———. 21. august 2015. Regionkommune Sunnmøre. Nasjonal slagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet.

Rebanks Consulting Ltd, og Trends Business Research Ltd. 2009. *World Heritage Status: Is there opportunity for economic gain? Research and analysis of the socio-economic impact potential of UNESCO World Heritage Site status. On behalf of the Lake District World Heritage Project*. nr.

Sentio Research Norge AS. November 2015. *Innbyggerundersøkelse om kommunestruktur på Sunnmøre. Hovedrapport*. nr.

Stranda kommune. 2014. *Stranda kommune. Årsmelding 2014*. Stranda: Stranda kommune

Sunnmøre Regionråd. 2015. *Kommunereforma. Alternativ indre Storfjord. Rapport etter workshop Sæbø 24. - 25. august 2015*. nr.

Vinsand, Geir, og Magne Langset. 2013. *Status for interkommunalt samarbeid i Møre og Romsdal. Utarbeidet på oppdrag av Fylkesmannen i Møre og Romsdal i samarbeid med KS Møre og Romsdal*. Rapport nr. 2013:3. Oslo: NIVI Analyse.



KOMMUNEREFORM

# KVA MEINER INNBYGGJARANE I BYGDENE NORDDAL OG EIDSDAL OM KOMMUNETILKNYTING FOR FRAMTIDA?

### Resultat frå spørjegransking mellom innbyggjarane i bygdene 17. januar, 2016

Innbyggjarane i Norddal og Eidsdal har valt ei arbeidsgruppe som skal greie ut fordeler og ulemper for bygdene Norddal og Eidsdal ved ein overgang frå Norddal til Stranda kommune. Rapporten ligg føre.[1] Det vart, som ei oppfølging av denne, den 12. januar gjennomført eit folkemøte for innbyggjarane i Norddal og Eidsdal. Politikarar frå Stranda og Norddal kommune var også inviterte. Det same var folk frå Geiranger. Etter folkemøtet har alle innbyggjarar folkeregistrerte i bygdene Eidsdal og Norddal kunna røyste på fem ulike spørsmål knytt til kommunetilknyting for dei to bygdene (sjå vedlegg til slutt). Innbyggjarane har kunna røyste: 1. På bygdemøtet (anonymt), 2. På e-post til arbeidsgruppa, 3. Ved å leggje si stemme i ei «stemmeurne» på butikkane i Eidsdal og Norddal fredag ettermiddag (anonymt), eller 4. ved å levere si stemme direkte eller sende i post til arbeidsgruppa

Frist for å røyste vart sett til 16. januar for å ha resultat ferdig i tide til neste kommunestyremøte. Røyster innkomne 17. januar er også inkluderte.

Avrøystinga, eller ein kan også kalle det ei spørjegransking, har som formål å finne ut kva innbyggjarane i bygdene Norddal og Eidsdal meiner om kommunetilknyting for framtida. Den er meint som eit innspel til eigen kommune i kommunereformprosessen. Undersøkinga er også tenkt som eit grunnlag for korleis arbeidsgruppa for dette initiativet skal arbeide vidare.

Arbeidsgruppa 17. januar, 2016

Merete Løvoll Rønneberg (leiar) Frode Rønneberg Knut Grønningsæter Else Ragni Yttredal

[1] Rapporten heiter «Kommunereform. Utgreiing av alternativ knytt til bygdene Norddal og Eidsdal inn i Stranda kommune.»

# 1. RESULTAT

214 personar svarte på undersøkinga. Til samanlikning hadde 388 personar røysterett i dei to bygdene ved kommunevalet 2015. 214 personar er dermed 56 prosent av dei som har røysterett. Dei to tala er likevel ikkje heilt samanliknbare ettersom ikkje alle som er folkeregistrerte (og leverte svar), har røysterett.

Det er ført register over dei som har stemt for å sikre at alle berre kan stemme ein gong. Sjølv om 214 svarte på spørjeskjema har ikkje alle svart på alle spørsmåla, noko som kjem fram av tabellane.

Spørsmåla på røystesetelen ligg ved i vedlegg.

## 1.1 BESTE KOMMUNETILKNYTING FOR BYGDENE NORDDAL OG EIDSDAL I FRAMTIDA

Til saman 91 prosent av dei som stemte i bygdene Norddal og Eidsdal ser føre seg at ei ny kommunetilknyting er til det beste for bygdene i framtida. Dette inkluderer gruppa som har svart «anna». Alle i denne gruppa meiner ein form for samanslåing er det beste.

Innbyggjarane har klart sterkast tru på alternativet med samanslåing mellom Stranda og Norddal kommune (55 prosent), men forholdsvis mange (29 prosent) meiner også at ein overgang berre av bygdene Norddal og Eidsdal til Stranda kommune er det beste alternativet. Berre 13 personar eller 6 prosent ønskjer framleis å vere knytt til Norddal kommune som eigen kommune. Tala kjem fram i tabellen under.

**Tabell 1 viser kva innbyggjarane i Norddal og Eidsdal svarte på spørsmålet: «Kva trur du er beste kommunetilknyting for bygdene Eidsdal og Norddal i framtida?»**

| Beste alternativ for Eidsdal og Norddal i framtida | Tal stemmer | Prosent |
|---|---|---|
| Regionkommunealternativet | 2 | 1 % |
| Anna | 4 | 2 % |
| Veit ikkje | 5 | 2 % |
| Landkommunealternativet | 9 | 4 % |
| Framleis knytt til Norddal kommune som eigen kommune | 13 | 6 % |
| Bygdene Norddal og Eidsdal til Stranda kommune | 62 | 29 % |
| Samanslåing Stranda og Norddal kommune | 116 | 55 % |
| **Totalt** | **211** | **100 %** |




Figur 1 illustrerer prosentvis fordeling av tal vist i tabell 1.

## 1.2 ALTERNATIV DERSOM NORDDAL FRAMLEIS VEL Å VERE EIGEN KOMMUNE

Tre fjerdedelar av dei som svarte meiner det beste for bygdene Norddal og Eidsdal ville vere å endre kommunetilknyting til Stranda dersom Norddal kommune vel å halde fram som eigen kommune.

Tabell 2 viser kva innbyggjarane i Norddal og Eidsdal svarar på spørsmålet: «Dersom Norddal kommune vel å halde fram som eigen kommune: Kva trur du er beste kommunetilknyting for bygdene Norddal og Eidsdal?»

| Dersom Norddal framleis eigen kommune | Tal stemmer | Prosent |
|---|---|---|
| Veit ikkje | 15 | 7 % |
| Framleis knytt til Norddal kommune | 37 | 17 % |
| Bygdene Eidsdal og Norddal til Stranda kommune | 160 | 75 % |
| **Totalt** | **212** | **100 %** |




Figur 2 illustrerer prosentvis fordeling av tal vist i tabell 2.

## 1.3 ALTERNATIV DERSOM NORDDAL KOMMUNE VEL LANDKOMMUNEALTERNATIVET

Nokre kommunar vel å sjå nærare på landkommunealternativet framover. Mellom desse er Norddal kommune. Dette alternativet vil, slik det ser ut no, føre til ei samanslåing av fleire av kommunane Skodje, Ørskog, Vestnes og Stordal. 77 prosent av dei som svarte på denne undersøkinga ønskjer at bygdene Eidsdal og Norddal skal bli del av Stranda kommune dersom dette alternativet vert ein realitet for Norddal kommune.

**Tabell 3 viser kva innbyggjarane i Norddal og Eidsdal svarar på spørsmålet: «Dersom Norddal kommune vel landkommunealternativet (samanslåing av Norddal kommune med fleire av kommunane Skodje, Ørskog, Vestnes og Stordal): Kva trur du er det beste alternativet for bygdene Norddal og Eidsdal i framtida?»**

| Dersom Norddal del av landkommune | Tal stemmer | Prosent |
|---|---|---|
| Veit ikkje | 19 | 9 % |
| Framleis knytt til Norddal kommune | 29 | 14 % |
| Bygdene Eidsdal og Norddal til Stranda kommune | 159 | 77 % |
| **Totalt** | **207** | **100 %** |




**Figur 3 illustrerer prosentvis fordeling av tal vist i tabell 3.**

## 1.4 GJER SYKKYLVEN STRANDA MEIR ATTRAKTIV?

Stranda har vedteke å sjå nærare på samanslåing med Sykkylven i kommunereformarbeidet. Eitt spørsmål i undersøkinga var derfor om dette gjer ei samanslåing med Stranda meir eller mindre attraktivt for innbyggjarane i Eidsdal og Norddal.




**Figur 4: Innbyggjarane i Stranda og Norddal sitt svar på om ei samanslåing med Sykkylven gjer Stranda meir eller mindre attraktiv.**

Av 199 som svarte på dette spørsmålet meiner 35 prosent at eit slikt alternativ gjer Stranda mindre attraktiv. Vi ser også at mange ikkje veit kva dei skal svare på dette spørsmålet.

## 1.5 FORHOLDET TIL GEIRANGER

Eit viktig argument for å endre kommunetilknyting til Stranda har vore å styrkje eit allereie godt samarbeid med Geiranger. I avrøystinga vart innbyggjarane derfor også spurde om å seie noko om kor viktig denne koplinga er.

**Tabell 4 viser innbyggjarane sitt svar på spørsmålet: «Kor einig er du i utsagnet: «At Eidsdal, Norddal og Geiranger er i same kommune er viktigare for meg enn kommunetilknyting»?**

| Tilknyting til Geiranger | Tal stemmer | Prosent |
|---|---|---|
| Heilt einig | 82 | 40 % |
| Delvis einig | 51 | 25 % |
| Både og | 30 | 15 % |
| Delvis ueinig | 6 | 3 % |
| Heilt ueinig | 15 | 7 % |
| Veit ikkje | 21 | 10 % |
| **Totalt** | **205** | **100 %** |

Vi tolkar svara som eit uttrykk for at tilknytinga til Geiranger er viktig. Det er då også dei som sterkast ønskjer ei kommunetilknyting til Stranda kommune som er mest einige i denne formuleringa. I ettertid ser vi likevel at spørsmålet dreg den som svarar i ulike retningar og kan vere vanskeleg å svare på.

## 2. VEDLEGG: SPØRSMÅL I RØYSTINGA

**1. Kva trur du er beste kommunetilknyting for bygdene Eidsdal og Norddal i framtida? Set kryss framfor berre eitt av alternativa:**

... a) Å framleis vere knytt til Norddal kommune som eigen kommune

... b) Landkommunealternativet (samanslåing av Norddal kommune inkludert bygdene Eidsdal og Norddal med fleire av kommunane Skodje, Ørskog, Vestnes og Stordal)

... c) Regionkommunealternativet (samanslåing av Norddal kommune inkludert bygdene Norddal og Eidsdal med kommunane Giske, Haram, Hareid, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Ørskog og Ålesund)

... d) Ei samanslåing av kommunane Stranda og Norddal

... e) At bygdene Norddal og Eidsdal vert del av Stranda kommune, uavhengig av kva Norddal kommune vel å gjere

... f) Anna, kva?______________________________

... g) Veit ikkje

**2. Dersom Norddal kommune vel å halde fram som eigen kommune: Kva trur du er beste kommunetilknyting for bygdene Norddal og Eidsdal? Set kryss framfor berre eitt av alternativa:**

... a) Å framleis vere knytt til Norddal kommune

... b) At bygdene Norddal og Eidsdal vert del av Stranda kommune

... c)Veit ikkje

**3. Dersom Norddal kommune vel landkommunealternativet** (samanslåing av Norddal kommune med fleire av kommunane Skodje, Ørskog, Vestnes og Stordal)**: Kva trur du er det beste alternativet for bygdene Norddal og Eidsdal i framtida? Set kryss framfor berre eitt av alternativa:**

... a) Å vere med resten av Norddal kommune inn i ei ny landkommune

... b) At bygdene Norddal og Eidsdal vert del av Stranda kommune

... c) Veit ikkje

**4. Dersom Stranda kommune slår seg saman med Sykkylven kommune, er det då meir eller mindre attraktivt å gå inn som ein del av denne kommunen? Set kryss framfor berre eitt av alternativa:**

a) Meir attraktivt .... b) Inga betydning .... c) Mindre attraktivt .... d) Veit ikkje....

**5. Kor einig er du i utsagnet: «At Eidsdal, Norddal og Geiranger er i same kommune er viktigare for meg enn kommunetilknyting»? Set kryss framfor berre eitt av alternativa:**

a) Heilt einig .... b) Delvis einig .... c) Både og .... d) Delvis ueinig .... e) Heilt ueinig .... f) Veit ikkje....




Figur 5 illustrerer prosentvis fordeling av tal vist i tabell 6.

## 1.6 DERSOM NORDDAL GÅR SAMAN MED STORDAL, OG STRANDA GÅR SAMAN MED SYKKYLVEN

49 prosent av dei som stemte i bygdene Norddal og Eidsdal ønskjer å søkje om grensejustering og verte ein del av Stranda/Sykkylven kommune dersom Norddal kommune går saman med Stordal og Stranda går saman med Sykkylven. Tala kjem fram i tabellen og figuren under.

Tabell 7 viser kva innbyggjarane i Norddal og Eidsdal svarte på spørsmålet: «Dersom Norddal går saman med Stordal, og Stranda går saman med Sykkylven, skal vi då søke om å bli ein del av Stranda/Sykkylven gjennom grensejustering?

| | Tal stemmer | Prosent |
|---|---|---|
| Ja | 110 | 49 % |
| Nei | 68 | 30 % |
| Veit ikkje | 46 | 21 % |
| **Totalt:** | **224** | **100 %** |




Figur 6 illustrerer prosentvis fordeling av tal vist i tabell 7.

## 1.7 DERSOM NORDDAL GÅR SAMAN MED STORDAL OG ØRSKOG, OG STRANDA VERT STÅANDE SOM EIGEN KOMMUNE

73 prosent av dei som stemte i bygdene Norddal og Eidsdal ønskjer å søkje om grensejustering og verte ein del av Stranda kommune dersom Norddal kommune går saman med Stordal og Ørskog og Stranda vert ståande som eigen kommune. Tala kjem fram i tabellen og figuren under.

Tabell 8 viser kva innbyggjarane i Norddal og Eidsdal svarte på spørsmålet: «Dersom Norddal går saman med Stordal og Ørskog, og Stranda vert ståande som eigen kommune, skal vi då søke om å bli ein del av Stranda gjennom grensejustering?»

| | Tal stemmer | Prosent |
|---|---|---|
| Ja | 163 | 73 % |
| Nei | 37 | 17 % |
| Veit ikkje | 23 | 10 % |
| **Totalt:** | **223** | **100 %** |




**Figur 7 illustrerer prosentvis fordeling av tal vist i tabell 8.**

## 1.8 DERSOM NORDDAL GÅR SAMAN MED STORDAL OG ØRSKOG, OG STRANDA GÅR SAMAN MED SYKKYLVEN

50 prosent av dei som stemte i bygdene Norddal og Eidsdal ønskjer å søkje om grensejustering og verte ein del av Stranda kommune dersom Norddal kommune går saman med Stordal og Ørskog og Stranda går saman med Sykkylven. Tala kjem fram i tabellen og figuren under.

**Tabell 9 viser kva innbyggjarane i Norddal og Eidsdal svarte på spørsmålet: «Dersom Norddal går saman med Stordal og Ørskog, og Stranda går saman med Sykkylven, skal vi då søke om å bli ein del av Stranda/Sykkylven gjennom grensejustering?»**

| | Tal stemmer | Prosent |
|---|---|---|
| Ja | 111 | 50 % |
| Nei | 59 | 27 % |
| Veit ikkje | 51 | 23 % |
| **Totalt:** | **221** | **100 %** |




Figur 8 illustrerer prosentvis fordeling av tal vist i tabell 9.

# Røystesetel:

## Skal vi søkje om å bli ein del av Stranda kommune gjennom ei grensejustering?

I spørsmåla under ønskjer vi å få innspel på om vi skal søkje om å verte del av Stranda kommune gjennom ei grensejustering. Vi er merksame på at meiningane dykkar kan vere avhengige av kva Stranda og Norddal kommune vel å gjere. For å få fram desse forholda, ber vi om at de les føresetnadane i spørsmåla nøye før de svarar.

Sidan det er usikkert kven som til sjuande og sist vert med i landkommunealterantivet, er det sett opp fleire spørsmål kring dette. **Vi ber deg svare på alle spørsmåla.**

**Dersom du sender svaret på e-post eller sender svar i posten er det**

**svært viktig at du skriv namnet ditt her:**

..........................................................................................................

Dersom du røyster på butikkane kan du røyste anonymt. Svar vert uansett handsama konfidensielt.

**1. Dersom Norddal kommune slår seg saman med Stordal, Ørskog og Skodje kommunar, og Stranda held fram som eigen kommune, skal vi då søkje om å bli ein del av Stranda kommune gjennom ei grensejustering?**

a) ... Ja b) ... Nei c) ... Veit ikkje

**2. Dersom Norddal kommune slår seg saman med Stordal, Ørskog og Skodje kommunar og Stranda slår seg saman med Sykkylven, skal vi då søkje om å bli ein del av Stranda/Sykkylven gjennom ei grensejustering?**

a) ... Ja b) ... Nei c) ... Veit ikkje

**3. Dersom både Norddal kommune og Stranda kommune held fram som eigne kommunar skal vi då søkje om å bli ein del av Stranda kommune gjennom ei grensejustering?**

a) ... Ja b) ... Nei c) ... Veit ikkje

**4. Dersom Norddal kommune held fram som eigen kommune og Stranda slår seg saman med Sykkylven, skal vi då søkje om å bli ein del av Stranda/Sykkylven gjennom ei grensejustering?**

a) ... Ja b) ... Nei c) ... Veit ikkje

**5. Dersom Norddal går saman med Stordal, og Stranda vert ståande som eigen kommune, skal vi då søke om å bli ein del av Stranda gjennom grensejustering?**

a) ... Ja b) ... Nei c) ... Veit ikkje

**6. Dersom Norddal går saman med Stordal, og Stranda går saman med Sykkylven, skal vi då søke om å bli ein del av Stranda/Sykkylven gjennom grensejustering?**

a) ... Ja b) ... Nei c) ... Veit ikkje

**7. Dersom Norddal går saman med Stordal og Ørskog, og Stranda vert ståande som eigen kommune, skal vi då søke om å bli ein del av Stranda gjennom grensejustering?**

a) ... Ja b) ... Nei c) ... Veit ikkje

**8. Dersom Norddal går saman med Stordal og Ørskog, og Stranda går saman med Sykkylven, skal vi då søke om å bli ein del av Stranda/Sykkylven gjennom grensejustering?**

a) ... Ja b) ... Nei c) ... Veit ikkje



KOMMUNEREFORM

# SKAL BYGDENE NORDDAL OG EIDSDAL SØKJE OM GRENSEJUSTERING OG VERTE DEL AV STRANDA KOMMUNE?

## Resultat frå innbyggjarhøyring mai 2016

Innbyggjarane i Norddal og Eidsdal har valt ei arbeidsgruppe for å greie ut fordeler og ulemper for bygdene Norddal og Eidsdal ved ein overgang frå Norddal til Stranda kommune. Det er med bakgrunn i dette gjennomført folkemøte og utarbeidd ein rapport. I januar vart det i tillegg gjennomført ei folkerøysting som heilt klart viste at folket i bygdene Norddal og Eidsdal meiner det beste for bygdene er ei ny tilknyting til Stranda kommune (83 prosent) – helst gjennom ei samanslåing mellom Stranda og Norddal kommunar (55 prosent).

Etter sonderingar har Norddal kommune valt ikkje å gå vidare med alternativet samanslåing med Stranda i kommunereformarbeidet. I Norddal kommune si avrøysting 19. mai er alternativa å røyste på eit landkommunealternativ med samanslåing mot ein eller fleire av kommunane Stordal, Ørskog og Skodje, at Norddal kommune står åleine eller å stemme blankt.

Einaste moglegheit for å arbeide vidare med innbyggjarane sitt ønske om tilknyting til Stranda er dermed å søke om ei grensejustering. I mai er det derfor gjennomført ei innbyggjarhøyring. Alle innbyggjarar folkeregistrerte i bygdene Eidsdal og Norddal (frå fylte/fyller 16 år i 2016 og eldre) har kunna røyste på åtte ulike spørsmål knytt grensejustering for dei to bygdene (sjå vedlegg til slutt). Innbyggjarane har kunna røyste: 1. På e-post til arbeidsgruppa, 2. Ved å leggje si stemme i ei «stemmeurne» på butikkane i Eidsdal og Norddal fredag 13. mai (anonymt), eller 3. ved å levere si stemme direkte eller sende i post til arbeidsgruppa

Frist for å røyste vart sett til 14. mai etter at Norddal kommune var ferdige med folkemøte i alle bygdene i kommunen.

Det politiske landskapet er uavklara, ein framtidig kommunestruktur likeeins. Innbyggjarhøyringa har derfor som formål å finne ut om innbyggjarane i bygdene Norddal og Eidsdal meiner ein skal søkje om grensejustering gitt ulike utfall av dei pågåande kommunereformprosessane i Stranda og Norddal, og sidan på regionalt og nasjonalt nivå.

Arbeidsgruppa 16. mai, 2016

Merete Løvoll Rønneberg (leiar) | Frode Rønneberg | Knut Grønningsæter | Else Ragni Yttredal

## 1. RESULTAT

Hovudresultat frå innbyggjarhøyringa ser slik ut:

- Det er eit klart fleirtal for å søkje om grensejustering for bygdene Norddal og Eidsdal dersom Stranda kommune vert ståande åleine som sjølvstendig kommune – uavhengig av kva val Norddal kommune gjer. Størst er dette fleirtalet dersom Norddal kommune vel å stå åleine (82 prosent).
- Det er også flest av innbyggjarane som ønskjer å søkje om grensejustering dersom Stranda slår seg saman med Sykkylven, men oppslutninga om dette er klart lågare – uavhengig av kva Norddal kommune vel å gjere. Lågast tilslutning til dette er det dersom Norddal berre går saman med Stordal og Stranda går saman med Sykkylven (49 prosent).
- Dersom Stranda kommune går saman med Sykkylven kommune meiner mellom 27 og 30 prosent at ein ikkje skal søkje om grensejustering – avhengig av kva Norddal kommune vel å gjere.
- Det er ein forholdsvis stor del av dei som røyster som er usikre på om ein skal søkje om grensejustering – spesielt dersom Stranda går ilag med Sykkylven. Høgast er denne andelen dersom Norddal går saman med Stordal og Ørskog og Stranda går ilag med Sykkylven (23 prosent).

Undersøkinga er summert opp i tabellen under.

**Tabell 1 viser kor stor del av innbyggjarane i bygdene Norddal og Eidsdal som meiner ein skal søkje om grensejustering gitt ulike utfall i kommunereformprosessen for Stranda og Norddal.**

| | Dersom Stranda held fram som eigen kommune | | | | Dersom Stranda går saman med Sykkylven | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Skal vi søkje om grense-justering?** | **Norddal åleine** | **Norddal og Stordal** | **Norddal, Stordal, Ørskog** | **Norddal, Stordal, Ørskog og Skodje** | **Norddal åleine** | **Norddal og Stordal** | **Norddal, Stordal, Ørskog** | **Norddal, Stordal, Ørskog og Skodje** |
| Ja | 82 % | 70 % | 73 % | 79 % | 55 % | 49 % | 50 % | 54 % |
| Nei | 11 % | 13 % | 17 % | 14 % | 27 % | 30 % | 27 % | 29 % |
| Veit ikkje | 7 % | 17 % | 10 % | 7 % | 17 % | 21 % | 23 % | 17 % |
| Totalt: | 100 % | 100 % | 100 % | 100 % | 100 % | 100 % | 100 % | 100 % |

225 personar svarte på undersøkinga. Av desse var 18 personar under 18 år. Til samanlikning hadde 388 personar røysterett i dei to bygdene ved kommunevalet 2015. 207 personar over 18 år svarar dermed til 53 prosent av dei som hadde røysterett i 2015. Dei to tala er likevel ikkje heilt samanliknbare. Vi har ikkje eksakt oversikt over tal innbyggjarar folkeregistrert i Norddal og Eidsdal mellom 16 og 18 år.

Det er ført register over dei som har stemt for å sikre at alle berre kan stemme ein gong. Sjølv om 225 svarte på spørjeskjema har ikkje alle svart på alle spørsmåla, noko som kjem fram av tabellane under som tar føre seg kvart einskild spørsmål i røystinga .

Arbeidsgruppa vil ta stilling til vidare prosess etter at kommunane Stranda og Norddal har hatt sine formelle innbyggjarhøyringar.

Resultat for kvart av spørsmåla er presentert under i tabellar og figurar. Spørsmåla på røystesetelen ligg ved i vedlegg.

## 1.1 DERSOM NORDDAL KOMMUNE SLÅR SEG SAMAN MED STORDAL, ØRSKOG OG SKODJE KOMMUNAR, OG STRANDA HELD FRAM SOM EIGEN KOMMUNE

79 prosent av dei som stemte i bygdene Norddal og Eidsdal ønskjer å søkje om grensejustering og verte ein del av Stranda kommune dersom Norddal kommune slår seg saman med Stordal, Ørskog og Skodje og Stranda held fram som eigen kommune. Tala kjem fram i tabellen og figuren under.

**Tabell 2 viser kva innbyggjarane i Norddal og Eidsdal svarte på spørsmålet: «Dersom Norddal kommune slår seg saman med Stordal, Ørskog og Skodje kommunar, og Stranda held fram som eigen kommune, skal vi då søkje om å bli ein del av Stranda kommune gjennom ei grensejustering?**

| | Tal stemmer | Prosent |
|---|---|---|
| Ja | 176 | 79 % |
| Nei | 32 | 14 % |
| Veit ikkje | 16 | 7 % |
| **Totalt:** | **224** | **100 %** |




**Figur 1 illustrerer prosentvis fordeling av tal vist i tabell 2.**

## 1.2 DERSOM NORDDAL KOMMUNE SLÅR SEG SAMAN MED STORDAL, ØRSKOG OG SKODJE KOMMUNAR OG STRANDA SLÅR SEG SAMAN MED SYKKYLVEN

54 prosent av dei som svarte ønskjer å søkje om grensejustering og verte ein del av Stranda/Sykkylven kommune dersom Norddal kommune slår seg saman med Stordal, Ørskog og Skodje og Stranda slår seg saman med Sykkylven. Tala kjem fram i tabellen og figuren under.

**Tabell 3 viser kva innbyggjarane i Norddal og Eidsdal svarar på spørsmålet: Dersom <u>Norddal kommune slår seg saman med Stordal, Ørskog og Skodje kommunar</u> og <u>Stranda slår seg saman med Sykkylven</u>, skal vi då søkje om å bli ein del av Stranda/Sykkylven gjennom ei grensejustering?»**

| | Tal stemmer | Prosent |
|---|---|---|
| Ja | 121 | 54 % |
| Nei | 64 | 29 % |
| Veit ikkje | 38 | 17 % |
| **Totalt** | **223** | **100 %** |




**Figur 2 illustrerer prosentvis fordeling av tal vist i tabell 3.**

## 1.3 DERSOM BÅDE NORDDAL KOMMUNE OG STRANDA KOMMUNE HELD FRAM SOM EIGNE KOMMUNAR

82 prosent av dei som stemte i bygdene Norddal og Eidsdal ønskjer å søkje om grensejustering og verte ein del av Stranda kommune dersom både Norddal og Stranda held fram som eigne kommunar. Tala kjem fram i tabellen og figuren under.

**Tabell 4 viser kva innbyggjarane i Norddal og Eidsdal svarar på spørsmålet: «Dersom <u>både Norddal kommune og Stranda kommune held fram som eigne kommunar</u> skal vi då søkje om å bli ein del av Stranda kommune gjennom ei grensejustering?»**

| | Tal stemmer | Prosent |
|---|---|---|
| Ja | 183 | 82 % |
| Nei | 25 | 11 % |
| Veit ikkje | 15 | 7 % |
| **Totalt:** | **223** | **100 %** |




Figur 3 illustrerer prosentvis fordeling av tal vist i tabell 4.

## 1.4 DERSOM NORDDAL KOMMUNE HELD FRAM SOM EIGEN KOMMUNE OG STRANDA SLÅR SEG SAMAN MED SYKKYLVEN

55 prosent av dei som stemte i bygdene Norddal og Eidsdal ønskjer å søkje om grensejustering og verte ein del av Stranda kommune dersom Norddal kommune held fram som eigen kommune og Stranda slår seg saman med Sykkylven. Tala kjem fram i tabellen og figuren under.

Tabell 5 viser kva innbyggjarane i Norddal og Eidsdal svarte på spørsmålet: «Dersom Norddal kommune held fram som eigen kommune og Stranda slår seg saman med Sykkylven, skal vi då søkje om å bli ein del av Stranda/Sykkylven gjennom ei grensejustering?»

| | Tal stemmer | Prosent |
|---|---|---|
| Ja | 123 | 55 % |
| Nei | 61 | 27 % |
| Veit ikkje | 39 | 17 % |
| **Totalt:** | **223** | **100 %** |




Figur 4 illustrerer prosentvis fordeling av tal vist i tabell 5.

## 1.5 DERSOM NORDDAL GÅR SAMAN MED STORDAL, OG STRANDA VERT STÅANDE SOM EIGEN KOMMUNE

70 prosent av dei som stemte i bygdene Norddal og Eidsdal ønskjer å søkje om grensejustering og verte ein del av Stranda kommune dersom Norddal kommune går saman med Stordal og Stranda vert ståande som eigen kommune. Tala kjem fram i tabellen og figuren under.

Tabell 6 viser kva innbyggjarane i Norddal og Eidsdal svarte på spørsmålet: «Dersom Norddal går saman med Stordal, og Stranda vert ståande som eigen kommune, skal vi då søke om å bli ein del av Stranda gjennom grensejustering?»

| | Tal stemmer | Prosent |
|---|---|---|
| Ja | 156 | 70 % |
| Nei | 30 | 13 % |
| Veit ikkje | 37 | 17 % |
| **Totalt:** | **223** | **100 %** |

Vedlegg 2 a

**Til fylkesmann i Møre og Romsdal**
**Her**

(overlevert i møte i Molde den 31.10.2017)

## Norddal kommune sin posisjon i høve kommunestruktur og grenseregulering

Norddal er, saman med nabokommunane Stranda og Stordal, kalla inn til møte med fylkesmann i Molde i veke 44 for å førebu prosess med grenseregulering, jfr. søknad frå Eidsdal/Norddal og statleg initiativ i tilfellet Liabygda. Gjennom media får ein inntrykk av at enkelte deltakarar ønskjer at desse møta og skal diskutere samanslåing av heile Stranda kommune med den nye Fjord kommune.

Grenseregulering er eit juridisk omgrep som er gitt eit konkret og avgrensa innhald i loveverket, jfr. m.a. Inndelingslova. Ein kan etter vår meining ikkje utvide tolkinga av dette til å omfatte samanslåing av heile kommunar. NK har oppfatta at det er dette, dvs. grenseregulering – og ikkje noko anna - som er agenda for møta som fylkesmann har kalla inn til i Molde i veke 44. Viss dette derimot er feil , stiller vår delegasjon utan fullmakt frå kommunestyret til å delta i forhandlingar/drøftingar.

Norddal kommunestyre ser seg ferdig med samanslåingsprosessen, jfr. vedtak i stortinget i juni 2017. Det har heile tida vore sagt frå stat/regional stat at det var ein 2-delt prosess. Først vedtak om samanslåingar av heile kommunar. Deretter handsaming av søknader om grensejusteringar/delingar etter fastlagde prosedyrar som er nedfelte i m.a. Inndelingslova.

NK har handla lojalt i høve det opplegget staten dikterte for arbeidet med kommunereforma. I vårt tilfelle vart 5 ulike alternativ grundig vurderte og kvitterte ut i tur og orden. Ila av ein 2-års periode vart det halde meir enn 10 folkemøte der m.a. 3 professorar deltok saman med stortingspolitikarar, fylkesplansjef og rep. frå regionråd. Det er vel knapt noko anna kommune i M&R som har køyrd ein meir omfattande prosess.

M.a. vart det gjennomført 2 lange og grundige dialogmøte med Standa kommune - eitt i Valldal og eitt i Stranda - der partane systematisk gjekk gjennom alle sentrale tema som er omfatta av reforma, dvs. demokrati, tenesteproduksjon, samfunns/næringsutvikling og økonomi. På bakgrunn av møta vart det utarbeidd eit notat som summerte opp posisjonen til Norddal i 6 punkt, sjå vedlegg. Hovudkonklusjonen var at Norddal ville tape både arbeidsplassar, innbyggjarar og innflytelse ved ei samanslåing med heile Stranda kommune. Den klart viktigast ulempa er knytt til at ein «dreg på seg» ei ekstra fjordkryssing. Ovannemnte samtalar med Stranda vart gjenstand for 2 vedtak i Norddal kommunestyre (04.02.16 og 17.03.16). I sistnemnte møte vart det vedteke å avslutte samtalane med Stranda.

Med bakgrunn i analysen som vart gjennomførd av forhandlingsutvalet, fann ikkje kommunestyret grunnlag for å gå vidare med ei innbyggjarundersøking for dette alternativet. Historisk finst det mange døme på at fjorden har vore eit hinder for eit godt samarbeid mellom sør- og nordsida i kommunen. Medan fjorden tidlegare var ei «bru», har den no blitt ei barriere. Dette hovudsakleg p.g.a . utbygging av vegnett mellom bygdene. Det faktum at det knapt er registrert alvorlege konfliktar mellom bygdene på nordsida av fjorden, illustrere kor viktig det er med gode

kommunikasjonar og landfaste samband. Dette kjem og klart til uttrykk ved at Norddal i dag berre har 5 interkommunale samarbeid med Stranda, medan ein har 16 og 17 med Stordal og Skodje.

NK ser ikkje at det har kome til nye moment i saka etter at denne analysen vart gjennomførd og etter at NK gjorde sitt vedtak om samanslåing med Stordal som skulle gi grunnlag for ei ny vurdering i dag.

NK krev respekt for sine vedtak. Dei er gjorde av det folkevalde organet som er kompetent til å gjere slike vedtak. Kommunestyret representerer alle innbyggjarar i ei kommune. Alle med røysterett kan vere med å bestemme kven som skal sitte i kommunestyret. Difor kan verken ordførar eller andre stille spørsmål ved legitimiteten til vedtak i kommunestyret. Deler av det miljøet som har fremma søknad om å dele ifrå bygdene Eidsdal og Norddal, boikotta kommunevalet i 2015. Dermed sa ein samtidig frå seg mulegheita til å representere innbyggjarane gjennom vedtak i kommunestyret.

Eit kommunestyrevedtak kan ikkje gjere alle til lags! I vårt tilfelle veit vi at mange er usamde i :

- At Norddal ikkje vart ståande åleine (m.a. eit stort fleirtal i SP gruppa som fekk reint fleirtal ved siste kommuneval)
- At Norddal ikkje gjekk inn i NY- Ålesund
- At Norddal ikkje inkluderte Ørskog
- At Norddal ikkje gjekk, saman med Stranda

Poenget er at det finst mange grupper som kunne tenkt seg eit anna vedtak enn det som kommunestyret fatta. Men – i motsetnad til søknaden frå Eidsdal/Norddal, så har dei andre gruppene godteke vedtaka i det kompetente organet , dvs. kommunestyret i Norddal.

Førre storting vurderte aldri å bruke tvang mot Norddal og Stordal. Vi gjekk inn i eit forbund på heilt frivillig grunnlag. Dette har i etterkant vorte både hylla og feira på fellesmøte i regi av fylkesmann – på Nilsgardstunet i Stordal og på Martin Linge huset i Valldal. Det har aldri vore antyda at Fjord kommune berre var eit mellomsteg.

Viss det no igjen vert snakk om å trekke inn heile nye kommunar, vil NK oppfatte dette som forsøk på omkamp. Det blir ikkje NK med på utan at det vert gjort ved tvang. Det vil i tilfelle tvinge mange representantar til å forlate sine valløfte og programerklæringar frå før valet. I tillegg vil representantane oppleve å ha blitt lurte og for å ha vore med på eit narrespel. Det vil svekke autoriteten til kommunestyret og til representantane som innbyggjarane sine talsmenn. Det skal bli veldig vanskeleg å reparere eit slikt tillitsbrot!

Staten kan likevel velje å bruke makta og overstyre kommunestyra i Norddal og Stordal. Men – då må ein og vere fullt klar over kva ein gjer. Då har ein gitt aksjonsdemokratiet forrang framfor det konstitusjonelle demokratiet. Det skjer omtrent samtidig som det kommunal sjølvstyret vert teke inn i Grunnlova, dvs. gitt ein høgare status.

I lys av intensjonsavtale, gjensidige vedtak, overføring av reformmidlar, tilsetting av prosjektleiar etc., har vi kome godt i gang med arbeidet med å byggje Fjord kommune. Dersom ein no skulle vurdere å slå heile Stranda kommune saman med Fjord kommune, betyr det at ein må nullstille den prosessen ein har vore gjennom, legge alle kort på nytt, forhandle fram nye intensjonsavtaler som gir innbyggjarane høve til å vurdere andre konstellasjonar enn berre samanslåing av Fjord og Stranda.

Under slike føresetnader må ein sjå for seg å forlenge reformperioden med nye 2 år. Å skulle sette i gang ein slik prosess no, står for oss som ei umuleg og meiningslaus oppgåve. Berre trugsmål om tvangstiltak kan endre dette.

Vi understrekar samtidig at NK lojalt vil delta i handsaminga av delingssøknaden etter dei rettsreglar som er nedfelt i relevant lovverk. For ordens skuld minner vi likevel om at Norddal og Stordal gjekk inn i eit forbund under den føresetnad at eit heilt og udelt Norddal «låg i potten». Vi ser det vidare som eit stort paradoks om regjering/storting skulle dele opp igjen noko ein kort tid i førevegen har spleisa saman.

Valldal, 30.10.2017

Arne Sandnes

ordførar

Per M. Berdal (formannskapsmedlem/varaordførar Sp),

Viktor Valdal (formannskapsmedlem/gruppeleiar Tverrpolitisk liste),

Olav Løvoll (formannskapsmedlem/gruppeleiar Ap),

Ragnar Lødøen (uavhengig kommunestyrerepresentant)

Vedlegg: Referat frå dialogmøte mellom Stranda Norddal

vedlegg 2
b

MOTTATT
05 JAN. 2018
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Knut Hove
Ellinggarden
Stordalsvegen 555
6250 STORDAL

**Leiar av fellesnemnda for Fjord kommune**
**Eva Hove**
**Kommunehuset**
**6250 STORDAL**

**Grensejustering i Norddal kommune – faktainnhenting**
**Brev til Fylkesmannen datert 18. 12.2017**

I postlistene for Stordal kommunen ser eg at dette brevet er sendt til Fylkesmannen som supplerande faktaopplysningar til utgreiing i samband med eventuell grensejustering i fjorden. Det vekte mi interesse, og eg kan ikkje la vere å kommentere det.

Som ordførar i Stordal har du tidlegare gitt uttrykk for at kommunestyret arbeider ut i frå det mandatet folkerøystinga gav. Og det resultatet kan ein sjølvsagt både drøfte og tolke på ulike måtar. Det vart ikkje røysta over eit alternativ med samanslåing av berre Stordal og Norddal. Viss det hadde vore eit av alternativa ville mandatet til kommunestyret nok ha vorte eit anna enn slik det vert oppfatta no. Etter at alternativet på nordsida av fjorden fall vekk, Stordal og Norddal gjekk saman, og grensejusteringskravet frå sørsida av Norddal vart fremja har saka fått ein heilt annan dimensjon. Og fleire utfordringar, både for Stordal og Norddal.

Eg vil tru at du som ordførar i Stordal ikkje kan ha unngått å legge merke til at det i den siste tida har skjedd ei endring i oppfatninga av kva vi som stordalingar vil vere best tente med i framtida. Eg, og svært mange med meg, har i alle fall registrert det. Og det var mellom anna grunnen til at eg i lokalavisene for ei tid sidan stilte spørsmålet om det ikkje hadde vore på sin plass med ei ny folkerøysting i kommunen. Ei folkerøysting der alternativa kunne bli både færre og klarare enn dei det vart røysta over sist. Viss det skulle gi eit anna resultat enn det kommunestyret i dag arbeider etter, ja så er det vel betre å vurdere saka på nytt no, enn å angre i ettertid på at det ikkje vart gjort.

Brevet til Fylkesmannen vert avsluta og understreka med at korkje Stordal eller Norddal kommunestyre har tatt noko initiativ til samanslåing med Stranda, slik brevet frå innbyggjarane i Eidsdal og Norddal legg opp til. Mitt og mange andre sine inderlege ønskje er at det må haldast ei ny folkerøysting eller innbyggjarundersøking i Stordal. Der bør det alternativt leggast opp til anten å gå utover til Ålesund eller samanslåing med Stranda. Når resultatet av den er klart kan ein vurdere om ei samanslåing av Norddal, Stordal og Strande vert sett på som tvang.

Stordal den 29. desember 2017

Med venleg helsing

Kopi til Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vedlegg 3

**Sjekkliste for innhenting av faktagrunnlag ved grensejustering -Kryssa av det som er innhenta**

Areal og geografi:

☒Storleik på areal som er søkt grensejustert

☒Geografisk plassering i kommunen

☐Viktige naturressursar og spesielle geografiske tilhøve

Innbyggartal og demografi:

☒Folketal totalt i grunnkrins(ane) som blir overført

☒Befolkning fordelt på alder

Kommunikasjonstilhøve og pendling:

☒Kommunikasjonstilhøve i området, t.d. busstilbod, gang- og sykkelvegar og vegstruktur

☒Avstand til barne- og ungdomsskular, idrettsanlegg, kyrker, sjukeheim osv.

☒Reiseavstand til kommunesenter før og etter grensejustering

☐Pendling for innbyggarar i det aktuelle området

Kommunale tenestetilbod:

☐Bruk av kommunale tenestetilbod (kommunale institusjonar, kommunalt omsorgstilbod) i det aktuelle området i noverande kommune

☐Eventuelle kjøp av kommunale tenester i andre kommunar for innbyggarane i det aktuelle området

☐Bruk av kommunale tenestetilbod (kommunale institusjonar, kommunalt omsorgstilbod) i det aktuelle området i ny kommune

☒Fylkeskommunale/statlege tilbod – bruk i dag og ved grensejustering

Utbyggingsmønster:

☐Planar for området etter plan- og bygningslova som gjeld utbygging av næring og bustader

Anna:

☐Overordna økonomiske effektar, dvs. effekt på frie inntekter

☐Utlikna skatt (jf. effekt over inntektssystemet)

☐Foreiningar i det aktuelle området

☐Retningsval pr. i dag ved bruk av kultur- og fritidsaktivitetar for befolkninga i aktuelt område

Vedlegg 4

**FYLKESMANNEN**
**I MØRE OG ROMSDAL**

# Grensejustering i Norddal kommune



# Innhald

1 Moglege grensejusteringar i Møre og Romsdal ....................4
1.1 Grunnkrinsane Dalsbygda, Eide, Rønneberg og Ytterdal ....................4
1.2 Grunnkrins Liabygda ....................4
1.3 Grunnkrinsane Bjørke og Viddalen ....................4
1.4 Grunnkrinsane Orten, Sandøy og Ona/Husøy ....................4
1.5 Grunnkrinsane Øye/Heggem, Fagerli, Flemma og Angvik ....................4
2 Tenestetilbod og anna informasjon frå Møre og Romsdal fylkeskommune ....................5
2.1 Plan- og analyse ....................5
2.2 Utdanning ....................5
2.3 Tannhelse ....................5
2.4 Samferdsel ....................5
2.4.1 Veg ....................5
2.4.2 Kollektivtrafikk ....................5
2.4.3 Skoleskyss ....................5
2.4.4 Drosje ....................5
2.4.5 Tilrettelagt transport for funksjonshemma (TT-ordninga) ....................5
2.5 Regional- og næringsavdelinga ....................6
2.5.1 Kommunale næringsfond og hoppid.no ....................6
2.5.2 Distriktsområde ....................6
2.5.3 Vassforvaltning ....................6
2.5.4 Akvakultur ....................6
2.6 Kultur ....................6
2.6.1 Kulturvernseksjonen ....................6
2.6.2 Seksjon Folkehelse og fysisk aktivitet ....................6
2.6.3 Kulturformidlingsseksjonen ....................6
2.6.4 Fylkesbiblioteket ....................6
3 Innbyggartal, demografi, sysselsetting og arbeidspendling frå grunnkrinsane Dalsbygda, Eide, Rønneberg og Ytterdal ....................7
3.1 Innbyggartal og demografi ....................7
3.1.1 Folketal, samla og etter aldersgrupper ....................7
3.1.2 Elevar i vidaregåande skole, skoleåret 2016/2017 ....................8
3.1.3 Flytting samla i 2015 og 2016 ....................8
3.2 Sysselsetting og arbeidspendling ....................9
4 Kart ....................10

# Forord

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) har på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) blitt bedt om å utgreie søknad om ei grensejustering i Norddal kommune (Nye Fjord kommune frå 1. jan. 20120). Dette gjeld grendene Norddal og Eidsdal som ynskjer flytting til Stranda kommune. KMD ber Fylkesmannen om å gjere greie for konsekvensar av ei slik grensejustering. Fylkesmannen kan i tillegg utgreie større eller mindre grensejusteringar i det omtalte området. Utgreiingane skal gi opplysningar om relevante forhold som folketal, areal, geografi, kommunikasjonsforhold, pendling, utbyggingsmønster og det kommunale tenestetilbodet.

Kommunane og andre offentlege etatar skal så raskt som mogleg skaffe til veie det relevante informasjonsgrunnlaget til utgreiinga når fylkesmannen ber om det, jf. inndelingsloven § 9.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har bedt Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK) om informasjon i forbindelse med utgreiinga av grensejusteringa. I høve faktagrunnlaget på noverande tidspunkt er det i all hovudsak MRFK som har gitt oss informasjonen.

I dette faktagrunnlaget er det samla inn oppdatert informasjon i høve til:

- Innbyggartal og demografi
    - Folketal totalt og i grunnkrins(ane) som blir overført
    - Befolkning fordelt på alder
- Sysselsetting og arbeidspendling
    - Arbeidsplassar i det aktuelle området
    - Pendling for innbyggarar i det aktuelle området
- Tenestetilbod
    - Endringar i tilgang til kommunale tenester for innbyggarar ved overflytting til ny kommune
    - Fylkeskommunale tilbod – bruk i dag og ved grensejustering
- Anna
    - Planar for området etter plan- og bygningslova som gjeld utbygging av næring og bustader
    - Utbyggingsmønster

MRFK har i tillegg utarbeid kart som syner grensejusteringa. Kartverket har i denne omgangen ikkje delteke i kartillustrasjonane.

MRFK peikar på at særleg dei kvalitative innspela må sjåast på som overordna innspel. Enkeltståande problemstillingar om korleis til dømes endring i kommunal grunnskolestruktur vil påverke kostnader kring skoleskysstilbodet fylkeskommunen tilbyr og korleis fylkeskommunens eigarskap i kvart enkelt selskap med geografisk nedslagsfelt i dei relevante kommunane påverkast - er ikkje drøfta.

I kap. 1 beskrivast alle grensejusteringane som skal utgreiast i Møre og Romsdal, følgd av ein gjennomgang av moglege konsekvensar for tenestetilbodet frå fylkeskommunen si side i kap. 2. Dette kapittelet er bygd opp etter det tenestetilbodet fylkeskommunen tilbyr frå dei einskilde avdelingane sine. I kap. 3 finst informasjon som dekker innbyggartal, demografi, sysselsetting og arbeidspendling, og til sist i kap. 4. er det lagt inn kart som syner grenseendringa.

# 1 Moglege grensejusteringar i Møre og Romsdal

Det er 5 moglege grensejusteringar Møre og Romsdal fylkeskommune er bedt om å gje innspel til.

## 1.1 Grunnkrinsane Dalsbygda, Eide, Rønneberg og Ytterdal

**Grunnkrinsane 15240108 Dalsbygda, 15240109 Eide, 15240110 Rønneberg og 15240111 Ytterdal vurderast flytta frå 1524 Norddal til 1525 Stranda.**

## 1.2 Grunnkrins Liabygda

Grunnkrins 15250101 Liabygda vurderast flytta frå 1525 Stranda til 1526 Stordal.

## 1.3 Grunnkrinsane Bjørke og Viddalen

Grunnkrinsane 15200404 Bjørke og 15200405 Viddalen vurderast flytta frå 1520 Ørsta til 1519 Volda.

## 1.4 Grunnkrinsane Orten, Sandøy og Ona/Husøy

Grunnkrinsane 15460107 Orten, 15460108 Sandøy og 15460109 Ona/Husøy vurderast flytta frå 1546 Sandøy til 1547 Aukra.

## 1.5 Grunnkrinsane Øye/Heggem, Fagerli, Flemma og Angvik

Grunnkrinsane 15570202 Øye/Heggem, 15570204 Fagerli, 15570205 Flemma og 15570206 Angvik vurderast flytta frå 1557 Gjemnes til 1502 Molde.

# 2 Tenestetilbod og anna informasjon frå Møre og Romsdal fylkeskommune

## 2.1 Plan- og analyse

Kommunale grensejusteringar internt i Møre og Romsdal vil ikkje påverke tenestetilbodet relatert til plan, planfagleg rettleiing og tilbodet om statistikk- og analysehjelp til kommunane.

## 2.2 Utdanning

Interne grensejusteringar internt i Møre og Romsdal vil ikkje ha betyding for skoletilbodet eller skolestrukturen. Fritt skoleval og at det gjelder få elever er grunnen til det.

## 2.3 Tannhelse

Grensejusteringa relatert til Dalsbygda, Eide, Rønneberg og Ytterdal kan gje ei utfordring med pasientjournalsystemet OPUS, men det må kunne løysast. Pasientane vil framleis bli behandla ved DTK Valldal, då denne klinikken er dimensjonert for å behandle pasientane frå grunnkrinsane grensejusteringa gjeld.

## 2.4 Samferdsel

### 2.4.1 Veg

Grensejusteringar internt i fylket vil ikkje ha nokon konsekvens for brukarane av vegen.

### 2.4.2 Kollektivtrafikk

Grensejusteringar internt i fylke kan få ein konsekvens. Rutepakkane er i dag strukturert slik at dei i hovudsak følg kommunegrensene. Grensejusteringar fører til endra kommunesenter for innbyggarane, og det kan medføre at det ikkje går kollektivtrafikk til dømes rådhuset i kommunen. Dette kan igjen føre til endra behov i kollektivtrafikken, noko som kan medføre endring i kollektivproduksjonen. Endring i produksjon kan føre til økt vognbehov. Behov for meir materiell enn definert i kontraktane kan bli kostnadskrevjande for fylkeskommunen.

### 2.4.3 Skoleskyss

Grensejusteringar internt i fylke kan få ein konsekvens.

Elevar ved private skolar vil få ein utvida skyssrett om dei bur i ein stor kommune. Skyssretten er avgrensa til å gjelde heimkommunen, og store kommunar vil gi fylkeskommunen økonomisk ansvar for lenger strekning med skoleskyss.

Eidsdal skole har 1.-10. klasse, så ei grensejustering for grunnkrinsane Dalsbygda, Eide, Rønneberg og Ytterdal vil ikkje gi konsekvensar.

### 2.4.4 Drosje

Nokre av grensejusteringane internt i Møre og Romsdal vil føre til små justeringar i høve løyvegrensene for drosjane i kommunane.

### 2.4.5 Tilrettelagt transport for funksjonshemma (TT-ordninga)

Ingen store endringar når ved grensejusteringar internt i fylket.

## 2.5 Regional- og næringsavdelinga

Konsekvens for tenestetilbodet frå RN.

### 2.5.1 Kommunale næringsfond og hoppid.no

I den grad det vert flytta mange personar ved grensejusteringar internt i fylket, vil fordeling av kommunale næringsfond verte påverka. Noko av beløpet vert fordelt etter innbyggartal i kommunane.

### 2.5.2 Distriktsområde

Nokre av desse grensejusteringane medfører at grunnkretsar vil flytte frå kommunar i distriktsområdet (sone 3) til sone 1 eller sone 2. Kva sone kommunen er i, har betydning for kva type støtte ein kan få frå fylkeskommunen og kva støtte bedriftene kan få frå Innovasjon Norge. Sonene gjeld til og med juli 2021, om grensejusteringane vil «overstyre» denne soneinndelinga er mindre truleg.

### 2.5.3 Vassforvaltning

Interne grensejusteringar vil ikkje ha konsekvensar for den tenesta fylkeskommunen tilbyr. Men kommunane må kartlegge dei vassdraga som skifter kommune.

### 2.5.4 Akvakultur

Interne grensejusteringar i fylket vil ikkje ha konsekvensar for akvakulturforvaltninga til fylkeskommunen.

## 2.6 Kultur

### 2.6.1 Kulturvernseksjonen

- Konsekvens for rammestilskot etter bosettingskriteria for dagens Norddal ( utan Stordal utgjer ) kr. - 1,4 mill

Ei grensejustering/deling vil då svekke ei frå før av lita kommune. Enten det er Norddal kommune isolert sett, eller ei felles Fjord kommune.

Det er ei viktig erfaring at tap av bygder/befolkning får ein relativt sett større konsekvens i ei lita kommune samanlikna med ei stor kommune.

**B) Konsekvensar om grensejustering / deling av Fjord kommune fører til ei <u>oppløysing</u> av Fjord kommune.**

Ved etableringa og drift av Fjord kommune er det oppnådd ei solid økonomisk plattform som sikrar gode økonomiske ressursar oppimot omstillingsarbeidet og tenesteproduksjon til innbyggjarane.

Om ei grensejustering/deling av Norddal kommune fører til at Fjord kommune vert «skrinlagt» kan det få effekt på følgjande økonomiske rammevilkår:

- Dekning av eingongskostnader kr. 20,500 mill.
- Reformstøtte kr. 5,000 mill.
- Årleg inndelingstilskot kr. 18,675 mill.
    - Varigheit 15 år og
    - nedtrapping over 5 år etter det.
- Bosettingskriteria i rammetilskotet årleg kr. 4,700 mill.
    - Konsesjonskraft vil vurdert ved ei samanslåing

utløyse ved samanslåing med Stordal. **kr. 3,0 mill.**

- I tillegg til dette vil det vere betydelege driftsmessige synergiar som ville gje store økonomsike innsparingar i framtidige Fjord kommune.

Om ei grensejustering medfører at samanslåingsprosessen vert stoppa får det dramatiske økonomiske konsekvensar for Norddal og Stordal kommune.

- Ressursane over vil verte vesentleg redusert / forsvinne samt at ein manglar inndekning på felleskostnader i størrelsesorden 8 – 10 mill.

Forhold som har direkte konsekvens for innbyggjarane er at dei må betale eigedomsskatt ved overgang til Stranda kommune, samt at ein får høgare gebyr på ein del område som betaling for SFO, avløp og avfall.

For øvrig viser vi til vedlagte rapport frå Telemarksforkning.

**Vurdering av resultatet frå innbyggarhøyringa**

| **OPPSUMMERING AV AVSTEMINGSRESULTAT** | | | |
|---|---|---|---|
| **Tal personar som eventuelt vert overført til Stranda** | **492** | | |
| Personar over 16 år som var på kontakt- ringeliste. | 407 | | |
| Svart | 315 | 77 % | |
| | | | |
| **Av dei som svarte** | **315** | | |
| Ja over til Stranda | 180 | 57 % | |
| Vere i Norddal | 82 | 26 % | |
| Veit ikkje | 54 | 17 % | |
| | | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | |
| **Av alle stemmeberettiga** | **407** | | |
| Ja over til Stranda | 180 | 44 % | |
| Vere i Norddal | 82 | 20 % | **56 % = 228 personar** |
| Veit ikkje | 54 | 13 % | |
| Ikkje svart | 92 | 23 % | |
| | | | |
| Av alle stemmeberettiga er 44 % for å grensejustere til Stranda | | | |
| Av alle stemmeberettiga er 56% for å vere i Norddal, veit ikkje eller har ikkje svart. | | | |
| Dette betyr etter Norddal kommune si vurdering at det ikkje er fleirtal for å gå over til Stranda kommune | | | |

Det er og vesentleg å vurdere hvilken informasjon velgjarane har fått vedrørande kva teneste ein kan forvente ved overgang til Stranda kommune.
Så langt er det berre ein part i dette som har presentert sine synspunkt og då med det som utgangspunkt (Jfr. Søknad om grensejustering) at det vert mindre pengar til tenesteproduksjon.

Så langt er det ikkje komen noko informasjon om korleis Stranda kommune vil overta og vidareføre desse tenestene. Det i seg sjølv er eit dårleg grunnlag å vurdere ei grensejustering på. For å kunne gi eit rett svar på undersøkniga, er dette informasjon som burde vere kjent for innbyggarane i forkant av ei undersøkning.

**Saksvurdering og konklusjon:**
Med utgangspunkt i intensjonsavtalen, gjensidige vedtak, overføring av reformmidlar, godkjenning frå Stortinget og departementet, tilsetting av prosjektleiar og administrasjonssjef for Fjord, har vi kome godt i gang med arbeidet med å byggje Fjord kommune. Dersom ein no skulle dele opp Norddal kommune, kan det bety at ein må nullstille prosessen ein har vore gjennom og at Fjord vert oppløyst.

Dersom det vert fatta vedtak om grensejustering/deling, vil dette vere svært arbeidskrevjande og omfattande både i høve til økonomiske- og administrative ressursar. Norddal kommune ser arbeidsmengda som uforsvarleg stor om ein må gjennomføre ei grensejustering-/delingsprosess samstundes som ein skal bygge ei ny kommune og drifte to einskilde kommunar fram til 01.01.2020.

Norddal kommune er samde med initiativtakarane om at Eidsdal, Norddal og Geiranger høyrer saman både geografisk og kulturelt, men ser det mest naturleg at desse tre bygdene inngår i Fjord kommune.

Det er uaktuelt for Norddal kommune å støtte innbyggjarinitiativet om overflytting av bygdene Eidsdal og Norddal til Stranda kommune.

Karl André Birkhol
rådmann

Vedlegg 8

# Norddal kommune

Fellesnemnda for ny kommune

– ein verdsarvkommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset

6404 MOLDE

| **Vår ref.** | **Dykkar ref.** | **Dato:** |
| --- | --- | --- |
| 18/154/FE - 026/HIDY/70 25 88 62 | | 14.03.2018 |

## Fråsegn frå fellesnemnda Fjord kommune til evt. grensejustering av bygdene Eidsdal og Norddal i Norddal kommune

**Vedtak i Fellesnemnda – 13.03.2018, sak 21/18:**
Fellesnemnda sluttar seg til vedlagte høyringsfråsegn vedr. omsøkt grensejustering av bygdene Eidsdal og Norddal i Norddal kommune med den endringa som vart gjort i møtet.

Med helsing

Hilde Dyrkorn
prosjektleiar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.*

Kopi til:
Fylkesmannen i Møre og
Romsdal v/Vigdis Vestad

Vedlegg:

| Dok.nr | Tittel på vedlegg |
| --- | --- |
| 157980 | Fråsegn vedrørande eventuell grensejustering av bygdene Eidsdal og Norddal i Norddal kommune, rev 13.03.2018 |


| Postadr.: | E post/heimeside | Telefon/telefaks | Bankgiro: | Organisasjonsnr. |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| Postboks 144 | post@norddal.kommune.no | 70 25 88 00 | 4212 23 27668 | 939 396 268 |
| 6211 Valldal | www.norddal.kommune.no | 70 25 88 01 | | |

**Fråsegn frå fellesnemnda i Fjord kommune vedrørande eventuell grensejustering av bygdene Eidsdal og Norddal i Norddal kommune**

Ein viser til brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 06.02. 2018, der fellesnemnda for Fjord kommune vert beden om å gjere greie for synet sitt på ei eventuell grensejustering av bygdene Eidsdal og Norddal i Norddal kommune.

**Fellesnemnda har i møte den 13.mars 2018 gitt følgjande fråsegn:**

Stordal kommune og Norddal kommune har vedteke å slå seg saman til Fjord kommune frå 01.01.2020. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har fastsett dette i forskrift datert 22.02.2018. Mykje av motivasjonen og intensjonen med å slå seg saman med ein nabokommune, var ønskje om å skape eit større fellesskap og sterkare fagmiljø for å verte betre rusta til å ta på seg dei oppgåvene som framtida vil krevje av tenesteomfang.

Dersom det vert fatta vedtak om å føre bygdene Eidsdal og Norddal over til Stranda kommune, vil Norddal kommune miste om lag 30% av innbyggjartalet ein har i dag. Dette vil endre føresetnadene som låg til grunn då kommunane vedtok å slå seg saman, og dette vil føre til at kommunane ikkje får den gevinsten ein hadde sett føre seg .
Både Norddal og Stordal kommunar gikk inn i samanslåingsprosessen der dagens grenser låg til grunn for avtale om samanslåing. Dersom om lag ein tredel av Norddal kommune sine innbyggarar vert overført til Stranda, kan dette føre til at heile samanslåinga står i fare.

Kommunestyra i begge kommunane gjorde i januar 2017 vedtak om samanslåing – begge stader med solid fleirtal bak vedtaket. Vedtaka vart gjort utifrå ei klar oppfatning av at vi saman kunne oppnå fordeler og dermed sikre tenesteproduksjonen og styrke fagmiljøa. I juni 2016 gjorde Stortinget vedtak om at Norddal og Stordal frå 1.1.2020 skal bli ein kommune. I august 2016 vart det i regi av Fylkesmannen halde felles kommunestyremøte og fellesnemnda vart valt og gitt mandat.

Arbeidet med å bygge Fjord kommune er godt i gang og Norddal og Stordal deler allereie fleire faglege og administrative ressursar. Vi har tilsett eigen prosjektleiar og skal i desse dagar også tilsette administrasjonssjef for den nye kommunen.
Vi ser at vi saman er langt betre i stand til å tilby og oppretthalde tenestene overfor innbyggjarane våre. Skulle spørsmålet om grensejustering ende opp i at Norddal/Eidsdal vert skilt frå Norddal kommune, ville dette kunne bety ei kraftig skot for baugen i dette arbeidet, og det ville vere svært demotiverande for alt lokalpolitisk arbeid. Kommunestyra i begge kommunane har tatt forventningane i kommunereforma på alvor og har vore opptatt av å finne løysingar som gjer at desse to kommunane også i framtida skal vere i stand til å gi gode tenester til innbyggjarane sine. Fellesnemnda har lagt desse intensjonane til grunn for arbeidet sitt.

Fellesnemnda for Fjord kommune meiner at folket i Eidsdal og Norddal naturleg høyrer heime som innbyggjarar i Fjord kommune. Det er heller ingen tvil om at mange kritiske velferdstenester vil verte vanskelegare tilgjengelege for innbyggjarane på sørsida av Norddalsfjorden om dei blir ein del av Stranda kommune. Initiativtakarane for grensejusteringar peikar sjølve på at dette er ei utfordring.

## Økonomiske konsekvensar

Samanslåingsvedtaket mellom Stordal og Norddal kommunar til Fjord kommune var basert på fleire vurderingar der omsynet av økonomisk berekraft var eitt vesentleg moment. Både Stordal og Norddal er distriktskommunar som etter inntektssystemet vert kategorisert som ufrivillig små, m.a som følgje av lang avstandar og smådriftsulemper. Ved å slå seg saman til ein kommune, vil ein betre kunne oppretthalde viktige basistenester og styrke fagmiljøa. Ein analyse av den framtidige økonomiske situasjonen, viser at ei samanslåing av Stordal og Norddal har fleire positive effektar, noko også Fylkesmannen gav uttrykk for i samband med samanslåinga.

Det er henta inn faglege vurderingar av økonomien i nye Fjord kommune og konsekvensen av ei eventuell frådeling av bygdene Eidsdal og Norddal.
Telemarksforsking, som har gjennomført analysen, peikar også på fleire forhold med positiv effekt for kommuneøkonomien som følgje av ei samanslåing av Norddal og Stordal.

Rapporten synleggjer også dei negative effektane ei frådeling av Eidsdal og Norddal vil ha for økonomien, ikkje minst for det som vedkjem reduserte rammeoverføringar og skatteinntekter som følgje av redusert innbyggjartal.

*«Oppsummert konkluderer vi med at en eventuell grensejustering/deling ikke vil være økonomisk fordelaktig verken for Norddal kommune eller en sammenslått Fjord kommune (bestående av Stordal og hele Nordal). Deling framstår som mest økonomisk ufordelaktig. Det er altså uavklart om en eventuell flytting av de aktuelle grunnkretsene i Norddal over til Stranda kommune vil bli definert som en deling av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, fordi det her dreier seg om en innbyggerandel på mellom 25 og 40 % av dagens Norddal kommune. Vi anser det imidlertid som lite sannsynlig at staten/departementet vil gå for en «avkorting» av en allerede vedtatt «minisammenslåing» som jo Fjord kommune uansett vil bli.*
*Vi mener altså at det er et romslig, statlig finansieringsbidrag i anledning sammenslåingen av Stordal og Norddal, samt betydelige effekter knyttet til bosettingskriteriene i rammetilskuddet og fra salg/uttak av konsesjonskraft.» ( frå Telemarkforsking sin rapport)*

# Oppsummering:

Samanslåinga av Norddal og Stordal kommunar er frivillig, men likevel resultat av langvarige sonderingar og forhandlingar. I starten var fleire kommunar involvert i prosessane, men til slutt kom Stordal og Norddal fram til ein intensjonsavtale for bygging av Fjord kommune som vart godkjent med stort fleirtal i begge kommunestyra.
Begge kommunane gjekk inn i kommunereformarbeidet med eit ope sinn og har deltatt i fleire utgreiingar og sonderingar. Vegval er blitt gjort etter kvart, der alternativ har blitt skrinlagde. Prosessane har vore forankra i - og styrt av- dei respektive kommunestyra. Vedtak om samanslåing har vorte følgt opp av Fylkesmannen i Møre og Romsdal seinare tilrådd av departement og vedtatt i Stortinget. Det har vore halde felles kommunestyre og valt ei fellesnemnd som har kome godt i gang

med arbeidet fram mot ny kommune. No i februar 2018 vart Fjord kommune godtkjent etter kongeleg resolusjon.

Fjord kommune vert ingen stor kommune, men ein kommune som kan vere berekraftig så sant kommunen vert etablert etter føresetnadene. Ei grensejustering eller ei deling av Norddal kommune, vil få svært negative konsekvensar og vil i verste fall kunne øydelegge grunnlaget for nye Fjord kommune, med alle dei uheldige konsekvensane det vil få.

I søknaden om grensejusteringar, trekkjer initiativtakarane i Eidsdal og Norddal fram eit ønske om betre lokaldemokrati og politisk styring. Det vert hevda at det har blitt tillitsbrot mellom folket på sørsida av fjorden og lokalpolitikarane. Ein ny kommune vil truleg bety ei re-vitalisering av lokaldemokratiet. Dette er eit viktig moment i intensjonsavtalen, som har eit sterkt lokaldemokrati, representasjon frå heile kommunen og brei politisk deltaking som uttrykt mål. Innbyggarinvolvering og lokaldemokratisk medverknad er eit satsingsområde som fellesnemnda alt har sett på dagsorden.

Søknaden om grensejustering av Eidsdal og Norddal set som vilkår for søknaden sin, at Stranda held fram som eigen kommune. Stranda kommunestyre vedtok i desember 2017 å starte opp att arbeidet med kommunereform. Dei politiske signala derifrå tyder på at det er semje om å arbeide for ei samanslåing med andre kommunar. Her har Sykkylven, Stryn, nye Volda og Ørsta vore nemnt som aktuelle. Eit sentralt spørsmål vil då vere om søknaden om den aktuelle grensejustering står ved lag om Stranda slår seg saman med andre kommunar. Arbeidet knytt til kommunesamanslåing er svært omfattande – for omfattande til at ein kan arbeide under så usikre premissar som det denne søknaden er tufta på.

Fellesnemnda ber om respekt for det grundige arbeidet kommunane har gjort – både fram til samanslåingsvedtaket og etterpå – og vil på det mest bestemte gå imot den omsøkte grenseendringa som gjeld Norddal kommune. Dersom om lag ein tredel av Norddal kommune sine innbyggarar vert overført til Stranda, kan dette føre til at heile samanslåinga til Fjord kommune vert skrinlagt. Det vil vere eit utfall som vil verte oppfatta svært negativt og vanskeleg å godta.

Valldal 13.03.18

Eva Hove

Leiar for fellesnemnda i Fjord kommune.

Vedlegg 9

# Stranda kommune
**Rådmannen**
Saksbehandlar: Åse Elin Hole

Klikk her for å skrive inn tekst. **Melding om vedtak**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Postboks 2520
6404 MOLDE

| **Vår ref.:** | **Dykkar ref.:** | **Arkiv:** | **Dato:** |
|---|---|---|---|
| 2017001570- 15 | | K1 - 002 | 06.03.2018 |

**Vedtak - Høyringsuttale - Grensejustering i Norddal kommune**

Vi viser til Dykkar brev datert 06.02.2018. Det er gjort følgjande vedtak i saka:

**05.03.2018 FORMANNSKAPET 028/18**

Stranda kommune stiller seg positiv til ei grensejustering der bygdene Norddal og Eidsdal vert ein del av Stranda kommune.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Åse Elin Hole
Rådmann

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.*

STRANDA KOMMUNE
**SAKSPAPIR**

SAKSGANG

| **Styre, råd, utval** | **Møte dato** | **Saknr** |
|---|---|---|
| FORMANNSKAPET | 05.03.2018 | 028/18 |

| **Saksansvarleg:** Rådmann Åse Elin Hole | | |
|---|---|---|
| **Saksbehandlar:** Åse Elin Hole | **Arkiv:** K1 - 002 | **Arkivsaknr** 17/1570 |

## Høyringsuttale - Grensejustering i Norddal kommune

**Rådmannen si tilråding:**

Saka vert lagt fram utan tilråding

**05.03.2018 FORMANNSKAPET**

**Framlegg under møtet**
**Framlegg frå Ann Kristin Langeland**
Stranda kommune stiller seg positiv til ei grensejustering der bygdene Norddal og Eidsdal vert ein del av Stranda kommune.

**Møtebehandling**
**Vedtak samrøystes**

**FOR- 028/18 Vedtak:**
Stranda kommune stiller seg positiv til ei grensejustering der bygdene Norddal og Eidsdal vert ein del av Stranda kommune.

## SAKSUTGREIING

**Bakgrunn for saka**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal utgreier grensejustering for bygdene Norddal og Eidsdal, samt Liabygda.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har motteke eit innbyggarinitiativ med søknad om grensejustering for bugdene Norddal og Eidsdal frå Norddal kommune til Stranda kommune.

I samband med kommunereforma og med bakgrunn i inndelingslova sendte Fylkesmannen søknaden til Kommunal og Moderniseringsdepartementet (KMD) for vidare sakshandsaming.

Det er KMD som sjølv har teke initiativet til at fylkesmannen skal lage ei utgreiing om konsekvensane av ei eventuell grensejustering av bygdene Norddal og Eidsdal over til Stranda kommune.

Det er gjennomført innbyggarhøyring i alle bygdene i veke 3 og 4. Fylkesmannen skal sende saksutgreiing og tilråding i veke 12. Frist for uttale frå berørte kommunar er 1.mars 2018 for Liabygda. Det som gjeld for Norddal og Eidsdal er fristen utsett til 15. mars 2018.

**Saksopplysningar**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i brev datert 6. februar 2018, bede Stranda kommune som høyringspart gjere greie for sitt syn på ei eventuell grensejustering av bygdene Norddal og Eidsdal.

I tillegge har dei bede om uttale frå Fellesnemda i nye Fjord kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og kartverket om å gi sine vurderingar om ei eventuell grensejustering.

Vi har fått tilsendt ein del faktainformasjon om resultatet frå innbyggarundersøking i samband med grensejustering som vart gjennomført i veke 3 og 4. Undersøkinga vart gjennomført som telefonoppringing til alle tilgjengeleg telefonnummer i aldersgruppa 16 år og eldre, og med 3 ulike svaralternativ (kvantitativ metode).

Av eit utval på 407 personar, svarte 315 personar og utgjer ein svarprosent på 77%.

**Vurdering**

Heile 57 % av dei spurte ynskjer overflytting til Stranda kommune. Desse to bygdene utgjer 477 personar.

Det var innbyggjarane sjølve som tok initiativ til søknad om grensejustering for bygdene Norddal og Eidsdal frå Norddal kommune til Stranda kommune. Søknaden er datert. 29.06.2016. Søknaden er også under føresetnad om at Stranda kommune skal bestå som eiga kommune. Dei grunngjev sin søknad med moment som at det vil utgjere ei naturleg geografisk eining, spesielt med bygda Geiranger. Bygdene har ein lik og supplerande næring innanfor landbruk, og ei gryande og veksande reiselivsnæring. Dei skriv også om eit tett samarbeid som kan vidareutviklast innanfor idrett og kultur, arealplanlegging, tryggleik og beredskap og samferdsel.

Dei er særleg opptekne av at ei grensejustering vil kunne gi dei meir framtidsretta og føreseielege kommunal tenester, og at dette også kan gi større og meir kompetente fagmiljø. Dette sjølv om reiseavstanden til tenestene blir lengre ved å gå inn i Stranda kommune. Samla sett skriv dei at det er klare gevinstar med å samle bygdene Norddal og Eidsdal i Stranda kommune.

Fylkesmannen sine vurderingar er grunngjeve og basert på faktagrunnlag som innbyggertal og demografi, sysselsetting og arbeidspendling, tenestetilbod og anna som til dømes planar etter plan- og bygningslova og utbyggingsmønster i si vurdering. Fylkesmannen syner her til sin rapport om grensejustering i Norddal kommune datert 22.11.2017. Slik sakshandsamar les rapporten vil det ikkje få så store konsekvensar for bygdene ved ei eventuell grensejustering.

Endringar som kan få betydning gjelde primært innan samferdsel som kollektivtrafikk og skuleskyss, men konsekvensen er relativt liten.
Når det gjelde inn- og utpendling så er det mange personar som pendlar ut frå Norddal kommune, og berre nokre pendlar inn til kommunen.
Stranda kommune er sjølvsagt positiv til å få nye innbyggjarar til kommunen.
Det viktige spørsmålet er kva ei grensejustering kan bety for dei tre bygdene Norddal, Eidsdal og Geiranger.
Kva synergiar vil ein kunne få, og kan det styrke og sikre dei kommunale tenestetilboda og arbeidsplassar i bygdene?
I sin søknad om grensejustering, har dei sjølve skissert kva gevinstar ei grenesejustering vil kunne gi og tilføre desse bygdene. Sakshandsamar er i stor grad samd i det dei skisserar innanfor ulike områder.
Den største gevinsten er slik sakshandsamar vurderer det innanfor beredskap, der ein i framtida med tunell gjennom Indreide til Korsmyra og gangveg i Grandestranda kan gi ein trygg og rassikker veg. Då vil ein kunne samarbeide om kommunale tilbod og tenester i eit langt større omfang enn i dag.

**Vedlegg:**

| **Dok.dato:** | **Vedlegg:** | **Dok.ID** |
|---|---|---|
| 14.02.2018 | Grensejustering i Norddal Kommune - Høyring | 222819 |
| 14.02.2018 | Div. vedlegg | 222820 |

**Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.**
*

Vedlegg 10

STORDAL KOMMUNE

- der folk trivst !

**STORDAL KOMMUNE**
**Rådmann**

**PARTSBREV ENKELSAK**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Postboks 2520
6404 MOLDE

| ***Dykkar ref.*** | ***Vår ref.*** | ***Dato:*** |
|---|---|---|
| | *18/73-18/FA-L34//ABL* | *19.03.2018* |

## Melding om vedtak - Høyringsuttale vedrørande grensejustering for Norddal og Eidsdal i Norddal kommune

Stordal kommunestyre behandla ovannemnde sak i møte 14.03.18, og gjorde følgjande vedtak under sak 017/18:

## KS-017/18 VEDTAK:

Stordal kommunestyre vedtek høyringsuttale om grensejustering av bygdene Norddal og Eidsdal frå Norddal kommune til Stranda kommune slik han ligg føre i saka.

Jf. vedlagde særutskrift.

Med helsing
Stordal kommune

Anne Berit Løset
rådmann

**Kopi til:**
Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/
Vigdis Rotli Vestad
Møre og Romsdal fylkeskommune
Norddal kommune
Stranda kommune

**Vedlegg:**

| **Nr.** | **Vedlegg** |
|---|---|
| 1 | Konsekvensar ved ei grensejustering for bygdene Norddal og Eidsdal over til Stranda – Høyringsuttale frå Stordal kommune |
| 2 | Høyringsuttale vedrørande grensejustering for Norddal og Eidsdal i Norddal kommune |
| 3 | Rapport grensejustering Norddal |
| 4 | Høyringsbrev - utgreiing av grensejustering i Norddal og Eidsdal |
| 5 | Vedlegg til høyringsbrev - Norddal og Eidsdal |


| **Postadresse** | Servicekontoret: | Telefaks | Saksbehandlar tlf | Organisasjonsnr. |
|---|---|---|---|---|
| **Kommunehuset** | 70 27 91 00 | | | 00964980276 |
| **6250 Stordal** | Bankgiro | | | |
| | 3902.07.00711 | E-mail adr.: postmottak@stordal.kommune.no | | |

STORDAL KOMMUNE

- der folk trivst !

**STORDAL KOMMUNE**

**SAKSPAPIR**

| | | |
|---|---|---|
| Endeleg vedtaksorgan: Kommunestyret<br>Saksansvarleg.: Anne Berit Løset | Arkiv:<br>FA-L34<br>Objekt: | Arkivsaksnummer<br>18/73 |

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Saksnr** | **Styre, utval, komite m.m.** | **Møtedato** | **Saksbehandlar** |
| 017/18 | Kommunestyret | 14.03.2018 | ABL |

# Høyringsuttale vedrørande grensejustering for Norddal og Eidsdal i Norddal kommune

## Vedlegg i saka:

| **Nr.** | **Vedlegg** |
|---|---|
| 1 | Rapport grensejustering Nordal 260218 |
| 2 | Høyringsbrev - utgreiing av grensejustering i Norddal og Eidsdal |
| 3 | Vedlegg til høyringsbrev - Norddal og Eidsdal |
| 4 | Konsekvensar ved ei grensejustering for bygdene Norddal og Eidsdal over til Stranda – Høyringsuttale frå Stordal kommune |

## Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

*

## Saksopplysningar:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har motteke eit innbyggarinitiativ med søknad om grensejustering av bygdene Norddal og Eidsdal frå Norddal kommune til Stranda kommune.

Bygdene Norddal og Eidsdal omfattar grunnkrinsane Dalsbygda, Eide, Rønneberg og Ytterdal. I samband med kommunereforma og med bakgrunn i inndelingslova sendte Fylkesmannen søknaden til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) for vidare saksbehandling. Dei fekk deretter i brev frå KMD oppdrag om å utgreie konsekvensane av ei grensejustering for bygdene Norddal og Eidsdal.

Fylkesmannen har gjennomført oppstartsmøte med søkarane og representantar for Norddal og Stranda kommune og fellesnemnda for nye Fjord kommune den 31.10.2017. Fylkesmannen har vidare samla inn fakta for bygdene Norddal og Eidsdal i Norddal. Fylkesmannen har også motteke innspel frå fellesnemnda i nye Fjord kommune.

På vegne av Fylkesmannen har Opinion AS i tidsrommet 15.01-30.01.2018 gjennomført ei innbyggarhøyring i form av telefonundersøking for innbyggarane i bygdene Norddal og Eidsdal.

Fylkesmannen har bedt om følgjande vurdering frå Norddal kommunestyre:

1. Kva for konsekvensar vil det gi for Norddal kommune (nye Fjord kommune) at bygdene Norddal og Eidsdal blir ført over til Stranda kommune.

2. Korleis vurderer kommunestyret resultatet frå innbyggarhøyringa.

Fylkesmannen ber i tillegg om uttale frå følgjande høyringspartar
1. Stranda kommune gjer greie for sitt syn på ei eventuell grensejustering av bygdene Norddal og Eidsdal over til Stranda kommune.
2. Fellesnemnda for nye Fjord kommune gjer greie for sitt syn på ei eventuell grensejustering av bygdene Norddal og Eidsdal over til Stranda kommune.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune uttalar seg til ei eventuell grensejustering av bygdene Norddal og Eidsdal i Norddal kommune sett ut i frå eit regionalt perspektiv.
4. Kartverket vurderer om grensene som går fram av innbyggarinitiativet har god nok kvalitet som grunnlag for ny kommunegrense.

Vi ser av dette at Stordal kommune ikkje er direkte høyringspart i denne saka. Vi har likevel lagt til grunn at Stordal kommunestyre ønskjer å ha denne saka til uttale på same måten som ein gjorde for tilsvarande sak med grensejustering for Liabygda.

Frist for uttale er sett til torsdag 15. mars 2018.

Norddal kommune har fått utarbeidd ein rapport frå Telemarksforsking: «Økonomiske konsekvenser av mulig grensejustering mellom Norddal og Stranda kommuner». Rapporten er vedlagt saka.

Norddal kommune sitt formannskap behandla denne saka i møte den 05.03.2018, og Norddal kommunestyre behandlar saka vidare 12.03.2018. Heile innstillinga frå Norddal formannskap til kommunestyret vert ikkje referert her, men innstillinga seier mellom anna at *«Norddal kommunestyre vil på det det mest bestemte gå imot at bygdene Norddal og Eidsdal vert skilte frå Norddal og flytta over til Stranda kommune gjennom ei deling eller grenseregulering. ….»*

Stranda kommune sitt formannskap behandla denne saka i møte 05.03.2018 og gjorde slikt vedtak:
*«Stranda kommune stiller seg positiv til ei grensejustering der bygdene Norddal og Eidsdal vert ein del av Stranda kommune.»*

## Vurdering:

Ordførar har utarbeidd eit utkast til høyringsuttale i saka. Denne uttalen er vedlagt saka og dannar grunnlag for kommunestyret si drøfting og vedtak.

## FRAMLEGG TIL VEDTAK:
Stordal kommunestyre vedtek høyringsuttale om grensejustering av bygdene Norddal og Eidsdal frå Norddal kommune til Stranda kommune slik han ligg føre i saka.

**Behandling i KS-møte 14.03.18:**
*Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.*

# KS-017/18 VEDTAK:
Stordal kommunestyre vedtek høyringsuttale om grensejustering av bygdene Norddal og Eidsdal frå Norddal kommune til Stranda kommune slik han ligg føre i saka.

# NOTAT U/OPPFØLGING — STORDAL KOMMUNE

Til:

Anne Berit Løset
Rådmann

**Dok. ref.**
18/73-15/FA-L34//EH

**Dato:**
08.03.2018

## Notat om:

# Konsekvensar ved ei grensejustering for bygdene Norddal og Eidsdal over til Stranda – Høyringsuttale frå Stordal kommune

Stordal kommunestyre er ikkje direkte høyringspart, men vel likevel å gi følgjande høyringsfråsegn.

Stordal kommune og Norddal kommune har vedteke å slå seg saman til Fjord kommune frå 01.01.2020. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har fastsett dette i forskrift datert 22.02.2018. Mykje av motivasjonen og intensjonen med å slå seg saman med ein nabokommune, var ønskje om å skape eit større fellesskap og sterkare fagmiljø for å verte betre rusta til å ta på seg dei oppgåvene som framtida vil krevje av tenesteomfang.

Dersom det vert fatta vedtak om å føre bygdene Eidsdal og Norddal over til Stranda kommune, vil noverande Norddal kommune miste om lag 30% av innbyggjartalet ein har i dag. Dette vil endre føresetnadene som låg til grunn då kommunane vedtok å slå seg saman, og dette vil føre til at kommunane ikkje får den gevinsten ein hadde sett føre seg .
Både Norddal og Stordal kommunar gikk inn i samanslåingsprosessen der dagens grenser låg til grunn for avtale om samanslåing. Dersom om lag ein tredel av Norddal kommune sine innbyggarar vert overført til Stranda, kan dette føre til at heile samanslåinga står i fare.

Kommunestyra i begge kommunane gjorde i januar 2017 vedtak om samanslåing – begge stader med solid fleirtal bak vedtaka. Vedtaka vart gjort utifrå ei klar oppfatning av at vi saman kunne oppnå fordeler og dermed sikre tenesteproduksjonen og styrke fagmiljøa. Arbeidet med å bygge Fjord kommune er godt i gang, og Norddal og Stordal deler allereie fleire faglege og administrative ressursar. Vi ser at vi saman er langt betre i stand til å tilby og oppretthalde tenestene overfor innbyggjarane våre. Skulle spørsmålet om grensejustering ende opp i at Norddal/Eidsdal vert skilt frå Norddal kommune, ville dette kunne bety eit kraftig skot for baugen i dette arbeidet, og det ville vere svært demotiverande for alt lokalpolitisk arbeid. Kommunestyra har tatt forventningane i kommunereforma på alvor og har vore opptatt av å finne løysingar som gjer at desse to kommunane også i framtida skal vere godt i stand til å gi gode tenester til innbyggarane sine.

Stordal kommunestyre ynskjer, til liks med Norddal kommunestyre, at folket i Eidsdal og Norddal skal vere innbyggjarar i Fjord kommune. Vi kan heller ikkje sjå anna enn at mange av tenestene vil verte lettare tilgjengelege for innbyggjarane om dei tilhøyrer Fjord kommune i framtida. Fjord kommune vil kome godt ut økonomisk i høve til andre kommunar av tilsvarande storleik. Dette har m.a Telemarksforsking også peika på.

Samanslåingsvedtaket mellom Stordal og Norddal kommunar til Fjord kommune var basert på fleire vurderingar der omsynet av økonomisk berekraft var eit vesentleg moment. Både Stordal og Norddal er distriktskommunar som etter inntektssystemet vert kategorisert som ufrivillig små som følgje av lang avstandar og

smådriftsulemper. Ved å slå seg saman til ein kommune, vil ein betre kunne oppretthalde viktige basistenester og styrke fagmiljøa. Ein analyse av den framtidige økonomiske situasjonen, viser at ei samanslåing av Stordal og Norddal har fleire positive effektar, noko også Fylkesmannen gav uttrykk for i samband med samanslåinga.

Det er henta inn faglege vurderingar av økonomien i nye Fjord kommune og konsekvensen av ei eventuell frådeling av bygdene Eidsdal og Norddal.
Telemarksforsking, som har gjennomført analysen, peikar også på fleire forhold med positiv effekt for kommuneøkonomien som følgje av ei samanslåing av Norddal og Stordal.

Rapporten synleggjer også dei negative effektane ei frådeling av Eidsdal og Norddal vil ha for økonomien, ikkje minst for det som vedkjem reduserte rammeoverføringar og skatteinntekter som følgje av redusert innbyggjartal.

*«Oppsummert konkluderer vi med at en eventuell grensejustering/deling ikke vil være økonomisk fordelaktig verken for Norddal kommune eller en sammenslått Fjord kommune (bestående av Stordal og hele Nordal). Deling framstår som mest økonomisk ufordelaktig. Det er altså uavklart om en eventuell flytting av de aktuelle grunnkretsene i Norddal over til Stranda kommune vil bli definert som en deling av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, fordi det her dreier seg om en innbyggerandel på mellom 25 og 40 % av dagens Norddal kommune. Vi anser det imidlertid som lite sannsynlig at staten/departementet vil gå for en «avkorting» av en allerede vedtatt «minisammenslåing» som jo Fjord kommune uansett vil bli.*
*Vi mener altså at det er et romslig, statlig finansieringsbidrag i anledning sammenslåingen av Stordal og Norddal, samt betydelige effekter knyttet til bosettingskriteriene i rammetilskuddet og fra salg/uttak av konsesjonskraft.» (frå Telemarkforsking sin rapport)*

# Oppsummering:

Samanslåinga mellom Norddal og Stordal kommunar kom som resultat av langvarige sonderingar og forhandlingar. I starten var fleire kommunar involvert i prosessane, men til slutt kom Stordal og Norddal fram til ein intensjonsavtale som vart godkjent med stort fleirtal i begge kommunestyra.
Stordal kommunestyre gjekk inn i kommunereformarbeidet med eit ope sinn og har deltatt i fleire utgreiingar og sonderingar. Vegval er blitt gjort etter kvart, der alternativ har blitt skrinlagde.

Prosessane har vore forankra i - og styrt av- dei respektive kommunestyra. Undervegs i prosessen har det vore halde folkemøte, innbyggarundersøkingar, og folkerøysting. Det har kome til uttrykk ulike meiningar blant innbyggjarane på kva som er det beste valet for Stordal. Eit fleirtal av innbyggjarane ønska at Stordal skulle halde fram som eigen kommune, alternativet var ein landkommune på nordsida av Storfjorden.

Sterke og svake sider ved ulike alternativ har vore vurdert, forskingsmiljø har vorte engasjert, og på bakgrunn av mulege val og all tilgjengeleg informasjon, kom eit klart fleirtal i kommunestyret fram til at å slå seg saman med Norddal kommune var det beste alternativet. Pendlemønster, kvardagsregion, samarbeidsmønster, høve til lokalpolitisk medverknad, økonomisk berekraft og evne til tenesteproduksjon, var viktige vurderingar i så måte.

Vedtak om samanslåing har vorte følgt opp av Fylkesmannen i Møre og Romsdal seinare tilrådd av departement og vedtatt i Stortinget. Det har vore halde felles kommunestyre og valt ei fellesnemnd som har kome godt i gang med arbeidet fram mot ny kommune. No i februar 2018 vart Fjord kommune godtkjent etter kongeleg resolusjon. Dersom dei same overordna styresmaktene, som i tur og orden har godtkjent denne kommunesamanslåinga, no godkjenner ei deling av noverande Norddal kommune, og dermed i så stor grad svekkjer grunnlaget for den nye kommunen, så er det uråd å akseptere.

Samanslåing av Norddal og Stordal kommune gir ingen stor kommune, men ein kommune som kan vere berekraftig så sant kommunen vert etablert etter føresetnadene. Ei grensejustering eller ei deling av Norddal kommune, vil få svært negative konsekvensar og vil i verste fall kunne øydelegge grunnlaget for nye Fjord kommune, med alle dei uheldige konsekvensane det vil få.

I søknaden om grensejusteringar, trekkjer initiativtakarane i Eidsdal og Norddal fram eit ønske om betre lokaldemokrati og politisk styring. Det vert hevda at det har blitt tillitsbrot mellom folket på sørsida av fjorden og lokalpolitikarane. Ein ny kommune vil truleg bety ei revitalisering av lokaldemokratiet. Dette er eit viktig moment i intensjonsavtalen som har eit sterkt lokaldemokrati, representasjon frå heile kommunen og brei politisk deltaking som uttrykt mål. Innbyggarinvolvering og lokaldemokratisk medverknad er eit satsingsområde som fellesnemnda alt har sett på dagsorden.

Søknaden om grensejustering av Eidsdal og Norddal set som vilkår for søknaden om å bli tilslutta Stranda, at Stranda held fram som eigen kommune. Stranda kommune har gjort vedtak om å starte nye sonderingar om

kommunesamanslåing med fleire aktuelle kommunar. Det er altså ikkje gitt at Stranda vil halde fram som eigen kommune, noko som er sett som eit vilkår i søknaden om grensejustering. Å gjere endring i kommunetilhøyr på så usikre premissar, synest svært lite fornuftig.

**Vi ber om respekt for det grundige arbeidet kommunane har gjort – både fram til samanslåingsvedtaket og etterpå – og vil på det sterkaste gå imot den omsøkte grenseendringa som gjeld Norddal kommune.**

Eva Hove
Ordførar

Vedlegg 18

Kartverket

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL
Postboks 2520

6404 MOLDE
Norge

| Deres ref.: | Vår ref. | | Dato: |
|---|---|---|---|
| 2017/6247/FMMRVIV E/310 | Sak/dok.: | 17/55385-3 | 27.02.2018 |
| | Ark.: | 326.33 | |

# Grensejustering i Norddal kommune - høring

I brev av 06.02.208 er Kartverket bedt om å vurdere om grensene som går fram av innbyggerinitiativet til grensejustering slik at bygdene Norddal og Eidsdal blir overført fra Norddal kommune til Stranda kommune, har god nok kvalitet som grunnlag for ny kommunegrense. Det oppgis grunnkretser som avgrensing av områdene for justeringen.

Grunnkretsgrensene som er oppgitt som et naturlig grenseforløp i oversendelsesdokumentet følger eksisterende eiendomsgrenser i matrikkelen. Store deler av disse eiendomsgrensene er i matrikkelen usikre eiendomsgrenser (grenser med dårlig stedfestingsnøyaktighet).

Inndelingsloven hjemler hvor en kommunegrense skal gå, og denne loven har forrang på matrikkelloven. Man må forholde seg til vedtak etter inndelingsloven, og tilpasse matrikkelen ut fra dette. Når man legger dette til grunn så kan ny kommunegrense vedtas i henhold til innbyggerinitiativet.

Vi vil belyse noen konsekvenser i matrikkelen for ny kommunegrense.

Jo bedre stedfestingskvalitet på ei kommunegrense- og eiendomsgrense, jo bedre kvalitet i matrikkelen. Kvalitetsheving av matrikkelen er noe man streber etter hele tiden. Ut fra dette vil Kartverket generelt anbefale at vedtak om framtidige nye kommunegrenser får best mulig stedfestingsnøyaktighet i matrikkelen. Dette kan gjøres enten ved å vedta kommunegrense sammenfallende med eiendomsgrenser med god stedfestingsnøyaktighet, eller skaffe tilveie god stedfestingsnøyaktighet – klargjøring av grense - før iverksettelse av ny kommunegrense.

Med tanke på lengden og topologien på ny kommunegrense i denne saken, er det på det rene at tiden fram til en eventuell gjennomføring av grensejusteringen er knapp for å rekke en slik klargjøring av grensen før iverksettelse av grensejustering.


Kartverket Besøksadresse: Kartverksveien 21 Hønefoss Postadresse: Postboks 600 Sentrum, 3507 Hønefoss
Telefon: 32 11 80 00 Telefax: 32 11 81 01 E-post: post@kartverket.no Organisasjonsnummer: 971 040 238

Slik det faktiske forhold er i denne saken står man overfor to valg på vedtak på en eventuell ny kommunegrense:

1. Sammenfallende med eiendomsgrenser slik de framstår i matrikkelen.
2. Ny kommunegrense langs terrengformasjoner (f. eks. høyeste topp på fjell og langs vassdrag) eller i rettlinjer uavhengig av hvordan eiendomsgrenser framstår i matrikkelen i dag.

Dette valget er førende for videre arbeid etter matrikkelloven og i matrikkelen.

Ved alternativ 1. vil ny kommunegrense bli låst mot disse eiendomsgrensene også etter eventuell klarlegging av dem. Dette krever lite arbeid etter matrikkelloven i forkant. En annen konsekvens av dette er at det kan skape til dels store endringer i areal mellom kommuner i ettertid i forbindelse med klargjøring av disse eiendomsgrensene, men det vil ikke føre til at grunneiere for endret på kommunetilhørighet på deler av sine eiendommer. Kvaliteten på kommunegrensene i matrikkelen vil tilsvare kvaliteten som i dag er på eiendomsgrensene, men det vil være rom for kvalitetsheving på eksisterende grenser i ettertid.

Alternativ 2 vil føre til en mer omfattende operasjon teknisk – og tidsmessig sett etter matrikkelloven i forkant av grensejusteringen. På den andre siden er det dette grenseforløpet som vil kanskje framstår som mest korrekt og med best kvalitet i matrikkelen som en kommunegrense. Et slikt vedtak vil sørge for en stabil kommunegrense over tid, men enkelte grunneiere kan oppleve det uheldig å ha eiendom i to kommuner dersom en slik «terrenggrense» fører til deling av eiendommer.

Det må vurderes konkret hvilken alternativ man velger ut fra ønsket om god kvalitet opp mot tidsforløpet man har i saken. Spesielle lokale forhold bør også veie tungt. Dersom det er ønskelig, kan Kartverket bistå med utarbeidelse av grunnlag for ordlyden i vedtaket, når alternativ løsning for eventuell grensejustering er valgt.

Med vennlig hilsen

Bernt Audun Strømsli

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Vedlegg 12

Møre og Romsdal fylkeskommune

saksframlegg

| Dato: | Referanse: | Vår saksbehandlar: |
|---|---|---|
| 22.02.2018 | 17620/2018 | Ole Helge Haugen |

| Saksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| **U 17/18** | Fylkesutvalet | 26.02.2018 |

# Høyring - grensejusteringar i Møre og Romsdal

**Bakgrunn**
Fylkesmannen har fått i oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) å utgreie fem grensejusteringar i Møre og Romsdal:

- Gjemnes kommune - Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem til Molde
- Ørsta kommune - Bjørke og Viddal til Volda kommune
- Stranda kommune - Liabygda til Fjord kommune
- Sandøy kommune - Sandøy, Ona, Orten, Gåsøya, Seterøya og Lyngværet til Aukra kommune
- Norddal kommune- Norddal og Eidsdal til Stranda kommune.

Det er eit omfattande grunnlagsmateriale i den enkelte grensejusteringssaka som ein kan finne på fylkesmannen si nettside:
https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kommunal-styring/Ny-kommune-2020/Grensejusteringar/

Grensejusteringane varierer nokså mykje både når det gjeld folketal, del av samla folketal i kommunen og geografisk omfang.

| Kommune | Folketal kommune | Grensejustering | Folketal aktuelt område | Grensejustering - Del av befolkning | |
|---|---|---|---|---|---|
| Gjemnes | 2 611 | Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem | 661 | 25,3 % | |
| Ørsta | 10 744 | Bjørke og Viddal | 115 | 1,1 % | |
| Stranda | 4 623 | Liabygda | 220 | 4,8 % | |
| Sandøy | 1 246 | Sandøy, Ona, Orten, Gåsøya, Seterøya og Lyngværet | 67 | 5,4 % (0,1 %) | Sandøy blir frå 2020 ein del av «nye» Ålesund med eit folketal nærare 70 000 |
| Norddal | 1 663 | Norddal og Eidsdal | 488 | 29,3 % (19,5 %) | Norddal blir frå 2020 ein del av Fjord kommune med eit folketal på om lag 2 500 |

Møre og Romsdal fylkeskommune er bedne om å gje uttale til ei eventuell grensejustering sett ut i frå eit regionalt perspektiv.

**Vurdering**
Fylkeskommunen er ikkje bedne om å uttale seg for eller mot dei ulike grensjusteringane, men om, og i tilfelle kva dei regionale verknadane kan vere. Fylkesrådmannen vel å legge fram alle grensejusteringane i ei samla sak. Fagavdelingane i fylkeskommunen har, i tråd med § 9 i inndelingslova, gitt generelle innspel til fylkesmannen si saksførebuing når det gjeld verkander av grensejusteringar på dei ulike fagområda. Dette er innspel som i hovudsak ikkje er knytt opp mot konkrete grensejusteringar, men er av generell karakter.

**2.1 Plan- og analyse**
Kommunale grensejusteringar internt i Møre og Romsdal vil ikkje påverke tenestetilbodet relatert til plan, planfagleg rettleiing og tilbodet om statistikk- og analysehjelp til kommunane.

**2.2 Utdanning**
Grensejusteringar internt i Møre og Romsdal vil ikkje ha betyding for skoletilbodet eller skulestrukturen. Fritt skuleval og at det gjeld få elevar er grunnen til det.

**2.3 Tannhelse**
Pasientar i Øye/Heggem, Fagerli, Flemma og Angvik vil framleis bli behandla ved DTK Batnfjord, med atterhald om utfordingar knytt til pasientdata.
Grensejusteringa relatert til Bjørke og Viddalen vil ikkje føre til noen konsekvensar då pasientane allereie brukar Distriktstannklinikk (DTK) Volda.
Grensejusteringa relatert til Liabygda vil ikkje føre til nokre konsekvensar då pasientane allereie brukar DTK Valldal.
Grensejusteringa relatert til Orten, Sandøy og Ona/Husøy kan gje ei utfordring med pasientjournalsystemet OPUS, men det må kunne løysast. Pasientane vil ikkje bli flytta til Aukra for behandling.

**2.4 Samferdsel**
2.4.1 Veg
Grensejusteringar internt i fylket vil ikkje ha nokon konsekvens for brukarane av vegen.

2.4.2 Kollektivtrafikk
Grensejusteringar internt i fylke kan få ein konsekvens. Rutepakkane er i dag strukturert slik at dei i hovudsak følg kommunegrensene. Grensejusteringar fører til endra kommunesenter for innbyggarane, og det kan medføre at det ikkje går kollektivtrafikk til dømes til rådhuset i kommunen. Dette kan igjen føre til endra behov i kollektivtrafikken, noko som kan medføre endring i kollektivproduksjonen. Endring i produksjon kan føre til økt vognbehov. Behov for meir materiell enn definert i kontraktane kan bli kostnadskrevjande for fylkeskommunen.

2.4.3 Skoleskyss
Grensejusteringar internt i fylke kan få ein konsekvens. Elevar ved private skolar vil få ein utvida skyssrett om dei bur i ein stor kommune. Skyssretten er avgrensa til å gjelde heimkommunen, og store kommunar vil gi fylkeskommunen økonomisk ansvar for lenger strekning med skoleskyss.

I grunnkrinsen Liabygda er det ei eventuell endring i den kommunale skulestrukturen som kan medføre behov for ekstra rute. Dette er uavhengig av kva kommune dei vel å høyre til i.

2.4.4 Drosje
Nokre av grensejusteringane internt i Møre og Romsdal vil føre til små justeringar i høve løyvegrensene for drosjane i kommunane.

2.4.5 Tilrettelagt transport for funksjonshemma (TT-ordninga)
Ingen store endringar når ved grensejusteringar internt i fylket.

**2.5 Regional- og næringsavdelinga**
Konsekvens for tenestetilbodet frå regional- og næringsavdelinga.

2.5.1 Kommunale næringsfond og hoppid.no
I den grad det vert flytta mange personar ved grensejusteringar internt i fylket, vil fordeling av kommunale næringsfond verte påverka. Noko av beløpet vert fordelt etter innbyggartal i kommunane.

2.5.2 Distriktsområde
Nokre av desse grensejusteringane medfører at grunnkretsar vil flytte frå kommunar i distriktsområdet (sone 3) til sone 1 eller sone 2. Kva sone kommunen er i, har betydning for kva type støtte ein kan få frå fylkeskommunen og kva støtte bedriftene kan få frå Innovasjon Norge. Sonene gjeld til og med juli 2021, om grensejusteringane vil «overstyre» denne soneinndelinga er mindre truleg.

2.5.3 Vassforvaltning
Interne grensejusteringar vil ikkje ha konsekvensar for den tenesta fylkeskommunen tilbyr. Men kommunane må kartlegge dei vassdraga som skifter kommune.

2.5.4 Akvakultur
Interne grensejusteringar i fylket vil ikkje ha konsekvensar for akvakultur-forvaltninga til fylkeskommunen.

**2.6 Kultur**
2.6.1 Kulturvernseksjonen
Grensejusteringar vil føre til ei utfordring i samband med arkivsituasjonen relatert til fagelta kulturminne og arkeologi. Det vil derfor vere viktig å legge ein plan for korleis dette praktisk kan løysast. Erfaringa frå til dømes grensejusteringa mellom kommunane Vanylven og Sande er relevant.

2.6.2 Seksjon Folkehelse og fysisk aktivitet
Når det gjelder morotur.no, må vi gjere nokre praktiske endringar når nye kart teiknast. Kommunereforma og grensejusteringar vil føre til endringar i anleggsdekninga i dei ulike kommunane. Anleggsdekninga leggast til grunn for prioriteringane av spelemiddel. Det er mange anlegg i fylket, og arbeidet med kartlegginga har ikkje starta enda.

2.6.3 Kulturformidlingsseksjonen
Seksjonen drifter den kulturelle skolesekken i kommunane i fylket. Interne grensejusteringar endrar ikkje organiseringa av turneane i stor grad, men det vil vere behov for reorganisering internt hos oss.
Det må opprettast dialog med kommunekontaktane om endringar og samordning. Det vil bli fleire arbeidsoppgåver for kommunekontaktane i overgangen, men det vil normalisere seg etter kvart.

2.6.4 Fylkesbiblioteket
Truleg ingen konsekvensar.

Fylkesrådmannen vurderer verknadane av grensejusteringar internt i fylket på fylkeskommunen sine tenesteområde isolert sett til ikkje å vere av ein slik karakter eller omfang at det bør tilleggast stor vekt i vurderingane.

Fylkesrådmannen vurderer at det ikkje er naturleg for fylkeskommunen å uttale seg om mindre grensjusteringar som ikkje har verknader utover det området justeringa omfattar.

Det er likevel slik at søknadane for Gjemnes og Norddal er av ein slikt omfang at det kan få verknader for «restkommunen». Særleg Gjemnes kommune har gitt uttrykk for at ei eventuell overflytting av Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem til Molde gjer framtida for resten av Gjemnes som eigen kommune usikker. Fylkesrådmannen har ikkje grunnlag for å vurdere realitetane i dette, og meiner det er nødvendig å bruke noko meir tid og ressursar for å utgreie dette.

Prinsippet om at alle som vert påverka av ei avgjerd bør få uttale seg bør følgjast i slike saker. Dette kan til dømes gjerast ved at innbyggarane i heile kommunen vert omfatta av ein innbyggarhøyring. Det bør før ei slik høyring avklarast kva alternativ som er moglege utfall. Det er fylkesrådmannen si vurdering at i tilfelle der grensejusteringa har/kan ha verknader utover det området det vert søkt for, må kommunestyret si uttale i saka vege tungt. Dette krev at kommunestyret har tilgang til resultata frå innbyggarhøyringa brote ned på krets/grend i ein slik grad at ein kan danne seg eit bilde av haldningane i alle deler av kommunen.

Fylkesrådmannen vurderer det slik at særleg grensejusteringa i Gjemnes kommune har potensiale til å gje regionale verknader ved at «balansen» mellom bykommunane kan vert endra. Saka, slik den no ligg føre, er ikkje tilstrekkeleg utgreia til å ta stilling til moglege utfall av denne grensejusteringa.

For Stranda/Norddal er situasjonen noko meir komplisert då det er to søknader som påverkar kvarandre i høve til endeleg folketal i kommunane etter ei eventuell grensejustering. Sakene i Norddal og Gjemnes er etter fylkesrådmannen si vurdering i grenseland for å bli behandla som grensejustering og ikkje som deling.

Det er vanskeleg å fastslå direkte regionale verknader av dei omsøkte grensejusteringane, noko som gjer at fylkesrådmannen ikkje finn det naturleg at fylkeskommunen peikar på konkrete løysingar i desse sakene no. For grensejusteringa i Gjemnes meiner fylkesrådmannen at moglege konsekvensar for resten av kommunen, og regionen, ikkje er tilstrekkeleg utgreia, og at ein dermed ikkje kan ta stilling til eventuelle regionale konsekvensar.

**Forslag til vedtak:**

1. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal ser ikkje at grensejusteringane fylkesmannen har til behandling, med mogleg unntak for Gjemnes, har regionale verknader av eit slikt omfang at det er naturleg for fylkeskommunen å gje uttale i den enkelte sak.

2. Fylkesutvalet meiner at grensejusteringar med potensielt store verknader for «restkommunen» og regionen bør få eit breiare beslutningsgrunnlag enn mindre justeringar. Her bør innbyggarane i heile kommunen høyrast og kommunestyret si uttale må leggast stor vekt på i den vidare behandlinga.

3. Fylkesutvalet for sin del meiner det trengs ytterlegare utgreiingar knytt til grensejusteringa i Gjemnes. Her er det frå kommunen si side gitt uttrykk for at ei eventuell overflytting av Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem til Molde gjer framtida for resten av Gjemnes som eigen kommune usikker.

***Behandling i Fylkesutvalet - 26.02.2018***

Torgeir Dahl (H) fremma spørsmål om sin habilitet som ordførar i Molde kommune og leiar i fellesnemnda, og gjekk frå møtet under røystinga.

Eva Vinje Aurdal (AP) fremma spørsmål om sin habilitet som ordførar i Ålesund kommune og leiar i fellesnemnda og gjekk frå møtet under røystinga.

Sidsel Rykhus (AP) fremma spørsmål om sin habilitet som varaordførar i Molde kommune og medlem i fellesnemnda. Ho gjekk frå møtet under røystinga.

Randi Walderhaug Frisvoll (KRF) fremma spørsmål om sin habilitet som varaordførar i Haram kommune og medlem i fellesnemnda. Ho gjekk frå møtet *under røystinga*.

Margareth Hoff Berg (FRP) fremma spørsmål om sin habilitet som medlem i fellesnemnda for Nye Molde kommune og gjekk frå møtet under røystinga.

Frank Sve (FRP) fremma spørsmål om sin habilitet som medlem i formannskapet i Stranda kommune og gjekk frå møtet under røystinga.

7 voterande.

Frank Sve vart samrøystes kjend habil. 8 voterande.

*Eva Vinje Aurdal vart kjend habil med 5 røyster (AP, 1H FRP 1 V). 3 røysta imot* (1V, UAVH, SP).

Torgeir Dahl vart kjend habil med 5 røyster (AP, 1H FRP 1 V). 3 røysta imot (1V, UAVH, SP).

Margareth Hoff Berg vart kjend habil med 5 røyster (AP, 1H, FRP, 1 V). 3 røysta imot (1V, UAVH, SP).

Randi Walderhaug Frisvoll vart kjend habil med 5 røyster (AP, 1H, FRP, 1 V). 3 røysta imot (1V, UAVH, SP).

*Sidsel Rykhus vart kjend habil med 5 røyster (AP, 1H, FRP, 1 V). 3 røysta imot (1V,* UAVH, SP).

Eva Vinje Aurdal, Torgeir Dahl, Margareth Hoff Berg, Randi Walderhaug Frisvoll og Sidsel Rykhus tok sete. 13 voterande.

Torgeir Dahl ba om fritak etter kommunelova § 40, nr 4, på bakgrunn av sin rolle som ordførar i Molde kommune og gjekk frå under røystinga.
12 voterande.

Torgeir Dahl fekk samrøystes innvilga fritak etter kommunelova § 40, nr 4.

12 voterande.

Kristin Marie Sørheim (SP) fremma på vegner av seg sjølv, Mette Belden (UAVH), Gunn Berit Gjerde (V) og Iver Nordseth (V):

> «1. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal ser ikkje at grensejusteringane fylkesmannen har til behandling, med unntak for Gjemnes og Norddal, har regionale verknader av eit slikt omfang at det er naturleg for fylkeskommunen å gje uttale i den enkelte sak.
>
> 2. Fylkesutvalet meiner at grensejusteringar med potensielt store verknader for «restkommunen» og regionen bør få eit breiare beslutningsgrunnlag enn mindre justeringar. Her må innbyggjarundersøkinga offentleggjerast på grunnkrinsnivå og kommunestyret si uttale må leggast stor vekt på i den vidare behandlinga.
>
> 3. Fylkesutvalet for sin del meiner at dei omsøkte grensejusteringane i Norddal og Gjemnes representerer ei deling av kommunane og difor må behandlast av Stortinget. Deling av kommunane gjer framtida til Gjemnes og Fjord kommune usikker og er i strid med nyleg fatta Stortingsvedtak i kommunereforma for desse kommunane. Fylkesutvalet vil for sin del ikkje tilrå ei grensejustering eller deling av Gjemnes og Norddal kommune.»

Charles Tøsse (H) fremma på vegner av seg sjølv, Frank Sve (FRP) og Margareth Hoff Berg (FRP) følgjande forslag:

> «Fylkesutvalet i Møre og Romsdal ser ikkje at grensejusteringane fylkesmannen har til behandling har regionale verknader av eit slikt omfang at det er naturleg for fylkeskommunen å gje uttale i den enkelte sak.»

Per Vidar Kjølmoen (AP) fremma følgjande endringsforslag:

> «Pkt 3 i innstillinga strykes.»

Kristin Marie Sørheim (SP) fremma forslag om å dele opp punkt 3 i tidlegare innsendt forslag til nye punkt 3 og 4 slik:

> «3. Fylkesutvalet for sin del meiner at dei omsøkte grensejusteringane i Norddal og Gjemnes representerer ei deling av kommunane og difor må behandlast av Stortinget.
>
> 4. Deling av kommunane gjer framtida til Gjemnes og Fjord kommune usikker og er i strid med nyleg fatta Stortingsvedtak i kommunereforma for desse kommunane. Fylkesutvalet vil for sin del ikkje tilrå ei grensejustering eller deling av Gjemnes og Norddal kommune.»

Per Vidar Kjølmoen trekte forslaget sitt.

**Votering:**
Tilrådinga frå fylkesrådmannen fekk 0 røyster og fall.

Det vart votert alternativ over forslaget frå Charles Tøsse og punkt 1-3 i forslaget frå Kristin Marie Sørheim med fleire. Punkt 1-3 i forslaget frå Kristin Marie Sørheim med fleire fekk 8 røyster og vart vedteke. 4 røysta for forslaget frå Charles Tøsse (1H, 1AP, FRP).

Punkt 4 i forslaget frå Kristin Marie Sørheim med fleire fekk 4 røyster og fall (UAVH, V, SP)

**Vedtak i Fylkesutvalet - 26.02.2018**

1. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal ser ikkje at grensejusteringane fylkesmannen har til behandling, med unntak for Gjemnes og Norddal, har regionale verknader av eit slikt omfang at det er naturleg for fylkeskommunen å gje uttale i den enkelte sak.

2. Fylkesutvalet meiner at grensejusteringar med potensielt store verknader for «restkommunen» og regionen bør få eit breiare beslutningsgrunnlag enn mindre justeringar. Her må innbyggjarundersøkinga offentleggjerast på grunnkrinsnivå og kommunestyret si uttale må leggast stor vekt på i den vidare behandlinga.

3. Fylkesutvalet for sin del meiner at dei omsøkte grensejusteringane i Norddal og Gjemnes representerer ei deling av kommunane og difor må behandlast av Stortinget.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Ole Helge Haugen
fylkesplansjef

vedlegg 13

Til

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Eidsdal/Norddal 13. mars 2018

## Uttale i grensejusteringssaka om bygdene Eidsdal og Norddal

Det er no snart 1 ¾ år sidan vår søknad om grensejustering og overgang til Stranda kommune vart sendt. I lys av saka og kommunereformprosessen som har gått sidan den gong, ynskjer også vi som søkjarar å komme med ein uttale i saka før Fylkesmannen gjev si tilråding.

Vårt innspel er utforma med tanke på:

1. Å få fram det vi meiner er viktigast i denne saka
2. Vere kommentar til uttale frå Norddal kommune
3. Vere kommentar til Fylkesutvalet sin uttale

**Innbyggjarane i Norddal og Eidsdal har sagt klart i frå om at dei vil flyttast over til Stranda i folkeavrøystinga gjennomført av Fylkesmannen/Opinion.** Resultatet synte at 57 prosent av innbyggjarane i Eidsdal og Norddal ynskjer ei overflytting til Stranda kommune. 26 prosent ynskjer å vere i Norddal/Fjord, og 17 prosent svarar «Veit ikkje». Svarprosenten var på 77 %. Meir enn dobbelt så mange ynskjer overføring til Stranda i forhold til dei som vil bli i Norddal/Fjord kommune.

Vi vil også minne om at: Ingen av innbyggjarane i Norddal kommune har fått uttale seg om ei samanslåing mellom Norddal og Stordal – nye Fjord kommune. At 36 prosent av innbyggjarane i heile Norddal kommune stemte blankt ved den offisielle kommunale innbyggjarhøyringa og at innbyggjarane i Norddal og Eidsdal klart har støtta heile prosessen i grensejusteringssaka gjennom tre innbyggjarhøyringar (den siste gjennomført av Fylkesmannen/Opinion) og to meir uformelle avstemmingar i tillegg til diverse bygdemøte (sjå oversikt i søknad).

Vi reagerer på at Norddal kommune i si saksutgreiing legg saman alle som ikkje har svart, alle «veit ikkje», og alle dei som svarar «bli i Norddal kommune», og konkluderer med at eit fleirtal <u>ikkje</u> har sagt at dei vil til Stranda. Dette gjer òg ordføraren i sin argumentasjon (innstilling til formannskapet og innlegg i Sunnmørsposten). Med dette innfører Norddal kommune ein ny praksis i det norske demokratiet. Det ville vere som å argumentere med at 75 prosent av befolkninga i Norddal i kommunevalet i 2015 <u>ikkje</u> har sagt at dei vil ha Senterpartiet inn i kommunestyret (tal henta frå valet) og dermed argumentere mot at dei skal få plass i kommunestyret. Slik argumentasjon er elles symptomatisk for Norddal kommune gjennom store delar av denne prosessen. Vi meiner dette klart illustrerer det demokratiske underskotet i Norddal kommune.

**Ved innbyggjarhøyringa i regi av Fylkesmannen var det for folket i bygdene våre godt kjent at Norddal og Stordal hadde vedteke å slå seg saman, og det var godt kjent at Stranda kommune sonderte på moglege andre kommunesamanslåingar. Folk har såleis røysta på bakgrunn av desse forholda. Det vil vere usikkerheit knytt til kva som vil skje i framtida både med Stranda kommune og Fjord kommune.**

**Vi trekkjer fram følgjande forhold som hovudargument for søknaden:**

1. Naturleg geografisk eining mellom Geiranger, Norddal og Eidsdal.
2. Like og supplerande næringar Eidsdal/Norddal og Geiranger/Stranda
3. Tett samarbeid mellom Norddal, Eidsdal og Geiranger som kan utviklast
4. Betra lokaldemokrati og politisk styring. Svært svak tillit til demokratiet i Norddal over lang tid.
5. Framtidsretta og føreseielege kommunale tenester kan utviklast i samarbeid mellom Geiranger, Eidsdal og Norddal i Stranda kommune
6. Større og meir kompetente fagmiljø i ei større kommune (Sjå elles søknad for meir utfyllande om desse punkta).

**Vi reagerer på Norddal kommune sin unyanserte bruk av kunnskapsgrunnlaget vi har henta inn knytt til søknaden vår.** I vår prosess fram mot søknad om grensejustering, har vi freista å få fram eit så godt kunnskapsgrunnlag som mogleg – både om konsekvensane av å halde fram i Norddal kommune, og av å gå til Stranda. Vi har behandla ulike sider både ved demokrati, økonomi, tenester og samfunnsutvikling. Vi reagerer derfor sterkt på at våre folkevalde i Norddal vel å plukke ut berre dei delane av grensejusteringssøknaden og rapporten som samsvarar med deira syn og slik spreie usannheiter om kva som faktisk står i rapporten. Vi merker oss i den samanheng også at sjølve grensejusteringssøknaden ikkje ein gong er vedlegg til kommunestyresaka 12. mars 2018 der kommunestyret skal gi uttale om saka. På spørsmål frå oss har kommunen heller ikkje hatt vilje til å leggje rapporten ut på kommunen sine heimesider, slik at alle skulle få tilgang til han. Vi tolkar det slik at kommunen slik søkjer å halde vesentleg informasjon unna kommunestyret og offentlegheita.

**Vi meiner at Norddal kommune/Fjord kommune ikkje vert stor nok til å greie dei oppgåvene som vert lagt over på kommunane.** Vi trur derfor det om ikkje lenge vert naudsynt med ein ny samanslåingsprosess. Vi treng ikkje å gå lenger enn til denne saka, og viser til Norddal kommune sin uttale, punkt 10. Her peikar dei sjølve på manglande kapasitet. I Norddal/Fjord kommune vil fagmiljøa framleis bli svært små, tilsette må spreie seg på mange fagområde, og ein vil ofte vere lite attraktiv i kampen om viktig kompetanse/ressursar. Dette vil i siste ledd gå ut over tenestene til innbyggjarane.

**Som innbyggjarar er vi opptekne av at det kommunale tenestetilbodet skal vere like godt same kvar ein bur.** Mykje tilseier at vi som innbyggjarar i Fjord kommune kjem til å miste endå fleire av dei kommunale tenestene som no ligg i våre eigne bygder (ungdomsskule, aldersbustadar, legedag, bibliotek). I denne kabalen vert innbyggjarane i Norddal/Eidsdal den tapande part. Dersom ungdomsskule vert lagt ned, er det våre ungdommar som får opp til ein times reisetid både før og etter skule, inklusive bytte buss-ferje-buss. Dersom aldersbustad vert lagt ned, vert det våre eldre som må flytte og får mindre besøk. Vi ser det som langt viktigare at vi beheld «kvardagstenestene»

frå kommunen, enn at vi har kort veg til sentraladministrasjonen (eventuelt på Stranda). Dei færraste har behov for å snakke med ordførar, rådmann og teknisk etat mange gongar i året. Gjennom ei samanslåing med Stranda kommune ser vi det som ei moglegheit å utvikle framtidsretta kommunale tenester i fellesskap mellom Geiranger, Norddal og Eidsdal. Totalt sett ser vi oss såleis betre tente med ein overgang til Stranda kommune enn å bli i Norddal/Fjord.

**Moglegheita for at ei grensejustering kan skje, burde Norddal/Fjord kommune sett som eit uavklart spørsmål i heile sin prosess.** Søknaden om grensejustering vart sendt i slutten av juni 2016. På dette tidspunktet hadde Norddal kommune gjort vedtak om å halde fram åleine. Kommunane Norddal og Stordal har dermed gått inn i sitt samarbeid med opne auge også om søknaden om grensejustering, og vi har frå starten av orientert kommunen godt om vår prosess. Vi meiner dermed det vert feil dersom vår sak vert avgjort med grunnlag i argument om at samanslåingsprosessen mellom Norddal og Stordal skal styrkjast.

**I våre eigne avrøystingar har det kome tydeleg fram at folk meiner det beste alternativet hadde vore om kommunane Norddal og Stranda, og gjerne Stordal også, slo seg saman.** I den kommunale innbyggjarhøyringa vart ikkje samanslåing med Stranda sett opp som alternativ. Dette trass i at folkerøystingar i Eidsdal og Norddal viste at folk ynskte dette, og trass i at det vart etterlyst på bygdemøte i 4 av dei 5 bygdene i Norddal. Heile 36 prosent stemte då også blankt på den offisielle kommunale folkerøystinga. Vi er sterkt kritiske til den måten Norddal kommune har køyrt kommunereformprosessen på. Når folkemøte i større grad vert brukt som alibi for involvering, meir enn reelt å fange opp signal frå eigne innbyggjarar, er det særdeles vanskeleg å ha tillit til det politiske systemet.

**Vi har heile tida fått beskjed frå Fylkesmann og departement om at ei overflytting av Eidsdal og Norddal til Stranda kommune skulle sjåast i samanheng med kommunereforma og som ei grensejusteringssak.** Vi festar tillit til at ein held seg til desse føringane. Eidsdal/Norddal utgjer også ein mindre del av det som vert nye Fjord kommune enn av Norddal kommune.

**Dersom ein skal sjå nærare på tal og innbyggjarane sine meiningar i denne saka ville det vere naturleg å ha ei folkerøysting i heile Norddal kommune og eventuelt i Stranda og Stordal.** Eit slikt syn vert også støtta i saksframlegget til fylkesutvalet. Det er ikkje på sin plass å dele opp avrøystinga som er gjennomført i ulike krinsar slik Fylkesutvalet argumenterer for i sitt vedtak. Tal på krinsnivå er ikkje offentlege korkje i kommune-, fylkes- eller stortingsval av personvernomsyn. Slike tal er heller ikkje tilgjengelege i SSB eller anna statistikk av same grunn. Det ville vere merkeleg dersom slike omsyn vert sett til side akkurat i denne saka.

**Stranda kommune vert svekka og straffa gjennom statlege grensejusteringsforslag og lågare statlege overføringar fordi kommunen har ynskt ein samanslåing med Norddal og eventuelt Stordal.** Vi kan ikkje sjå at dette er i samsvar med intensjonen med kommunereforma. Vi merkar oss at Norddal kommune/Fjord kommune i tillegg argumenterer for at bygdene Geiranger og Liabygda bør innunder Fjord kommune. Ingen av bygdene Geiranger eller Liabygda har ytra ynskje om samanslåing med Fjord, snarare tvert om, jamfør m.a. innbyggjarhøyringa i Liabygda. Det vil dermed vere eit paradoks om ein skal svekke ein kommune på knapt 5000 innbyggjarar for å styrke ein på knapt 3000. Uvissa og statleg «straff» (i form av lågare økonomiske overføringar) gjer at Stranda

kommune no, etter vår meining, leiter etter løysingar utanfor det som er mest logisk eller føremålstenleg.

**Folket i bygdene våre reagerer sterkt på at ordføraren og sentrale politikarar gong etter gong seier at fjorden er eit stengsel og eit hinder** (og difor kan ein ikkje gå saman med Stranda kommune). Dette er uttalar som splittar meir enn det samlar når det kjem frå ein ordførar i ein kommune der fleire bygder er avhengige av å krysse fjorden.

Vi understrekar at for oss er fjorden ei moglegheit. Men vi ynskjer ikkje å halde fram i ein kommune som tilkjennegir så negative haldningar til å krysse fjorden. Skal vi få til god samhandling i framtida, er det langt meir forlokkande å vere i ein kommune som ser moglegheiter i fjorden og ikkje berre problem.

**Det etablerte maktapparatet bør høyre på innbyggjarane sine.** Denne saka dreier seg i stor grad om makt og avmakt. Innbyggjarane i Norddal og Eidsdal har etter vår meining sagt klart i frå om kva dei vil og ønskjer i mange omgangar. Engasjementet blant folk i denne saka er svært imponerande. Dei har likevel heile tida vorte avfeia av lokale politikarar. Vårt inntrykk er at Norddal kommune har nytta ressursane sine til lobbyverksemd oppover i det politiske systemet i staden for å gå i dialog med eigne innbyggjarar. Slik lobbyverksemd har vi som innbyggjarar ikkje ressursar til. Vi gjer alt på fritid og på dugnad.

Vi synest det vert feil dersom ein kommune som både har ignorert innbyggjarane sine innspel og i stor grad har oppført seg provoserande overfor sin nærmaste nabokommune, Stranda, skal verte «lønna» med å vinne fram i ein prosess som dette.

**Vi står att med høvet til å seie kva vi meier. Innbyggjarane i Norddal og Eidsdal har sagt klart i frå om kva dei vil og at nok er nok. No ber vi om at Fylkesmann og departement lyttar til oss!**

Venleg helsing

Den valde arbeidsgruppa for utgreiing av alternativ kommunetilknyting for bygdene Norddal og Eidsdal:

Merete Løvoll Rønneberg
Merete Løvoll Rønneberg (leiar) Frode Rønneberg

Knut Grønningsæter Else Ragni Yttredal

<u>Kopi til</u>
Norddal kommune, postmottak
Stranda kommune, postmottak
Stordal kommune, postmottak

Vedlegg 13

Til

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Eidsdal/Norddal 13. mars 2018

## Uttale i grensejusteringssaka om bygdene Eidsdal og Norddal

Det er no snart 1 ¾ år sidan vår søknad om grensejustering og overgang til Stranda kommune vart sendt. I lys av saka og kommunereformprosessen som har gått sidan den gong, ynskjer også vi som søkjarar å komme med ein uttale i saka før Fylkesmannen gjev si tilråding.

Vårt innspel er utforma med tanke på:

1. Å få fram det vi meiner er viktigast i denne saka
2. Vere kommentar til uttale frå Norddal kommune
3. Vere kommentar til Fylkesutvalet sin uttale

**Innbyggjarane i Norddal og Eidsdal har sagt klart i frå om at dei vil flyttast over til Stranda i folkeavrøystinga gjennomført av Fylkesmannen/Opinion.** Resultatet synte at 57 prosent av innbyggjarane i Eidsdal og Norddal ynskjer ei overflytting til Stranda kommune. 26 prosent ynskjer å vere i Norddal/Fjord, og 17 prosent svarar «Veit ikkje». Svarprosenten var på 77 %. Meir enn dobbelt så mange ynskjer overføring til Stranda i forhold til dei som vil bli i Norddal/Fjord kommune.

Vi vil også minne om at: Ingen av innbyggjarane i Norddal kommune har fått uttale seg om ei samanslåing mellom Norddal og Stordal – nye Fjord kommune. At 36 prosent av innbyggjarane i heile Norddal kommune stemte blankt ved den offisielle kommunale innbyggjarhøyringa og at innbyggjarane i Norddal og Eidsdal klart har støtta heile prosessen i grensejusteringssaka gjennom tre innbyggjarhøyringar (den siste gjennomført av Fylkesmannen/Opinion) og to meir uformelle avstemmingar i tillegg til diverse bygdemøte (sjå oversikt i søknad).

Vi reagerer på at Norddal kommune i si saksutgreiing legg saman alle som ikkje har svart, alle «veit ikkje», og alle dei som svarar «bli i Norddal kommune», og konkluderer med at eit fleirtal ikkje har sagt at dei vil til Stranda. Dette gjer òg ordføraren i sin argumentasjon (innstilling til formannskapet og innlegg i Sunnmørsposten). Med dette innfører Norddal kommune ein ny praksis i det norske demokratiet. Det ville vere som å argumentere med at 75 prosent av befolkninga i Norddal i kommunevalet i 2015 ikkje har sagt at dei vil ha Senterpartiet inn i kommunestyret (tal henta frå valet) og dermed argumentere mot at dei skal få plass i kommunestyret. Slik argumentasjon er elles symptomatisk for Norddal kommune gjennom store delar av denne prosessen. Vi meiner dette klart illustrerer det demokratiske underskotet i Norddal kommune.

**Ved innbyggjarhøyringa i regi av Fylkesmannen var det for folket i bygdene våre godt kjent at Norddal og Stordal hadde vedteke å slå seg saman, og det var godt kjent at Stranda kommune sonderte på moglege andre kommunesamanslåingar. Folk har såleis røysta på bakgrunn av desse forholda. Det vil vere usikkerheit knytt til_kva som vil skje i framtida både med Stranda kommune og Fjord kommune.**

**Vi trekkjer fram følgjande forhold som hovudargument for søknaden:**

1. Naturleg geografisk eining mellom Geiranger, Norddal og Eidsdal.
2. Like og supplerande næringar Eidsdal/Norddal og Geiranger/Stranda
3. Tett samarbeid mellom Norddal, Eidsdal og Geiranger som kan utviklast
4. Betra lokaldemokrati og politisk styring. Svært svak tillit til demokratiet i Norddal over lang tid.
5. Framtidsretta og føreseielege kommunale tenester kan utviklast i samarbeid mellom Geiranger, Eidsdal og Norddal i Stranda kommune
6. Større og meir kompetente fagmiljø i ei større kommune (Sjå elles søknad for meir utfyllande om desse punkta).

**Vi reagerer på Norddal kommune sin unyanserte bruk av kunnskapsgrunnlaget vi har henta inn knytt til søknaden vår.** I vår prosess fram mot søknad om grensejustering, har vi freista å få fram eit så godt kunnskapsgrunnlag som mogleg – både om konsekvensane av å halde fram i Norddal kommune, og av å gå til Stranda. Vi har behandla ulike sider både ved demokrati, økonomi, tenester og samfunnsutvikling. Vi reagerer derfor sterkt på at våre folkevalde i Norddal vel å plukke ut berre dei delane av grensejusteringssøknaden og rapporten som samsvarar med deira syn og slik spreie usannheiter om kva som faktisk står i rapporten. Vi merker oss i den samanheng også at sjølve grensejusteringssøknaden ikkje ein gong er vedlegg til kommunestyresaka 12. mars 2018 der kommunestyret skal gi uttale om saka. På spørsmål frå oss har kommunen heller ikkje hatt vilje til å leggje rapporten ut på kommunen sine heimesider, slik at alle skulle få tilgang til han. Vi tolkar det slik at kommunen slik søkjer å halde vesentleg informasjon unna kommunestyret og offentlegheita.

**Vi meiner at Norddal kommune/Fjord kommune ikkje vert stor nok til å greie dei oppgåvene som vert lagt over på kommunane.** Vi trur derfor det om ikkje lenge vert naudsynt med ein ny samanslåingsprosess. Vi treng ikkje å gå lenger enn til denne saka, og viser til Norddal kommune sin uttale, punkt 10. Her peikar dei sjølve på manglande kapasitet. I Norddal/Fjord kommune vil fagmiljøa framleis bli svært små, tilsette må spreie seg på mange fagområde, og ein vil ofte vere lite attraktiv i kampen om viktig kompetanse/ressursar. Dette vil i siste ledd gå ut over tenestene til innbyggjarane.

**Som innbyggjarar er vi opptekne av at det kommunale tenestetilbodet skal vere like godt same kvar ein bur.** Mykje tilseier at vi som innbyggjarar i Fjord kommune kjem til å miste endå fleire av dei kommunale tenestene som no ligg i våre eigne bygder (ungdomsskule, aldersbustadar, legedag, bibliotek). I denne kabalen vert innbyggjarane i Norddal/Eidsdal den tapande part. Dersom ungdomsskule vert lagt ned, er det våre ungdommar som får opp til ein times reisetid både før og etter skule, inklusive bytte buss-ferje-buss. Dersom aldersbustad vert lagt ned, vert det våre eldre som må flytte og får mindre besøk. Vi ser det som langt viktigare at vi beheld «kvardagstenestene»

frå kommunen, enn at vi har kort veg til sentraladministrasjonen (eventuelt på Stranda). Dei færraste har behov for å snakke med ordførar, rådmann og teknisk etat mange gongar i året. Gjennom ei samanslåing med Stranda kommune ser vi det som ei moglegheit å utvikle framtidsretta kommunale tenester i fellesskap mellom Geiranger, Norddal og Eidsdal. Totalt sett ser vi oss såleis betre tente med ein overgang til Stranda kommune enn å bli i Norddal/Fjord.

**Moglegheita for at ei grensejustering kan skje, burde Norddal/Fjord kommune sett som eit uavklart spørsmål i heile sin prosess.** Søknaden om grensejustering vart sendt i slutten av juni 2016. På dette tidspunktet hadde Norddal kommune gjort vedtak om å halde fram åleine. Kommunane Norddal og Stordal har dermed gått inn i sitt samarbeid med opne auge også om søknaden om grensejustering, og vi har frå starten av orientert kommunen godt om vår prosess. Vi meiner dermed det vert feil dersom vår sak vert avgjort med grunnlag i argument om at samanslåingsprosessen mellom Norddal og Stordal skal styrkjast.

**I våre eigne avrøystingar har det kome tydeleg fram at folk meiner det beste alternativet hadde vore om kommunane Norddal og Stranda, og gjerne Stordal også, slo seg saman.** I den kommunale innbyggjarhøyringa vart ikkje samanslåing med Stranda sett opp som alternativ. Dette trass i at folkerøystingar i Eidsdal og Norddal viste at folk ynskte dette, og trass i at det vart etterlyst på bygdemøte i 4 av dei 5 bygdene i Norddal. Heile 36 prosent stemte då også blankt på den offisielle kommunale folkerøystinga. Vi er sterkt kritiske til den måten Norddal kommune har køyrt kommunereformprosessen på. Når folkemøte i større grad vert brukt som alibi for involvering, meir enn reelt å fange opp signal frå eigne innbyggjarar, er det særdeles vanskeleg å ha tillit til det politiske systemet.

**Vi har heile tida fått beskjed frå Fylkesmann og departement om at ei overflytting av Eidsdal og Norddal til Stranda kommune skulle sjåast i samanheng med kommunereforma og som ei grensejusteringssak.** Vi festar tillit til at ein held seg til desse føringane. Eidsdal/Norddal utgjer også ein mindre del av det som vert nye Fjord kommune enn av Norddal kommune.

**Dersom ein skal sjå nærare på tal og innbyggjarane sine meiningar i denne saka ville det vere naturleg å ha ei folkerøysting i heile Norddal kommune og eventuelt i Stranda og Stordal.** Eit slikt syn vert også støtta i saksframlegget til fylkesutvalet. Det er ikkje på sin plass å dele opp avrøystinga som er gjennomført i ulike krinsar slik Fylkesutvalet argumenterer for i sitt vedtak. Tal på krinsnivå er ikkje offentlege korkje i kommune-, fylkes- eller stortingsval av personvernomsyn. Slike tal er heller ikkje tilgjengelege i SSB eller anna statistikk av same grunn. Det ville vere merkeleg dersom slike omsyn vert sett til side akkurat i denne saka.

**Stranda kommune vert svekka og straffa gjennom statlege grensejusteringsforslag og lågare statlege overføringar fordi kommunen har ynskt ein samanslåing med Norddal og eventuelt Stordal.** Vi kan ikkje sjå at dette er i samsvar med intensjonen med kommunereforma. Vi merkar oss at Norddal kommune/Fjord kommune i tillegg argumenterer for at bygdene Geiranger og Liabygda bør innunder Fjord kommune. Ingen av bygdene Geiranger eller Liabygda har ytra ynskje om samanslåing med Fjord, snarare tvert om, jamfør m.a. innbyggjarhøyringa i Liabygda. Det vil dermed vere eit paradoks om ein skal svekke ein kommune på knapt 5000 innbyggjarar for å styrke ein på knapt 3000. Uvissa og statleg «straff» (i form av lågare økonomiske overføringar) gjer at Stranda

kommune no, etter vår meining, leiter etter løysingar utanfor det som er mest logisk eller føremålstenleg.

**Folket i bygdene våre reagerer sterkt på at ordføraren og sentrale politikarar gong etter gong seier at fjorden er eit stengsel og eit hinder** (og difor kan ein ikkje gå saman med Stranda kommune). Dette er uttalar som splittar meir enn det samlar når det kjem frå ein ordførar i ein kommune der fleire bygder er avhengige av å krysse fjorden.

Vi understrekar at for oss er fjorden ei moglegheit. Men vi ynskjer ikkje å halde fram i ein kommune som tilkjennegir så negative haldningar til å krysse fjorden. Skal vi få til god samhandling i framtida, er det langt meir forlokkande å vere i ein kommune som ser moglegheiter i fjorden og ikkje berre problem.

**Det etablerte maktapparatet bør høyre på innbyggjarane sine.** Denne saka dreier seg i stor grad om makt og avmakt. Innbyggjarane i Norddal og Eidsdal har etter vår meining sagt klart i frå om kva dei vil og ønskjer i mange omgangar. Engasjementet blant folk i denne saka er svært imponerande. Dei har likevel heile tida vorte avfeia av lokale politikarar. Vårt inntrykk er at Norddal kommune har nytta ressursane sine til lobbyverksemd oppover i det politiske systemet i staden for å gå i dialog med eigne innbyggjarar. Slik lobbyverksemd har vi som innbyggjarar ikkje ressursar til. Vi gjer alt på fritid og på dugnad.

Vi synest det vert feil dersom ein kommune som både har ignorert innbyggjarane sine innspel og i stor grad har oppført seg provoserande overfor sin nærmaste nabokommune, Stranda, skal verte «lønna» med å vinne fram i ein prosess som dette.

**Vi står att med høvet til å seie kva vi meier. Innbyggjarane i Norddal og Eidsdal har sagt klart i frå om kva dei vil og at nok er nok. No ber vi om at Fylkesmann og departement lyttar til oss!**

Venleg helsing

Den valde arbeidsgruppa for utgreiing av alternativ kommunetilknyting for bygdene Norddal og Eidsdal:

Merete Løvoll Rønneberg

Merete Løvoll Rønneberg (leiar) | Frode Rønneberg

Knut Grønningsæter | Else Ragni Yttredal

Kopi til
Norddal kommune, postmottak
Stranda kommune, postmottak
Stordal kommune, postmottak

Vedlegg 14 a

Norddal kommune

6210 Valldal

Til fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset

6400 Molde

Att: Lodve Solholm

# NORDDAL/EIDSDAL – GRENSEJUSTERING ELLER DELING ?

Etter eit innbyggjarinitiativ i 2016 har Kommunal og moderniseringsdepartementet(KMD) bede fylkesmannen i Møre og Romsdal utgreie grunnlaget for ei muleg grensejustering med formål å flytte bygdene Eidsdal og Norddal til Stranda kommune. Dei involverte kommunane har vore inviterte til orienteringsmøte med fylkesmann. Vidare prosess er planlagt og sett i gang.

I regjeringa sin Prop. 76 (2015-2016) frå KMD – *Endringar i Inndelingslova og kommunelov* - (behandling av kommunesamanslåingar mv.), står det m.a. på s. 10: ... *Normalt vil 25 % av innbyggjarane danne den øvste grensa for kva som er «ein mindre del av kommunen». Departementet vil vanlegvis ikkje fastsetje at ein del av ein kommune som utgjer meir enn 25 prosent av innbyggjarane i ein kommune som skal avviklast, skal bli behandla som ei grensejustering*. (underforstått at dette er ei deling).

I tilfellet Eidsdal/Norddal representerer desse 2 bygdene ilag per 01.01.2017 29 % av det totale innbyggjartalet i Norddal kommune. Samla innbyggjartal i Nordal kommune var på same tidspunkt 1678. Dalsbygda krins hadde 151 innbyggjarar, medan Eide, Rønneberg og Ytterdal krins i Eidsdal i alt hadde 337 innbyggjarar (siste tilgjengelege tal frå SSB). I sum vert det 488 innbyggjarar. Prosenttalet var om lag det same på det tidspunkt søknaden vart sendt til fylkesmann.

<u>Med vising til Prop.76L, er det naturleg å stille spørsmålet om dette er grensejustering eller om det er ei deling ? Saka er viktig å få avklart fordi prosessreglane er ulike for delings- og justeringssaker</u>.

Definisjonen som KMD har gitt, kan tyde på at vi her har å gjere med ei delingssak. Vi er merksame på at her kan vere finjuss som vi tolkar feil. Men – slik vi vurderer situasjonen p.t., kan det sjå ut til at denne saka har hamna i feil kategori. Dersom vår tolking av lova er rett, dvs. at dette handlar om ei deling og ikkje i grenseregulering, så er det kommunestyret som har initiativretten – og ikkje innbyggjarane direkte. Ein logisk konsekvens av det, vil vere at søknaden som er sendt til KMD, vert avvist.

Norddal har nettopp slått seg saman med nabokommunen Stordal til «Fjord kommune». Denne fusjonen er basert på at ein heil - og udelt Norddal kommune, er med i partnarskapet. Difor er det uaktuelt for Norddal kommune å støtte innbyggjarinitiativet om overflytting av bygdene Eidsdal og Norddal til Stranda kommune.

Norddal kommune ber no om at det vert gjort ei ny vurdering av «kategorispørsmålet» basert på det faktum at 29 % at innbyggjarane, dvs. i ikkje *«ein mindre del av kommunen»*, bur i det området som vert søkt flytta til ei anna kommune. Vi ber om ei rask avklaring på dette spørsmålet for å eventuelt unngå å sette i gang ein prosess som kan vise seg å vere lovstridig og føremålslaus.

Valldal, 27.11.2017

For Norddal formannskap

Arne Sandnes

Ordførar

Kopi til:

Norddal kommunestyre

Vigdis Rotlid Vestad – prosjektleiar

Eva Hove – leiar i fellesnemnda for Fjord kommune

Vedlegg 14
6

DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Norddal kommune
Postboks 144
6211 VALLDAL

| Dykkar ref | Vår ref | Dato |
|---|---|---|
| | 17/1212-105 | 19. januar 2018 |

KOPI

## Spørsmål om grensejustering eller deling i Norddal kommune

Vi viser til e-post frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal 8. januar med vidareformidling av spørsmål frå Norddal kommune om utgreiinga av kommunegrensene for bygdene Eidsdal og Norddal er å forstå som ei grensejustering eller deling.

Inndelingslova § 8 seier at departementet på eige initiativ kan utgreie spørsmål om grenseendring eller grensefastsetjing. Omgrepet grenseendring er i inndelingslova ei fellesnemning på samanslåing, deling og grensejustering, jf. § 3. Departementet ba i brev 9. mai 2017 om innspel frå alle fylkesmennene om aktuelle grensejusteringar. Fylkesmannen i Møre og Romsdal omtalte saka mellom Norddal og Stranda i sitt svarbrev 9. juni, og departementet ga fylkesmannen i brev 28. september i oppdrag å ugreie saka. Det framgår av oppdraget at det også kan utgreiast større eller mindre endringar i det omtalte området.

Når utgreiinga er ferdig, vil departementet ta stilling til kva for type vedtak om grenseendring som eventuelt skal gjelda i denne saka. Det er derfor viktig at konsekvensane av dei ulike alternativa blir godt opplyst gjennom utgreiinga. Departementet vil lytte til synpunkta til kommunane før avgjerda blir fatta.

Med helsing

Mari Jacobsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Jørgen Teslo
Seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar*


| Postadresse | Kontoradresse | Telefon* | Avdeling | Saksbehandlar |
|---|---|---|---|---|
| Postboks 8112 Dep | Akersg. 59 | 22 24 90 90 | | Jørgen Teslo |
| 0032 Oslo | | Org no. | | 22 24 72 60 |
| postmottak@kmd.dep.no | www.kmd.dep.no | 972 417 858 | | |

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

KOPI

Vedlegg 14
C

**Vigdis Rotlid Vestad**

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Teslo Jørgen <Jorgen.Teslo@kmd.dep.no> |
| **Sendt:** | onsdag 24. januar 2018 10.53 |
| **Til:** | Arne Sandnes |
| **Kopi:** | Vigdis Rotlid Vestad; Brøste, Rigmor; Solholm, Lodve |
| **Emne:** | SV: SV: Spørsmål om grensejustering eller deling i Norddal kommune |

Hei, viser til e-poster 19. og 24. januar med oppfølgingsspørsmål til utredningen av grensejustering mellom Norddal og Stranda.

Ja, det er Kommunal- og moderniseringsdepartementets initiativrett som hjemler denne utredningen. På bakgrunn av at departementet har mottatt et nokså grundig og gjennomarbeidet initiativ, og fylkesmannen har tilrådd at endringen utredes, har departementet funnet grunn til å be om en utredning av spørsmålet om grenseendring.

Til ditt spørsmål om dette er å forstå som en grensejustering eller deling, så åpner inndelingsloven for at det kan avgjøres om en sak er en grensejustering eller deling *etter* at den er utredet – utredningen kan jo ende opp med anbefalinger om at større eller mindre deler av det aktuelle området skal overføres. Som eksempel kan det her vises til nylig avgjort sak mellom Stryn og Hornindal, hvor det ble fremmet et initiativ om grensejustering for om lag 90 innbyggere i Hornindal, men hvor departementets endelige vedtak omfattet kun 19 av disse innbyggere.

Med hilsen

Jørgen Teslo
Seniorrådgiver

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Kommunalavdelingen

Telefon: 22 24 72 60 / 984 88 905
E-post: jorgen.teslo@kmd.dep.no

www.regjeringen.no/kmd | Facebook | Flickr | Twitter

---

**Fra:** Arne Sandnes [mailto:Arne.Sandnes@norddal.kommune.no]
**Sendt:** 19. januar 2018 15.29
**Til:** Teslo Jørgen <Jorgen.Teslo@kmd.dep.no>
**Kopi:** Vigdis Rotlid Vestad <fmmrvive@fylkesmannen.no>; Brøste, Rigmor <fmmrribr@fylkesmannen.no>; Solholm, Lodve <fmmrloso@fylkesmannen.no>
**Emne:** Re: SV: Spørsmål om grensejustering eller deling i Norddal kommune

Hei!

Eg takkar for svar og tolkar det slik at det er fylkesmann/departementet som har nytta sin initiativrett i dette tilfellet. Eg er fullt klar over at staten har initiativrett, uavhengig kommunar og innbyggjarar, men - det eg stiller spørsmål ved er, om lova i dette spesielle tilfellet (29%av innbyggjarane i Norddal kommune), i tillegg opnar for eit innbyggjarinitiativ. Brevet dykkar gir ikkje eit tydeleg svar. For meg ser det pt. ut til at det er staten sin initiativrett som heimlar at saka skal utgreiast. Fint om eg kunne få dette kommentert.
Mvh
Arne Sandnes
Ordførar Norddal

Sendt fra min iPhone

19. jan. 2018 kl. 12:14 skrev Teslo Jørgen <Jorgen.Teslo@kmd.dep.no>:

Hei,
Viser til henvendelse, vedlagte brev er sendt Norddal kommune med kopi til fylkesmannen nå i dag.

Med hilsen

Jørgen Teslo
Seniorrådgiver

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Kommunalavdelingen

Telefon: 22 24 72 60 / 984 88 905
E-post: jorgen.teslo@kmd.dep.no

www.regjeringen.no/kmd | Facebook | Flickr | Twitter

**Fra:** Vigdis Rotlid Vestad [mailto:fmmrvive@fylkesmannen.no]
**Sendt:** 8. januar 2018 16.02
**Til:** Teslo Jørgen <Jorgen.Teslo@kmd.dep.no>
**Kopi:** Brøste, Rigmor <fmmrribr@fylkesmannen.no>; Solholm, Lodve <fmmrloso@fylkesmannen.no>; Arne Sandnes <Arne.Sandnes@norddal.kommune.no>
**Emne:** Spørsmål om grensejustering eller deling i Norddal kommune

Til Kommunal- og moderniseringsdepartementet
v/Jørgen Teslo

Fylkesmannen har fått i oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet å utgreie søknaden om grensejustering for bygdene Norddal og Eidsdal i Norddal kommune. I høve spørsmål frå Norddal kommune datert 27.11. 2017,sjå vedlegg, ringte eg til deg for å få eit svar på om søknaden skulle definerast som grensedeling eller grensejustering, jf. brevet frå Norddal kommune. Svaret var at Fylkesmannen skulle halde seg til oppdraget vi hadde fått, som er utgreiing av ei grensejustering for bygdene Norddal og Eidsdal til Stranda kommune, jf. brev frå dykk datert 28.09. 2017. Dette svaret ga eg vidare til ordførar Arne Sandnes på telefon.

I e-post frå ordførar Arne Sandnes datert 05.01. 2018 ynskjer han ei nærare grunngjeving på kvifor denne søknaden frå bygdene Norddal og Eidsdal blir definert som ei grensejustering og ikkje ei grensedeling, jf. inndelingslova.

Fylkesmannen ber venlegast Kommunal- og moderniseringsdepartementet om å svare Norddal kommune v/ordførar Arne Sandnes på deira førespurnad.

Vi viser til vedlagte korrespondanse.

Med vennlig hilsen

**Vigdis Rotlid Vestad**
**Seniorrådgivar**
**Innovasjon og samordning**